



Høgskulen  
på Vestlandet

# MASTEROPPGÅVE

Høgsensitiv eller meir sensitiv enn andre?

Highly sensitive or just more sensitive  
than others?

**Rebecca Vihovde**

Master i spesialpedagogikk

Institutt for pedagogikk, samfunnsfag og religion

Rettleiar: Kirsten Flaten

Innleveringsdato: 16.05.22

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

## Innhold

|   |    |
|---|----|
| Samandrag.....                                  | 3  |
| Summary .....                                   | 4  |
| Forord .....                                    | 6  |
| 1.0 Innleiing.....                              | 7  |
| 1.1 Bakgrunn for val av tema.....               | 7  |
| 1.2 Problemstilling .....                       | 7  |
| 1.3 Avgrensingar og oppbygging av oppgåva ..... | 8  |
| 2.0 Teori .....                                 | 8  |
| 2.1 Omgrepsavklaring .....                      | 10 |
| 2.1.1 Det særleg sensitive mennesket .....      | 10 |
| 2.1.2 Biologisk sensitivitet .....              | 16 |
| 2.1.3 Sensitive gutar vs. Jenter .....          | 16 |
| 2.2 Kritikk av omgrepet .....                   | 17 |
| 2.2.1 ADD, ADHD, asperger og autisme .....      | 18 |
| 2.2.3 Må vi setje alle i bås?.....              | 18 |
| 2.2.4 Er du særleg sensitiv? .....              | 19 |
| 2.3 Tidlegare forskning .....                   | 20 |
| 2.3.1 Transaksjonsmodellen.....                 | 21 |
| 3.0 Metode.....                                 | 22 |
| 3.1 Forskarrolla.....                           | 25 |
| 3.1.1 Førforståing .....                        | 25 |
| 3.2 Kvalitativ og kvantitativ metode .....      | 26 |
| 3.2.1 Val av metode.....                        | 27 |
| 3.3 Kvantitativ del .....                       | 29 |
| 3.3.1 Den kvantitative spørjeundersøkinga ..... | 29 |
| 3.3.2 Utforming av spørjeskjema .....           | 30 |
| 3.3.3 Val av populasjon og utval.....           | 31 |
| 3.3.4 Pilotstudie.....                          | 32 |

|   |    |
|---|----|
| 3.3.5 Svarprosent og fråfall .....                                | 33 |
| 3.3.6 Generalisering .....  | 35 |
| 3.3.7 Statistisk analyse .....                                    | 35 |
| 3.4 Kvalitativ del.....   | 37 |
| 3.4.1 Vitskapleg grunnlag for kvalitativ metode .....             | 37 |
| 3.4.2 Tekstdata frå spørjeundersøkingane.....                     | 38 |
| 3.4.2 Analytisk tilnærming.....                                   | 39 |
| 3.5 Generell del.....   | 40 |
| 3.5.1 Forskingsetisk omsyn.....                                   | 40 |
| 3.5.2 Reliabilitet og validitet.....                              | 42 |
| 3.5.3 Kjeldekritikk.....  | 45 |
| 4.0 Presentasjon av data.....                                     | 47 |
| 4.1 Presentasjon.....   | 48 |
| 4.2 Bakgrunnsvariablar.....                                       | 48 |
| 4.2.1 Kjønnskilnadar .....  | 50 |
| 4.3 Sensitive gutar og jenter .....                               | 52 |
| 4.4 Høgsensitiv eller <i>berre</i> meir sensitiv enn andre? ..... | 53 |
| 4.5 Særleg sensitive trekk .....                                  | 54 |
| 4.6 Kritikk av omgrepet .....                                     | 58 |
| 5.0 Analyse og drøfting av data .....                             | 58 |
| 5.1 Bakgrunnsvariablar .....                                      | 59 |
| 5.2 Sensitive gutar og jenter .....                               | 60 |
| 5.3 Høgsensitiv eller <i>berre</i> meir sensitiv enn andre?.....  | 62 |
| 5.4 Særleg sensitive trekk .....                                  | 64 |
| 5.5 Kritikk av omgrepet.....                                      | 66 |
| 6.0 Avslutning .....  | 68 |
| 6.1 Studiens utgangspunkt.....                                    | 68 |
| 6.2 Studiens viktigaste funn .....                                | 68 |
| 6.3 Vegen vidare .....  | 69 |
| Litteraturliste .....   | 70 |

## Samandrag

**Bakgrunn:** Det særleg sensitive individet er eit nokså nytt omgrep innanfor forskning. Elaine Aron (2015) er det fremste forskaren på feltet og legg sjølv fram at ho er særleg sensitiv. Anna forskning har vist at det kan finnes ulik grad av sensitivitet, og dette synes eg var interessant å sjå vidare på. Det viktigaste omhandla å finne ut av kunnskapsnivået til dei som skal møte desse barna kvar dag.

### Problemstilling

«Kva kunnskap har personalet i norske barnehagar om særleg sensitive barn?»

### Metode

I denne forskinga er det nytt både kvalitativ og kvantitativ metode for å belyse problemstillinga. Innanfor den kvalitative metoden er det nytta tekstanalyse. Den er nytta for å belyse kva dei opne spørsmåla i undersøkinga seier. Spesielt interessant var det å sjå kommentarar som ikkje handla om det spørsmåla lurte på, men at informantane valde å seie meininga si i kommentarfeltet.

Den kvantitative metoden består av eit spørjeskjema som er sendt ut på to måtar. Spørjeskjemaet i denne samanhengen var likt, og den eine vart sendt ut til barnehagar på mail, mens den andre vart lagt ut i 2 ulike facebookgrupper.

### Resultat

Det kan sjå ut til at det er middels god kunnskap ute i dei norske barnehagar kring omgrepet særleg sensitive barn. Som heilskap var det 81,4% av respondentane i spørjeundersøking 2 som hadde kunnskap kring dei særleg sensitive barna, og i spørjeundersøking 1 var det 76% som hadde kunnskap. Respondentane rangerte seg sjølv på ein skala frå 1 til 10, og gjennomsnittet låg om lag på 5. Det viktigaste funnet er då at det *finnes* kunnskap ute i norske barnehagar kring omgrepet, og at desse barna forhåpentlegvis kan bli møtt.

Det har kome fram skeptiske meiningar undervegs som har gjort at ein må tenkje og får reflektert over omgrepet. Er det slik at vi må kalle nokon for særleg sensitiv, eller kan ein gradere det ned til å seie at nokon er meir sensitiv enn andre? Nokre av respondentane prata om diagnostisering og likte ikkje at ein alltid skal diagnostisere. Særleg sensitiv er eit personlegdomstrekk og ikkje ein diagnose, og då kan det å belyse dette for respondentane vere nok til at dei forstår at vi gjerne må seie noko om desse barna for at dei skal bli forstått slik dei fortener.

## Summary

**Background:** The particularly sensitive individual is a fairly new concept within research. Elaine Aron (2015) is the foremost researcher in the field and she herself states that she is particularly sensitive. Anna's research has shown that there can be different degrees of sensitivity, and I think this was interesting to look at further. The most important thing is to find out the level of knowledge of those who will meet these children every day.

### **Problem statement**

"What knowledge do the staff in Norwegian kindergartens have about particularly sensitive children?"

### **Method**

In this research, both qualitative and quantitative methods are used to shed light on the problem. Within the qualitative method, there is useful text analysis. It is useful for shedding light on what the open questions in the survey say. It was especially interesting to see comments that were not about what the question was wondering about, but that the informants chose to say their opinion in the comments field.

The quantitative method consists of a questionnaire that is sent out in two ways. The questionnaire in this context was the same, and one was sent out to kindergartens by email, while the other was posted in 2 different Facebook groups.

### **Result**

It may seem that there is moderately good knowledge in the Norwegian kindergartens about the concept of particularly sensitive children. As a whole, 81.4% of the respondents in survey 2 had knowledge about the particularly sensitive children, and in survey 1, 76% had knowledge. The respondents ranked themselves on a scale from 1 to 10, and the average was about 5. The most important finding is that there is knowledge in Norwegian kindergartens about the concept, and that these children can hopefully be met.

Skeptical opinions have emerged along the way that have made one have to think and reflect on the concept. Is it that we have to call someone particularly sensitive, or can one grade it down to say that some are more sensitive than others? Some of the respondents talked about diagnosis and did not like that one should always diagnose. Particularly sensitive is a personality trait and not a diagnosis, and then clarifying this for the respondents may be enough for them to understand that we are happy to say something about these children in order for them to be understood as they deserve.

## Forord

2018 var året då eg skulle vere heilt ferdig med alle studiar, og eitt nytt liv som barnehagelærer skulle starte. Eg hadde allereie søkt på master i spesialpedagogikk på gøy, for *det kunne jo hende eg kom inn*. Og det gjorde eg. Då eg starta visste eg allereie kva oppgåva skulle dreie seg om, og det var særleg sensitive barn, som ei vidareføring av bacheloroppgåva eg leverte januar 2018.

Då fristen i mai 2021 nærma seg, var eg dårleg på grunn av svangerskap og måtte utsette oppgåva. Til august. Til september. Til november. Den vetle jenta mi blei født ei veke før innleveringsfrist, og eg måtte utsett ein gong til. Mai 2022 vart siste frist for å levere, og nå er vi her, og det kjennes heilt fjernt, men veldig godt. Nå har eg den ikkje lenger på mi skulder og kan forhåpentlegvis puste letta ut.

Tusen takk til familie og venner som har gitt gode råd og støtta gjennom heile prosessen, og ei stor takk til dei frivillige respondentane som har svara på spørjeundersøkingane mine, og har gitt meg moglegheit til å omarbeide data, slik at eg faktisk fekk ei oppgåve å levere til slutt.

Eg må takke rettleiaren min, Kirsten Flaten, som har vore med meg gjennom alle fristane. Sjølv om eg ikkje hadde rett på rettleiing på eitt tidspunkt, var du likevel tilgjengeleg og gav gode råd og fine ord. Eg hugsar første gong eg sende deg eit utkast av oppgåva, og eg fekk halvparten tilbake. Med raud skrift. Då tenkte eg at dette vil eg ikkje ha noko av, men gurimalla så god hjelp du har gitt meg, og som eg har teke med meg vidare i skriveprosessen når eg ikkje har hatt moglegheit til å få noko særleg rettleiing.

## 1.0 Innleiing

### 1.1 Bakgrunn for val av tema

Då eg leverte bacheloroppgåva mi januar 2018, såg eg meg ikkje ferdig med temaet særleg sensitive barn. Eg hadde fått svar på spørsmål som eg ikkje kunne drøfte vidare, og difor vil eg drøfte noko av dette vidare i masteroppgåva mi. Eit av funna var at informantane sa at dei hadde lite kunnskap om særleg sensitive barn. Dette er eit viktig funn, særleg med tanke på at Elaine Aron hevdar at kvar femte person er særleg sensitiv. Alle barn skal bli møtt ut i frå deira føresetnadar og behov, difor tenkjer eg det er hensiktsmessig at personalet i barnehagen tileignar seg kunnskap for at desse barna skal få eit godt barnehagetilbod (Utdanningsdirektoratet, 2017, s.8). Sjølv om eg fann utav dette i bacheloroppgåva, såg eg likevel på det som viktig å sjå nærare på det. Kva kunnskap finnes eigentleg i norske barnehagar kring omgrepet, og er det skilnadar på om det er ein barnehagelærer, fagarbeidar, om dei er 25 eller 55 år eller om det er mann eller kvinne? Dette ser eg på som interessant, for om det er store skilnadar, vil det jo vere interessant å drøfte kva som kan gjere at skilnadane er der. Har interesse noko å seie? Arbeidsmiljø? Kvar vedkommande tok utdanninga si?

Dei særleg sensitive barna treng ikkje nødvendigvis spesialpedagogiske hjelp, men om barna gong på gong ikkje blir forstått, kan dei etterkvart trenge hjelp. Særleg sensitive barn vil difor vere viktig innanfor det spesialpedagogiske fagfeltet, men då vil eg særleg trekke fram at det er viktig med tanke på førebygging.

Eg ynskjer å løfte temaet særleg sensitive barn opp i vinden. Eg vil med denne oppgåva sjå på kva kunnskap som finnes om dei særleg sensitive barna blant personell i barnehagar rundt om i Noreg.

### 1.2 Problemstilling

Særleg sensitive barn i barnehagen er det eg ynskjer å ha som gjennomgåande tema i oppgåva, og med utgangspunkt i dette har eg kome fram til følgjande problemstilling:

**«Kva kunnskap har personalet i norske barnehagar om særleg sensitive barn?»**

Ei kvantitativ spørjeundersøking er hovudverktøyet som skal hjelpe meg med å svare på problemstillinga. Det blir òg nytta kommentarar frå dei opne spørsmåla i spørjeundersøkinga, for der kom det fram fleire ulike synspunkt som eg tenkjer er viktige å få med.

For å svare ordentleg på problemstillinga, vil eg prøve å samanlikne ulike grupper og om dette kan ha noko å seie for kunnskapsnivået deira. Er det skilnadar på menn og kvinner og ut i frå kva utdanning



dei har?

### 1.3 Avgrensingar og oppbygging av oppgåva

I teksten vil ein bli møtt av både omgrepet «særleg sensitiv» og «høgsensitiv». Omgrepa tyder det same.

Elles blir orda forskning, undersøking, masterprosjekt og prosjekt brukt for å skildre denne masteroppgåva i teksten, og i denne samanhengen tyder desse orda det same. Grunnen til at det vart nytta ulike omgrep for å skilje både temaet og masteroppgåva er berre for at det skal bli språkleg variasjon, og at det skal bli ein betre flyt og at det gjer det kjekkare for lesaren.

## 2.0 Teori

Barn og elevar med behov for særskild behov er regjeringa oppteken av at skal få hjelpen dei treng av personar med relevant fagkompetanse og så snart dei treng hjelpen. Barnehagane skal kunne gi eit godt inkluderande og tilpassa tilbod til alle barn i barnehagen, og dette må bli gjort saman med støttesystema. Mange av barna som treng særskild tilrettelegging blir følgd opp av assistentar som ikkje har relevant fagkompetanse. Det viser seg at behovet for spesialpedagogisk tilbod aukar utover i barnehageløpet, truleg på grunn av at hjelpa kjem for seint (Kunnskapsdepartementet, 2019, s.42).

Barnehagen har eit ansvar for å sikre det enkelte barnets behov og at utbyttet til barnet blir best mogleg. Eit godt barnehagemiljø er noko alle har rett til. Regjeringa er oppteken av at barna så raskt som mogleg får den hjelpa dei treng, noko som føresett at dei ulike tenestene kring barnet samarbeider og at kompetansen er nær barna i barnehagen i det inkluderande fellesskapet (Kunnskapsdepartementet, 2019, s.48). Dei særleg sensitive barna er ikkje nødvendigvis barna som treng spesialpedagogisk hjelp frå start av, men dei kan trenge denne hjelpa om det ikkje finnes personell i barnehagane som forstår dei og deira behov.

Sensitive barn er eit stort omgrep som omfattar sensitive barn på ulike måtar. Det er eit stort omgrep, og korleis omgrepet blir forstått og brukt, avhenger av korleis dei profesjonelle kring barna og barnas føresette følgjer med i utviklinga av forskning på feltet. Fagpersonar som er gode på å følgje med på forskning og korleis faget utviklar seg, kan vere med på å bidra til at barnet utviklar potensialet sitt i ei positiv retning, kontra ei negativ retning. Verdien og nytten til omgrepet er i stor grad avhengig av fagpersonens horisont av evne og kunnskap til å forvalte det dei kan på ein konstruktiv måte, kontra ein destruktiv måte (August & August, 2016, s.215).

Hjernen er på sitt mest formbare dei tre første åra av eit barns liv. Desse åra er avgjerande for læring og utvikling. Eit godt grunnlag desse åra er med på å auke sannsynet for at barnet får ei god utvikling vidare. Relasjonen, samspelet og kommunikasjonen barnet har med omsorgspersonane denne perioden er avgjerande for korleis barna utviklar seg vidare. Gode relasjonar til omsorgsfulle vaksne og som responderer på signala barna gir, og som hjelp dei med å takle utfordringar er barna avhengige av. Barna treng å bli stimulert, oppleve nærleik, beskyttelse, trøyst og å bli stimulert (Departement, 2019, s.22). Det er viktig at fagpersonane forstår barnas behov, både at dei er i stand til å møte dei sensitive barna der dei er, samtidig som ein har forståing for at personlegdomstrekket òg kan verke utfordrande (August & August, 2016, s.138). Personlegdom handlar om alle måtar eit barn reagerer på, altså, barnets typiske veremåte. Dette inkluderer òg reaksjonsmåtene der kjenslene til barnet ikkje er direkte involvert (Haugen, 2015, s.122).

Det høgsensitive individet blir sett på som sårbar i miljø som er krevjande, samtidig som dei er fødd med spesielle evner. Dei har eit behov for støtte og beskyttelse frå omsorgspersonane for at dei skal trivast (Edenroth-Cato, 2020, s.443). Ein barnehagekvardag i eit miljø som gir trygg og god utviklingsstøtte er det barna treng, kvar dei samtidig kan få stimulering i ulike ferdigheiter (Flaten, 2018, s.25). Det er fleire fordelar med dette trekket, blant anna ved at dei særleg sensitive individa ser kva andre treng, noko som er essensielt for å få til gode samarbeidsforhold og tillit blant menneske (Acevedo, 2014, s.581).

Under paraplyomgrepet «sensitive barn» kan ein nemne fordelssensitivitet, Biologisk sensitivitet ovanfor kontekst (biological sensitivity to context), sensorisk prosesseringssensitivitet (sensory processing sensitivity) og forskjellig mottakelegheit (vantage sensitivity). Eit anna omgrep er miljøsensitivitet (environmental sensitivity), og det handlar om at alle desse teoriane anerkjenner at det sensitive barnet blir meir forma av miljøet barnet blir omgitt av (August & August, 2016, s.17). Sensorisk prosesseringssensitivitet (SPS) blir skildra som grunnleggjande eigenskapar som fangar opp individuelle skilnadar i følsemd knytt til eksterne og indre stimuli. Personar som scorar høgt på skalaen for sensorisk prosesseringssensitivitet (SPS-skalaen) har auka djupare prosessering av stimuli og auka sensorisk følsemd (Lionetti et al, 2019, s.138). Nemninga «sensitivitet i sanseomarbeiding» (SPS) skal vere med på å understreke at den djupe omarbeidinga av inntrykk er det som kjenneteiknar trekket. Kjenslemessig påverknadar som inspirera barnet til å ha meir omfattande og inngåande refleksjonar over opplevingane sine er det den djupe omarbeidinga spring ut frå (August & August, 2016, s.23).

SPS er ein medfødt eigenskap som blir assosiert med at ein har større følsemd for sosial stimuli og omgjevnadane (Acevedo et al, 2014, s.580). Det er eit personlegdomstrekk som er basert på ulike kriteria og dei blir sett på som menneske som er meir sårbare og sensitive enn gjennomsnittet. Personlegdomstrekket er genetisk forankra og det er noko ein er fødd med. Menneske fødd med dette personlegdomstrekket er truleg meir merksemd på det som skjer i omgjevnadane, dei kan lett bli overopphissa og overstimulert og dei har ein lågare terskel for å ta inn ulike inntrykk rundt dei (Edenroth-Cato, 2020, s.443). Samanlikna med mindre sensitive individ, har dei høgsensitive ei større sjanse for å bli overstimulert (Jonsson, Grim & Kjellgren, 2014, s.1497). Hjernen til det høgsensitive individet prosessere informasjon på eit djupare plan (Edenroth-Cato, 2020, s.444). Det at dei prosesserer informasjonen djupare gir dei høgsensitive eit rikt indre liv, samtidig som dei reagerer meir emosjonelt, både negativt og positivt (Jonsson, Grim & Kjellgren, 2014, s.1497).

At det særlege sensitive barnet reagera sterkare på inntrykk er ikkje ei mangelfull omarbeiding av inntrykk eller eit handikap. Det sensitive barnet kan på same nivå som andre barn delta i kvardagslege aktivitetar, og kan klare seg strålande om det ikkje blir overveldande. Det er viktig at det sensitive barnet byggjer opp ferdigheiter som gjer barnet i stand til å delta i ulike samanhengar. Ved at barnet sjølv og andre rundt forstår dei følsame reaksjonane kan ein ta omsyn på ein måte som fremjar ei positiv tilpassing (August & August, 2016, s.24).

Det er viktig å tenkje på at ingen har alle trekka som finnes under omgrepet særleg sensitiv, men mange av trekka er gjennomsnittsskilnadane på det enkelte individet. Når ein samanliknar dei særleg sensitive menneska og andre menneske er det fleire punkt som forklarar det særleg sensitive individet. Dei særleg sensitive er blant anna utruleg samvitsfull, kan konsentrere seg djupt, særleg god på oppgåver som krev at ein er nøyaktig, hurtig og vaken, at ein omarbeider tankar og informasjon djupare, tenkjer over det faktum av at ein tenkjer, kan lære noko utan at ein veit at ein har lært noko, blir djupt påverka av andre sine kjensler og sitt humør og er flinkare til å unngå feil og å finne feil (Aron & Kraft, 2013, s.30-31).

## 2.1 Omgrepsavklaring

### 2.1.1 Det særleg sensitive mennesket

Om lag 15-20% av alle menneske er særleg sensitive og prosenten er lik uavhengig om ein er gut eller jente (Aron, 2015, s. xi). Det å vere særleg sensitiv er ein variant av eit medfødt menneskeleg temperament, men dette trekket blir òg funnet hos fleire ulike artar (Aron, 2015, s.35).

Temperamentet er ein viktig del av barnets personlegdom (Haugen, 2015, s.119). Temperament

handlar om kva reaksjonsformer og lynne ein har. Det er med på å forklare variasjon i merksemd, åtferd og kjensler, og ein kan sjå temperamentet igjen når negative og positive kjensler blir aktivert og kjem til uttrykk. Temperamentet er i utgangspunktet medfødt, men miljøet er òg med på å påverke temperamentet. Det er ein måte for omgjevnadane å sjå korleis personen kjem til å reagere, kva utfordringar det trengst støtte til og kva utfordringar det er behov for. Eit særleg sensitivt menneske vil ofte vere forsiktige i nye situasjonar og overgangssituasjonar. Dei kan bruke lang tid på å «varme opp» i nokre situasjonar (Brandtsæg et al, 2013, s.62; Flaten, 2018, s.59; Haugen, 2015, s.122).

Korleis dette temperamentet blir vist hos det enkelte individet er ulikt og vil variere frå person til person, tross for at ein hovuddel av mønstra og mekanismane er felles. Det er situasjons- og personsbestemt korleis karaktertrekket visar seg og utviklar seg i praksis. Det særleg sensitive mennesket møter verda med kjenslene som sitt utgangspunkt, og graden av sensitivitet vil variere frå barn til barn (Haukedal, 2014, s.23; Svaton et al, 2017, s.17).

Om lag 70% av dei særleg sensitive er tilbaketrekt og forsiktige, dei er altså introverte. Stillheit og ro er noko fleirtalet søker mot, dei tenkjer seg om før dei tør å ta sjansar og før dei kastar seg ut i noko, og har ein tendens til å trekkje seg tilbake om det blir for mykje. Barn som er tilbaketrekt og engstelege er ofte vanskelegare å oppdage på grunn av at dei er forsiktige og inneslutta. Korleis barnet utviklar seg og gir uttrykk for kjenslene sine er i stor grad avhengig av omgjevnadane barnet er i. Det er avgjerande at dei vaksne i barnehagen støttar barnet i kjenslene sine og for relasjonen med barnet (Nordahl, 2018, s.75; Svaton et al, 2017, s.16). 30% dei særleg sensitive er ekstroverte. Dei er utåtvende og spenningssøkande og har eit behov for å delta i aktivitetar som byr på spenning og fart og søker gjerne mot det ukjende, ved å gå i stadig bratte skibakkar eller å leike med nye leikekameratar. Sjølv om dei kan verke utåtvende, har dei samtidig eit behov for å late batteria i einerom. Det kan dermed bli ein hårfin balanse mellom behovet for stillheit og ladetid og trongen for å delta i aktivitetar (Svaton et al, 2017, s.16-17).

Nokre av dei særleg sensitive er tilbakehaldne, mens nokre er aktive og oppsøkande. Nokre har problem med låg sjølvkjensle og stress, mens andre er velfungerande sosialt. Dette er eit samspel mellom både genar og miljø, og er med på å avgjere om dei særleg sensitive blir ekstra sårbare eller særleg ressurssterke. Det har vist seg at det er ein samheng mellom kor godt dei særleg sensitive fungerer i kvardagen, samt kor trygg tilknytning barnet har til barnehagepersonell og omsorgspersonane sine. Dette gjeld alle barn, men sansane til dei sensitive barna gjer at miljøet, både på godt og vondt, får ei større konsekvens for dei (Svaton et al, 2017, s.21).

Kva vil det seie å vere særleg sensitiv? Menneske som blir rekna som særleg sensitive er fødd med ein tendens til å leggje merke til meir i omgjevnadane og reflektere djupare kring alt, før dei handlar, samanlikna med andre menneske. Eit resultat av dette er at særleg sensitive individ er meir smarte, intuitive, kreative, empatiske, forsiktige og samvitsfull. Dette gjeld både barn og vaksne. Særleg sensitive individ er meir klar over effekten konsekvensane har om ein gjer noko dumt, og dermed er det mindre sannsyn for at desse personane gjer noko galt (Aron, 2015, s.7).

Det særleg sensitive mennesket blir karakterisert med eigenskapar som er prega av ein pause før ein handlar. Desse eigenskapane inkluderer sjenanse, introversjon og nevrotisme, biologisk følsemd for kontekst og åtferdshemming (Jagiellowicz et al, 2014, s.38)

Det er vist at eit høgsensitivt individ har større eit større sannsyn for å vere meir sensitiv ovanfor koffein, smerte og medisinar, samtidig som dei har ei større risiko for å utvikle somatiske problem, som til dømes hovudverk, migrene, kronisk fatigue, og kronisk smerte. Dei har òg eit større risiko for å utvikle psykiske problem, som depresjon, sosial fobi og angst (Jonsson, Grim & Kjellgren, 2014, s.1497).

Omgrepet særleg sensitiv blir beskrive med ein kombinasjon av fire eigenskapar, kvar alle eigenskapane er til stades hos dei særleg sensitive. Manglar nokre av desse eigenskapane, er det truleg ikkje omgrepet særleg sensitiv det er snakk om. Dei fire eigenskapane kan blir hugsa som DOES og står for: Djuptgåande omarbeiding av sanseintrykk, Overstimulering, sterke Emosjonelle reaksjonar og veldig Empatisk, og at ein er merksemd på Subtil stimuli (Aron, 2017, s.13).

#### *2.1.1.1 Djuptgåande omarbeiding av sanseintrykk*

Djuptgåande omarbeiding av sanseintrykk handlar om ein ubevisst refleksjon til det som skjer, og visar seg i at barn nyttar vanskelege ord for alderen sin, stiller djupe spørsmål, har problem med å ta avgjerd på grunn av at alle moglegheitene må bli vurdert, brukar lang tid på å finne seg til rette blant nye menneske eller i nye situasjonar på grunn av at ein må tenke gjennom og avgjere situasjonen før ein kan gå inn i han og at ein har utprega humoristisk sans (Aron, 2017, s.13). Det særleg sensitive individet nyttar «pause for å sjekke» før dei nærmar seg nye situasjonar (Acevedo et al, 2014, s. 589). Dette blir òg kalla «Behavioral inhibition system» (BIS) og blir brukt for å vurdere situasjonen ein er i og å samanlikne dei nye situasjonen med erfaringar ein har gjort seg tidlegare (Corr, 2008, s.11). Det særleg sensitive individet treng tid til å førdøye og venne seg til nyhendinga, samtidig som det er viktig at nye menneske og opplevingar blir introdusert gradvis. Endringar er med på å skape

emosjonelle reaksjonar hjå den særleg sensitive (Flaten, 2018, s.63)

For at andre personar skal møte dei særleg sensitive individa på best mogleg måte, kan det vere nyttig for dei å kjenne til graden personen er følsemd for prosessering av sanseintrykk. Då er det enklare å vite korleis ein skal prate til vedkommande og kva roller vedkommande tar i ulike situasjonar (Aron, Aron & Jagiellowicz, 2012, s.278).

Jagiellowicz et al (2014, s.45) har vist at særleg sensitive personar har auka hjerneaktivitet i relevante område og responstid når det skjer subtile endringar. Områda av hjernen som vurderer detaljer i sanseintrykk og samansetningar er i større grad aktivert hjå særleg sensitive enn ikkje-sensitive. Deltakarar som var langt oppe på skalaen for særleg sensitive individ, brukte lengre tid på å svare på oppgåver med mindre endringar (Jagiellowicz et al, 2014, s.43).

Ein anna studie såg på korleis særleg sensitive og ikkje-sensitive menneske reagerte på bilete av ukjente og nærpersonar. Studien visar både signifikant skilnadar av å sjå partneren sin glad versus å sjå ein framand person glad, og ved å sjå partnaren sin trist versus å sjå ein framand person trist for dei særleg sensitive. Hjå dei særleg sensitive individa blei det utløyst signifikant større intensitet av medkjensle, frykt, kjærleik, tristheit, vondt og angst, kontra ved å sjå ein framand person trist (Acevedo et al., 2014, s.585). I studien kunne ein sjå aktivitet av regionar i hjernen som involverte merksemd og bevisstheit. Andre nevrane aktivitetar fann ein i regionar i hjernen som involverte kjensler, meiningsdanning, empati og sensorisk informasjon, samtidig som ein kunne sjå resultat i regionar som blant anna involverte sjølvbevisstheit. Resultatet av studien framhevar korleis hjernen til den høgsensitive individet kan tilpasse seg andre sin respons og behov. (Acevedo et al, 2014, s.591).

Begge studiane tydar på at det særleg sensitive individet får ein høgare hjerneaktivitet enn vanleg i området kalla insula (Acevedo et al, 2014, s.590; Jagiellowicz et al, 2014, s.43)

«Insula er et viktig kontrollorgan i kroppen, med en rekke funksjoner knyttet til bevisstgjøring» (Holck, 2020). På grunn av at dette området til ei kvar tid tilpassar og registrerer informasjon om kroppens posisjon i forhold til omverda, kjensler og indre tilstander og ytre hendingar som vi i augneblikket er oppteken av, blir området òg kalla «medvitas sete». Eit særleg sensitivt menneske kan difor vere meir oppteken og merksemd på kva som går føre seg utvendig og innvendig, og då er det denne delen av hjernen som særleg er i arbeid (Aron, 2017, s.14).

#### *2.1.1.2 Overstimulering*

Stimulering handlar om kva som vekker nervesystemet, som gjer at nervane gnistrar med dei elektriske ladningane sine og fangar merksemda til personen det gjeld. Enkelte gonger veit vi ikkje kva vi blir stimulert av, om det er ein lyd, synsinntrykk eller ein ny situasjon. Stimuli kan både kome utan i frå og frå vår eigen kropp, som til dømes ved at vi er svoltne eller opplev smerte, samtidig som det kan kome frå fantasiar, tankar, minner og planar. Stimulering vil variere i varigheit og intensitet, som til dømes ved at ein lyd er høg eller svak. Effekten av stimuliane vil variere frå person til person (Aron & Kraft, 2013, s.28-29).

Det å vere særleg sensitiv kan skildrast som at fysiske og psykiske stemningar, inntrykk og stimuli blir sugen til vedkommande som om ein er eit menneskeleg trekkpapir. Lydar blir meir intense, sterkare og ein høyrer fleire av dei, noko som kan opplevast som invaderande. Lyd og lys kan overvelde, og alle inntrykka skal omarbeidast, organiserast og analyserast (Haukedal, 2014, s.59). Det andre kjende trekket til særleg sensitive individ er overstimulering, og det er det som blir skildra ovanfor. Ein person vil fortare enn andre bli fysisk og mentalt sliten av å vere merksemd på alt som skjer både utvendig og innvendig, samtidig som vedkommande omarbeider det grundigare enn andre. Då vil ein bli trøtt, overstimulert og sliten, og dette er i større grad tilfellet for høgsensitive barn, på grunn av at dei tenkjer mykje meir på alt nytt og registrerer meir enn andre barn. Overstimulering blir ein naturleg biverknad av dette (Aron, 2017, s.14-15). Overstimulering kan kome til syne ved at barnet får eit raserianfall, trekk seg tilbake eller ved apati (Svatun et al, 2017, s.17).

Alle menneskjer har det best når det verken er overstimulert eller kjedar seg, uavhengig om det er høgsensitive eller ikkje (Aron & Kraft, 2013, s. 26). Ein høgsensitiv person tar inn nivå av stimuli som andre ikkje tenker over. Dette kan vere synsinntrykk, fysiske inntrykk som smerte eller subtile lydar. Grunnen ligg ikkje i betre høyrsel, men truleg ein stad på veg til hjernen eller i hjernen, der sanseinformasjonen grundigare blir omdanna. Alt som skjer blir reflektert over, og ting blir sortert etter finare distinksjonar.

Det særleg sensitive mennesket har større bevisstheit om subtile skilnadar og inntrykk, og er difor meir intuitive. At dei er meir intuitive vil seie at dei arbeidar og plukkar seg gjennom informasjon delvis ubevisst eller ubevisst (Aron & Kraft, 2013, s.27).

Støy kan vere belastande, og kvar belastande det er, vil vere avhengig av om ein opplev situasjonen som meiningsfull, handterbar, velkjent eller trygg. Det sensitive barnet klarar i større grad utfordringa med sterke stimuli og støy langt betre om personane rundt er bevisst på at dei har eit større behov for omarbeiding og psykologisk trøyst og det er viktig å støtte dei i å regulere kjenslene. Ein kan sikre

at barnet har like vilkår som andre for utvikling og læring, og at dei ikkje følar seg skamfulle og feil over å vere annleis, ved å regulere stimuleringsnivået (August & August, 2016, s.25).

Dei sensitive barna sine behov for omsorg, kontakt og nærvær stig når stimuleringa blir kraftigare, langvarig og meir intens. Sensitive barn er meir avhengige av at vaksne rundt dei kan hjelpe dei med å avbalansere nervesystemet og roe ned på grunn av at dei reagera sterkare på stress. Eit sensitivt barn har større risiko for å utvikle kjenslemessige problem, helseproblem, psykiske lidingar og stress som ein konsekvens av at dei opplev belastningar og er utrygg knytt til fagpersonar i barnehage og skule eller foreldre.

Konsekvensen av at ein i kvardagen ikkje tar omsyn til at nokre barn er meir sensitive enn andre og hjelper dei med å takle kjenslene sine er at det sensitive barnet blir overstimulert og ikkje klarar å roe seg sjølv og kan dermed bli sett på som eit individuelt unntak. Dette kan gi ei negativ skildring av barnet, til dømes som vanskeleg, svært følsemd eller skrøpeleg (August & August, 2016, s.15).

Det vanlege menneskjer opplev som overstimulerende, vil verke utmattande for ein høgsensitiv person, og det kan føre til at dei blir så stressa at dei når eit kollapsnivå som blir kalla transmarginal hemning (Aron & Kraft, 2013, s.27; Pavlov, 1941, s.103). Transmarginal hemning er korleis ein person reagera på overveldande stimuli, og handlar om kvar raskt eit menneske når kollapsnivået. Den grunnleggande forskjellen til folk ligg i kvar raskt dei når dette nivået. Personane som når dette nivået raskast, har ein eigen type nervesystem (Aron & Kraft, 2013, s.27; Corr, 2020; Gray & Eysenck, 2017, s. 161). Hjø sensitive barn kan stress oppstå hyppig, noko som førar til at ein får vanskar med å tenke grundig og resonnere gjennom handlingane (Flaten, 2018, s.75).

Mange barn med behov for nærvær og ro har ofte problem med å roe seg og med overstimulering, særleg i samfunnet vårt kvar det er auka tempo, stimuli og kompleksitet (August & August, 2016, s.19). Overstimulering kan vere med på å påverke til at det høgsensitive individet ikkje greier å yte sitt beste (Aron & Kraft, 2013, s.28)

#### *2.1.1.3 Sterke emosjonelle reaksjonar og empati*

Sjølvrapportering frå fleire høgsensitive har vist at det høgsensitive mennesket blir sterkare påverka av andre personar sitt humør (Acevedo et al, 2014, s.

580). Sterke kjenslemessige reaksjonar er nært knytt til det å omarbeida i djupn. Kjenslene våre fortel kva vi skal lære av, hugse og leggje merke til. Hadde vi ikkje hatt emosjonar som motivasjonsfaktor, ville vi ikkje omarbeida noko i tilstrekkeleg grad for å hugse det. Sensitive barn er meir involvert i det



som skjer, noko som gjer det enklare å observere og hugse dei viktige lærdommane (Aron, 2017, s.16).

I sosiale situasjonar gjer dei høgsensitive dette heilt naturleg ved å vise innlevingsevne; dei forstår kva den andre gjer, og føler det den andre føler. Kombinerer ein empati med sterke kjensler vil ein få medkjensle og forståing. Eit høgsensitivt barn vil gråte lett, lese tankane dine, reagere om han gjer den minste feil, registrerer andre si fortvilning og følar alt djupt. Forsking tyder på at høgsensitive personar reagerer sterkare på både ubehagelege og behagelege fotografiar (Aron, 2017, s.17). Andre menneske sine reaksjonar, til dømes triste ansikt genererer meir aktivitet hjå det høgsensitive individet, og dette handlar om empati. (Aron & Kraft, 2013, s.269). Empati handlar om å respekt og vise omtanke for andre sine synspunkt og kjensler (Flaten, 2018, s.85).

#### *2.1.1.4 Merksemd for subtil stimuli*

Menneske som har personlegdomstrekket særleg sensitiv, visar ofte auka merksemd og bevisstheit kring subtil stimuli, og kan vere reaktive både ovanfor negativ og positiv stimuli. Dette gjer at dei særleg sensitive individa har ein tendens til å behandle stimuli på ein djupare måte og brukar informasjonen dei har fått og observasjonane dei har gjort seg til å lære, noko som kan vere nyttig i det noverande augeblikket, samtidig som det kan vere nyttig i framtidige situasjonar (Acevedo et al, 2014, s.581)

Å vere merksemd for subtil stimuli handlar om å vere merksemd på blant anna lukter, detaljar og udefinerbare lydar (Aron, 2017, s.18). Ordet subtil handlar om at ein har gode observasjonsevner for å kunne oppfatte noko spesielt. Noko hårfint som andre ikkje legg merke til (Gundersen, 2020). Eit høgsensitivt individ legg merke til hårfine nyansar, og dei har eit høgre nivå av kjensler og tankar som omarbeider inntrykka. Dette visar seg til dømes igjen når dei blir eldre og dei høyrer meir i musikken og legg merke til meir i eit kunstverk enn andre. Tonefall, ei lita oppmuntring, irettesetting og blick blir fort registrert. Når barnet blir overstimulert kan denne merksemda forsvinne. Då blir nervesystemet overbelasta (Aron, 2017, s.19).

#### 2.1.2 Biologisk sensitivitet

(Boyce & Ellis, 2005, s.)

#### 2.1.3 Sensitive gutar vs. Jenter

Det blir antatt at rundt 20% av befolkninga er høgsensitive, likt fordelt mellom gutar og jenter, noko som vil tilseie at om lag 20% av alle gutar er høgsensitive (Zeff, 2010, s.6).

Den høgsensitive guten kan lett bli overvelda av press, lydar og folkemengder og ha trøbbel med å sile ut stimuli. Desse gutane har ein tendens til å vere sensitiv mot valdelege filmar og smerte, samt dei kan òg bli svært ukomfortable av sterke lukter, store forandringar i livet og lys. Nervesystemet er skrudd saman på den måten at dei er meir vare og merksemde på å tilpasse seg miljøet og andre menneske. Dette gjer at dei lettare kan bli overstimulert av omgjevnadane.

Det å vere høgsensitiv er eit medfødt personlegdomstrekk som ein òg kan observere i om lag tjue prosent av dyrepopulasjonen. Generelt, reagerer den sensitive guten djupare visar fleire kjensler enn ikkje-sensitive gutar. Graden av psykologiske og emosjonelle reaksjonar varierer frå gut til gut. Ein sensitiv gut kan til dømes bli ukomfortabel av sterke lukter eller det å ha på seg klede som klør, mens ein anna gut kan reagere på høge lydar. Personlegdomstrekket har ein tett samanheng med introversjon, og ein antar at 70% av dei sensitive gutane er introverte, mens 30% av dei sensitive gutane er ekstroverte (Zeff, 2010, s.7).

Tross for at det er like mange gutar som jenter som er høgsensitive, finnes det kulturelle forventningar som seier noko om korleis kvinner og menn bør oppføre seg. Ifølgje kulturen skal ikkje menn vise kjensler, mens kvinner skal det. Gutar som er sjenerte og tilbaketrekte får negative reaksjonar (Aron & Kraft, 2013, s.94). Det å vere ein sensitiv gut kan vere utfordrande på grunn av samfunnet rundt dei. Gutane skal ikkje vise kjenslene som til dømes det å vere trist eller frykt, og dei blir gjerne fortalt at dei ikkje skal la ting plage dei. Det å ha det høgsensitive personlegdomstrekket kan difor vere vanskeleg for gutar (Zeff, 2010, s. 3). I fleire kulturar vil dei sensitive gutane bli sett på som unormale eller rare, tross for at trekket er nøytralt (Zeff, 2010, s.8). Det er meir som er sosialt akseptert av høgsensitive jenter enn av høgsensitive gutar, og det blir forventa at gutar skal vere meir hardhuda, aggressive og sjølv-kontrollerte når det kjem til kjenslene deira, noko som er det motsette av det dette personlegdomstrekket gjer med ein gut (Zeff, 2010, s.9).

Det interessante her er at baby gutar er meir emosjonelle og viser meir kjensler enn baby jenter gjer. Diverre er det slik at små gutar, har innan dei er fem år gamle, undertrykt alle kjenslene sine, utanom sinne, på grunn av at det er forventa av samfunnet (Zeff, 2010, s.121).

## 2.2 Kritikk av omgrepet

Pioneren på feltet, Elaine Aron, ser på seg sjølv som særleg sensitiv, og mykje av forskinga knytt til

omgrepet, er Aron sjølv involvert i (Aron & Kraft, 2013, s.18).

### 2.2.1 ADD, ADHD, asperger og autisme

Autisme, ADHD og høgsensitive har ein fellesnemnar. Alle desse gruppene består av barn som blir oppfatta som meir sårbare enn eit gjennomsnittsbarn. Å oppdra eit barn med ein klinisk diagnose, vil truleg vere meir utfordrande å oppdra enn eit barn som er høgsensitivt, sett i lys av dei sosiale rammene for kliniske diagnoser (Edenroth-Cato, 2020, s.3).

Det finnes likskap blant høgsensitive og barn med ADD. Nokre profesjonelle fagfolk hevdar at fleire høgsensitive eigentleg har ADD. Samtidig som likskap finnes, er det òg ting som ikkje liknar. Høgsensitive personar har ei større blodstrømming på høgre side av hjernen, mens personar med ADD har ei større strømming på venstre side av hjernen (Aron, 2015, s.28).

Forvirring tilknytt skilnadane mellom særleg sensitivitet, autisme, angstlidingar og ADHD har det vore fleire av (Svatun et al, 2017, s.24). Ein av grunnane til at autisme og asperger blir samanlikna med å vere høgsensitiv, er at barn med autisme og asperger er høgsensitive til dømes for sanseintrykk (Aron, 2015, s.30)

### 2.2.3 Må vi setje alle i bås?

I dagens samfunn er det stort fokus på diagnostisering av barn, og ein kan sjå på det som ei forenkling for våre med menneske om ein kan putte alle inn i ein kategori. Mange har fått god nytte av å få spesialpedagogisk hjelp, mens andre klarar seg utan. Personane rundt barna hadde klart å hjelpe fleire barn, hadde dei vore meir bevisste, tolerante, hatt større innsikt, innleving og forståing for at det er eit stort mangfald. Fokuset på diagnoser og alt som kan vere bekymringsfullt i ei barns utvikling, skapar stress hjå pedagogar og foreldre, samtidig som det kan skape stress hjå barnet sjølv. Normalitet og avvik er difor omgrep ein må diskutere (Flaten, 2018, s.25; NAKU, 2021; Svaton et al, 2017, s.10).

«classifications of people affect the people classified, how do we change in virtue of being classified, and how do the ways in which we change have a sort of feedback effect on our systems of classifications themselves?» (Hacking, 2004, s. 99). Ved å setje personar innanfor visse kategoriar, skapar ein nye måtar å vere på (Skarpenes & Nilsen, 2014, 429). Det å vere til dømes høgsensitiv, vil delvis vere bestemt av kategoriane ein brukar for å skildre desse menneska (Skarpenes & Nilsen, 2014, s. 430).

Det å vere særleg sensitiv er ikkje ein diagnose, men eit personlegdomstrekk. Det blir viktig at personane rundt barnet ikkje stigmatiserer og tolkar personlegdomstrekket som ein light-diagnose eller diagnose. Dette kan føre til at ein tenkjer at dei sensitive barna ikkje klarar seg, tross for at desse barna kan klare seg strålande om dei veks opp i eit overvegande miljø som er støttande og positivt. Det vil vere skadeleg for barnet om nemninga «sensitiv» blir brukt på ein diagnostiserande eller stigmatiserande måte, og ein vil truleg ikkje sjå styrkane barna har. (August & August, 2016, s.213). For å finne ut om eit barn er særleg sensitiv, skal ein fylle ut eit skjema med 23 påstandar. Scorar ein «riktig» på 13 eller fleire av påstandane, hevdar Aron at det er stor sannsyn for at barnet ditt er særleg sensitiv (Svatun et al, 2017, s.24). Det er ikkje utvikla normer for tolking av spørjeskjemaet, og dette skapar ein usikkerheit i vurderinga av det enkelte barnet (August & August, 2016, s.37).

Ei utfordring ein kan møte på er at personane rundt barnet tolkar sensitiviteten som ein «light diagnose» eller diagnose. Dette kan føre til stigmatisering, og det innebera at dei særleg sensitive barna blir sett på som avvikande, som kan føre til at dei blir sett på som mindreverdige. Det særleg sensitive barnet kan få ei negativ rolle om dei blir stempla, og det innebera forventningar om at dei avvikar frå ynskja norm. Konsekvensen av dette kan vere at barnet ser på seg sjølv som eit avvik og oppfører seg deretter (August & August, 2016, s.212). Det kan verta avgrensande for det særleg sensitive individet å bli satt innanfor ein kategori (NAKU, 2021).

Gjennomsnittsnormene er ikkje nødvendigvis ein god peikepinne for «vanlege» barns utvikling. At det er individualitet i barns utvikling er ikkje synonymt med avvik (Flaten, 2018, s.25). Klarar dei vaksne i barnehagen å sjå barns individuelle særtrekk, samtidig som dei kan ha dette i bakhovudet mens dei er i interaksjon med barna, visar respekt for barna og er med på å støtte dei i utviklinga deira (Flaten, 2018, s.24).

#### 2.2.4 Er du særleg sensitiv?

Det er utarbeida fleire testar for å finne ut om du som vaksen eller barnet ditt er særleg sensitiv (Svatun et al, 2017, s.24). Spørjeskjemaet for vaksne som er laga, er utarbeida på bakgrunn av intervju og spørjeskjema som vart sendt ut til tusenvis av menneske i Nord-Amerika, samt via 300 telefonintervju (Aron & Kraft, 2013, s.18).

Det er imidlertid kritikkverdig at spørjeskjemaet for barn byggjer på foreldra si tolking og meining av barnet deira (Aron, 2017, s.30). Spørjeskjemaet er ikkje vitenskapleg validert, slik som

spørjeskjemaet for dei vaksne er, og som den amerikanske psykologforeninga nyttar (Bjørkeng, 2014). Dette vil skape ei usikkerheit i vurderinga av det enkelte barnet. Resultatet spørjeskjemaet gir må sjåast og tolkast i samanheng med observasjonar ein gjer av barnet si åtferd i kvardagen, samt gjennom forståing av det å vere særleg sensitiv. Personlegdomstrekket må bli sett i samanheng med barnets livshistorie, oppvekstvilkår, andre trekk og i situasjonen spørjeskjemaet blir svara på (August & August, 2016, s.37).

I spørjeskjemaet for foreldre til høgsensitive barn, er det 23 påstandar. Svarar foreldra «RIKTIG» på 13 eller fleire av påstandane, er barnet ifølgje Aron truleg høgsensitiv (Svatun et al, 2017, s.24). Utsegna i spørjeskjemaet er for vide. Dette er trekk som dei fleste menneske kan svare ja på, og dei dekkjer ikkje noko om sensitivitet. Spørjeskjemaet blir ikkje brukt på Gitte Moos Knudsens forskningscenter på grunn av at det er for uspesifikt (Moltsen, 2016).

### 2.3 Tidlegare forskning

Forsking har identifisert forskjellige grupper for følsemd. Det blir antatt at det er tre, i staden for to grupper av følsemd. Særleg sensitive individ blir kalla orkidé, dei låg-sensitive blir kalla løvetann, mens på gruppa i mellom er det gitt eit forslag på tulipanar, då denne blomsten er vanleg, mindre skjør enn orkidéen og meir følsemd for klimaet enn løvetannen. Konklusjonen til dette er at ei lita gruppe blir sett på som høgsensitive, orkidéar, gruppa i midten er medium sensitive og blir kalla tulipanar, mens gruppa som er lågare sensitive blir kalla løvetann. Majoriteten av befolkninga vil ligge i midten, som ein tulipan (Lionetti et al, 2018, s.8).

Nokre menneske har genar som gjer dei hardføre som ein løvetann. Det gjer at dei klarar å overleve og røte seg nesten kvar som helst, uavhengig av opplevingar av betydeleg motgang. Då snakkar ein gjerne om resiliens. Resiliens handlar om å vere motstandsdyktig. Ein klarar å behalde helse og styrke, sjølv om ein er utsett for stress og påkjenningar. Ein resilient person er robust (Skre, 2020).

Mens andre har genar som gjer dei meir som ein orkidé. Desse personane er skjørare, og kontekstsensitive, men er likevel kapable til å blomstre om dei får vekse i rett miljø. Sviktar personane rundt barnet, vil orkideen avta, men under forhold med næring og støtte vil barnet blomstre med ein uvanleg skjønneleik (Boyce & Ellis, 2005, s.284; Dobbs, 2009, s.50; Skre, 2020). Eit orkidébarn reagerer både positivt og negativt på det sosioemosjonelle miljøet, og er truleg forma av dei genetiske disposisjonane, men miljøkreftene er med på å forme den fulle blomstringa av den nye orkidéen. Både løvetann og orkidébarn er produkt av ein interaksjon mellom både dei miljømessige

og genetiske påverknadane. Det er truleg interaksjonen mellom miljøet og genane som avgjer kvar barna landar på grafen, både når det gjeld åtferd og helse (Boyce, 2019, s.93; Lionetti et al, 2018, s.9).

Nokre forskarar meiner at ein anten er høgsensitiv eller er ein ikkje det, mens anna forskning tydar på at det kan vere ulik skallering av høgsensitivitet. Enkelte høgsensitive individ kan stå fram som meir sensitive enn andre, truleg på grunn av at omgjevnadane påverkar individa på forskjellige måtar (Aron, 2015, s.8).

### 2.3.1 Transaksjonsmodellen

Alle barn er i utvikling, og utvikling kan bli sett på som ei forandring i barns tenking og veremåte som skjer over tid. Dette er eit resultat av påverknad frå miljømessige og genetiske forhold. Ei utvikling kan vere både positiv og negativ for barnet (Haugen, 2015, s.18).

Ein modell for å forstå barns psykososiale utvikling er transaksjonsmodellen. Ein transaksjon er ei utveksling mellom minst to partar, kvar barnet er ein sentral aktør i eiga utvikling. Sosiale, biologiske og psykososiale forhold har ei gjensidig påverknad på kvarandre i barnets utvikling, og det handlar ikkje lenger om anten miljø eller arv (Drugli, 2013, s.17). Både arv og miljø spelar ei vesentleg rolle når eit barn er født (Haugen, 2015, s.13). Genane vil på nokre områder spele ei større rolle i barnets utvikling enn andre (Drugli, 2013, s.17).

Samvirke mellom miljø og individ i ein kontinuerleg prosess som alle deltek i, er teori som blir skildra i transaksjonsmodellen, òg kalla interaksjonsmodellen. Modellen visar korleis miljøfaktorar og individuelle faktorar påverkar barnets utvikling over tid. I denne modellen skjer det ei gjensidig påverknad over tid. Både barnet og miljøet forandrar seg over tid. Barnet påverkar omsorgsgivarane og miljøet sitt, og miljøet påverkar barnet. Omgjevnadane sine reaksjonar vil over tid påverke barnets åtferd (Drugli, 2013, s.17; Flaten, 2018, s.49; Haugen, 2015, s.17). Både forhold i skule, barnehage og hjelpetiltak er miljømessige forhold som vil vere med på å påverke barnet (Drugli, 2013, s.19).

I transaksjonsmodellen blir barnet sett på som ein aktiv aktør i eiga utvikling, og modellen innebera eit syn på utvikling der miljø og individ er i stadig endring. Det er eit gjensidig forhold mellom miljøet og barnet, og livsforløpet har vist at positive endringar kan kome heile livet. Barn som strevar i barndommen, kan få eit godt liv som vaksne. Desse individa er dei vi kallar «late bloomers» (Drugli, 2013, s.19).

Barn er aktive individ som er med på å påvirke omgjevnadane sine. Omgjevnadane vil endre seg noko, som ein reaksjon på veremåten til barnet. Dette vil igjen påvirke barnet på ein annleis måte. Transaksjonsmodellen er ein interaksjonsmodell som tar vare på gjensidig påverknad over tid (Haugen, 2015, s.16). Ein interaksjon mellom ulike faktorar, som til dømes miljø og genar gir eit resultat og resultatet av dette er med på å bestemme korleis barnets utvikling vil bli. Ved hjelp av ei diatese-stress-modell skal vi sjå på korleis ein vanleg interaksjon mellom miljøforhold og genetiske forhold er. Diatese tyder tendens til sjukdom eller sjukdomsanlegg. Eit barn kan til dømes ha ei genetisk sårbarheit for å utvikle eit mentalt eller emosjonelt avvik. Sårbarheita barnet har er ikkje nok til å åleine utvikle vanskane, men er avhengig av stress frå miljøet rundt barnet for at vanskane skal utvikle seg. Barnets toleranse evne og evne til å meistre blir overskrida på grunn av at stresset i miljøet er såpass sterkt. Nokre barn toler mykje stress, og det er barna som ikkje har ei diatese, til dømes løvetannbarn. Mens barn som har ei diatese toler mindre negative miljøopplevingar og stress (Haugen, 2015, s.15).

Scarr (1992, s.8-9) har utarbeida tre former for interaksjonar mellom miljø og barn: reaktiv, proaktiv og responsvekkande interaksjon.

- Reaktiv interaksjon handlar om at to barn kan reagere forskjellig på den same erfaringa. Ei irettesetting frå ein pedagog kan utløyse to ulike reaksjonar frå to barn med ulikt temperament.
- Proaktiv interaksjon handlar om at kva erfaringar barna vil gjere seg til ein viss grad er bestemt av barna sjølv, og dei kan på denne måten bidra til skaping av sitt eige miljø.
- Responsvekkande interaksjon dreier seg om at to personar med ulik personlegdom kan få fram ulike reaksjonar frå andre. Rolege og lydige barn blir gjerne behandla ulikt barn som er impulsive og urolege (Haugen, 2015, s.17; Scarr, 1992, s.9).

Ut i frå tankegangen i transaksjonsmodellen kan ein hjelpe dei særleg sensitive barna og gi dei støtta dei treng for å overkomme medfødt sårbarheit. Modellen bidrar til ei heilskapleg forståing av barnet sine behov, kvar tidleg intervensjon kan vere avgjerande. Det betyr at det blir satt i verk tiltak slik at ein kan bli hjelpe, ved hjelp av liten innsats. Vidare kan modellen sikre at personane rundt barna følg med på barnas utvikling over tid, og på denne måten kan hjelpe barna i seinare situasjonar som oppstår (Drugli, 2013, s.20).

### 3.0 Metode

Overflatisk, kan vitenskap bli definert som systematiske studiar av sosiale eller fysiske fenomen

Vitskapen er som regel erfaringsbasert eller empirisk, kvar vitskapleg kunnskap blir skapt i samspel mellom observasjonar og teori av røynda (Ringdal, 2018, s.37).

Ein av metodane innanfor vitskapen er samfunnsvitskaplege metodar. Denne metoden studerer i hovudsak mennesket som handlande og tenkande vesen (Ringdal, 2018, s.46). Sosiale fenomen og fakta er sentralt i studien. Samfunnsforskning handlar generelt om systematisk rekonstruksjon av sosiale fenomen og fakta. Det er ein overtydande rekonstruksjon når ideane og dei analytiske rammene vi har i hovudet når vi studera fenomenet, har eit samspel med data som blir samla inn og analysert systematisk ved hjelp av vitskapleg metode (Bukve, 2021, s.40). Samfunnsvitskaplege metodar er planmessige og systematiske framgangsmåtar for å utvikle teoriar og kunnskap om ulike aspekt ved det samfunnsmessige liv og virke til menneske (Grønmo, 2016, s.41). Det handlar altså om å kunne forklare samfunnsfenomen (Ringdal, 2018, s.48).

Empirisk samfunnsvitskap er i dagens samfunn prega av to hovudretningar, kvar ein skil mellom kvantitative og kvalitative forskingsstrategiar (Ringdal, 2018, s.54). Innanfor dei to retningane kan ein vele ulike metodar. Metode kan bli sett på som ein teknikk, og teknikken må vere underordna dei vitskapsteoretiske og faglege føresetnadane forskaren har. Når forskingsformålet og avgrensinga av forskningstemaet er gjort, er det tid for å vele metode (Bukve, 2021, s.96).

Metode kan bli definert på denne måten: "En metode er en framgangsmåte, et middel til å løse problemer og komme frem til ny kunnskap. Et hvilket som helst middel som tjener formålet, hører med i arsenalet av metoder" (Aubert & Alstad, 1985, s. 196). Metode som omgrep refererer til framgangsmåtane for gjennomføring og opplegg av spesifikk vitskaplege studiar (Grønmo, 2016, s.43). Metoden fungerer som eit reiskap og refererer generelt sett til metode som ein planmessig framgangsmåte for å nå eit bestemt mål. I vitskapen er målet å bygge kunnskap kring bestemte fenomen, vidare skal ein utvikle ei teoretisk forståing av kunnskapen. Metodane seier noko om korleis vi skal skaffe kunnskapen og utvikle teoriane og korleis vi sikrar at teoriane og kunnskapen oppfyller kravet til vitskapleg relevans og kvalitet på fagområdet som blir forska på. Grunnlaget for valet av metoden er at forskaren meiner at denne metoden eignar seg best i høve til å belyse ei bestemd problemstilling eller spørsmål (Dalland, 2017, s.51; Grønmo, 2016, s.41). Dagens forskarar ser på val av forskingsstrategi både ut i frå problemstillinga ein har laga seg, samtidig som kompetansen til forskaren er med på å påverke valet (Ringdal, 2018, s.109).

Bøker om metode skil mellom kvantitativ og kvalitativ metode, og ser på det som det sentrale valet ved utforming av forskingsdesignet (Bukve, 2021, s. 85). Bukve (2021, s.86) sluttar seg ikkje til dette



og skriv noko om at han hevdar det grunnleggjande valet innanfor designstrategi er mellom eit casesentrert og eit variabelsentrert perspektiv på datakonstruksjon. Den kvantitative metoden er truleg mest relevant innanfor eit variabelsentrert perspektiv, mens den kvalitative metoden er truleg mest relevant innanfor det casesentrerte perspektivet. Metodevalet er ikkje det valet som kjem først i designen, men er heller eit ledd i konkretisering av korleis strategi forskaren har vald for dataproduksjon i forskinga.

Variabelsentrerte strategiar handlar om å sjå datasett, og at det vi ser der er ein populasjon av einingar med eigenskapar som varierer. Dei varierende eigenskapane som er delar av ei eining er det som fattar interessa. Interesse er ikkje mot eininga i seg sjølv. Hovudmålet til variabelsentrerte strategiar er å utvikle teoretiske modellar og generaliseringar og å prøve ut teoribaserte hypotesar og teoriar (Bukve, 2021, s.98). Innanfor variabelsentrert design finn ein tverrsnittsdesign og det handlar om å samle inn data frå fleire einingar på same tid, og er den mest vanlege forma å nytte innan variabelsentrert design. Tverrsnittsdesign basert på spørjeundersøkingar er det forskingsopplegget i sosiologi som er mest brukt (Bukve, 2021, s.122; Ringdal, 2018, s.112).

Dei variabelsentrerte strategiane kan ofte bli kalla kvantitative design. Definisjonen på eit slikt design er at dei byggjer på data frå fleire einingar og kvantitative data. Forskingsobjekta som kan vere potensielle i ein variabelsentrert design blir oppfatta som ein populasjon. Populasjonen i designen er fleire einingar med variable eigenskapar. Typiske einingar kan vere grupper, individ, organisasjonar, stat, grupper og samfunn. Desse einingane kan vere på ulike nivå. Einingane kan bli skildra ved hjelp av variablar. Variablar kan definerast som ein dimensjon eller ein eigenskap ved ei analyseining. Slike variablar kan til dømes vere kjønn, utdanning, alder og politisk ståstad (Bukve, 2021, s.107). Dette finn ein òg i tverrsnittdesign kvar ein til dømes ynskjer å skildre samanheng mellom kjønn og utdanning (Ringdal, 2018, s.151).

Spørjeundersøkinga åleine er eit tverrsnittstudie innanfor eit variabelsentrert design, men på grunn av at denne studien kombinerer både kvalitativ tekstanalyse og kvantitativ spørjeundersøking, kan ein òg kalle det eit integrert design. Dette handlar om å nytte ulike strategiar for å samle inn data i den same studien. Det integrerte designet blir nytta for å gjere analysen meir robust, ved å kombinere ulike metodar (Bukve, 2021, s.151). Innanfor det integrerte designet finn ein triangulering, og det handlar om å analysere sosiale fenomen med ulike metodar og data i det same prosjektet (Bukve, 2021, s.153).

Å nytte ulike teoriar og metodar kan vere med på å auke ekstern og intern validitet, og det kan hjelpe

til å trekke meir pålitelege slutningar om samanhengar og målet om generalisering kan vere meir forsvarleg (Bukve, 2021, s.154).

### 3.1 Forskarrolla

Særleg sensitive barn er eit tema som står meg nært, og det er difor viktig å drøfte utfordringar som kan kome fram i lys av det. I utgangspunktet har eg allereie sett på omgrepet gjennom bacheloroppgåva mi, då eg fant det interessant på grunn av at eg har ei vetlesyster som er særleg sensitiv, og har etter eg blei vaksen grubla og tenkt over måtane ho har møtt andre menneske og situasjonar på. På grunn av dette, og oppgåva eg skreiv tidlegare, fekk eg ei forståing for korleis informantane i det prosjektet såg på kunnskapsnivået i barnehagen, men det er ikkje dermed sagt at dette er fakta, og at det er slik alle stadar.

#### 3.1.1 Førforståing

I alle møter med menneske bringer vi med oss bestemte føresetnadar. Førforståing, fordom og formeining blir desse føresetnadane kalla, og dei får blant anna stor avgjerd for forskaren sine tolkingar av sosiale handlingar, dokument og intervju (Järvinen & Mik-Meyer, 2017, s.128). Førforståing er eit produkt av våre personlege erfaringar og av samfunnet og tida vi lev, og det er språket som blir sett på som det viktigaste elementet i førforståinga i vår tids kunnskapsteori. Rammer og verktøy for å forstå verda er det språket som gir oss. Alle omgrep, som til dømes «bil» er meningsfulle for oss, og det hjelper oss med å kategorisere sanseintrykk, då dette er kognitive verktøy. Den kognitive verktøykassa vår er med på å hjelpe oss til å forstå og påverke korleis vi klassifiserer og forstår sanseintrykk (Bukve, 2021, s.31). Resultata i ei undersøking kan bli påverka av forskaren, og når det er vi sjølv som er instrumentet for å vurdere, tolke og samle inn data, krev det at vi er bevisst vår eigen forforståing, eigen ståstad og konteksten vi skal forske i (Dalland, 2017, s.47).

Røynda blir ikkje berre oppfatta gjennom sansane våre (Thurén, 2021, s. 66). Ingen kan forstå noko utan å ha ei førforståing. Alt vi ser og opplev, blir tolka (Thurén, 2021, s.68). Vår førforståing er med på å prege røynda og måten vi ser han på, både vitskapen og kvardagslivet. Førforståinga er ofte ubevisst. Rett førforståing kan bli kalla forkunnskap, mens feilaktig førforståing blir kalla fordom (Thurén, 2021, s.70).

I dette prosjektet går eg inn med ei førforståing av at det ikkje er særleg kunnskapsnivå i norske barnehagar kring særleg sensitive barn, men eg er open for å bli overraska. For meg handlar dette

ikkje om å stille nokon til veggs, men å først og fremst finne ut av om dei tilsette i norske barnehagar har kunnskap kring dei særleg sensitive, og om det visar seg at mi førforståing av at det ikkje er særleg kunnskap stemmer, då kan eg prøve å vere med på å fylle inn desse hola.

### 3.2 Kvalitativ og kvantitativ metode

Valet mellom den kvantitative og den kvalitative metoden kan bli sett på som ei val an vitskapsfilosofisk standpunkt eller eit pragmatisk val. (Ringdal, 2018, s.109). Kvalitativ og kvantitativ er vanlege metodar å nytte innan forskingsfeltet. Omgrepsparet kvantitativ og kvalitativ refererer i første omgang til eigenskapar ved data som blir analysert og samla inn (Grønmo, 2016, s.22). Kvantitative og kvalitative data er komplementære datatypar. Mange kvalitative forskingsopplegg vil ofte ha kvantitative element, samtidig som kvantitative analysar òg vil røre kvalitative forhold i mindre eller større grad (Grønmo, 2016, s.24).

Strukturering og fleksibilitet er to omgrep som skil kvalitativ og kvantitativ metode. Dei kvalitativ undersøkingane er ofte prega av fleksibilitet, kvar det metodiske opplegget kan endre seg i løpet av datainnsamlinga og at det kan bli nytta ulike måtar ovanfor ulike einingar ein møter på i undersøkinga. Den kvantitative forskinga er prega av struktur, kvar datainnsamlinga er prega av at det er fastlagt til dømes spørsmål, og dette kan ikkje bli endra undervegs. Her er hensikta av respondentane skal bli behandla på same måte og at alle skal ha same utgangspunkt for å svare på spørsmåla (Grønmo, 2016, s.145).

Ein av dei store skilnadane til kvalitative og kvantitative metodar er at kvantitative metodar som intervju og observasjon er basert på subjekt-subjekt-forhold mellom personane som blir studert og forskaren, mens i kvantitative metodar som spørjeskjema og strukturert observasjon, er forskaren distansert til personane som deltek i prosjektet.. I det kvalitative intervjuet har kontakten forskaren har med deltakaren ei avgjerande rolle for korleis data ein utviklar, mens i det kvantitative spørjeskjemaet er forskaren utanforståande og er ikkje i same grad med på å påverke resultatet. Avstanden til fenomenet som blir studert er altså ein stor skilnad (Ringdal, 2018, s.110; Thagaard, 2018, s.16). Det er eit større fokus på sensitivitet og nærleik ved den kvalitative tilnærminga, versus selektivitet og avstand i den kvantitative tilnærminga (Grønmo, 2016, s.145).

Ved kvalitative studiar kan ein få mykje kunnskap om få einingar, mens i kvantitative studiar kan ein få kunnskap om store utval. Kvantitativ metode nyttast om data som kjem i form av mengder eller reine tal og er ofte prega av eit strukturert design som blir basert på selektivitet og avstand i relasjon til

kjeldene. Grønmo, 2016, s.22; Thagaard, 2018, s.16). Data ein får i kvantitativ metode er samanliknbar, målbar, og tala ein får gir blant anna moglegheit for å rekne oss fram til gjennomsnitt eller å sjå prosent. Ein får informasjon om eit stort utval som er strukturert, og data ein får ut i frå den kvantitative metoden utformar ein som datamatriser med tal som ved hjelp av statistiske analyseteknikkar blir analysert (Dalland, 2017, s.52; Ringdal, 2018, s.111). Kvantitative skildring og måling blir meiningsfylt når sosiale fenomen visar ein stor stabilitet (Ringdal, 2018, s. 109).

Den sosiale verda blir konstruert av individas handling, og det er dette den kvalitative forskingsstrategien byggjer på. Det sosiale fenomenet varierer etter konteksten og er i kontinuerleg endring (Ringdal, 2018, s.109-110). Den kvalitative metoden har som formål å fange opp opplevingar, fortolkingar, eller meiningar som ikkje er mogleg å talfeste og undersøkingsprosessen er prega av fleksibilitet (Dalland, 2017, s.52; Thagaard, 2018, s.16). Den kvalitative forskaren ynskjer å sjå røynda som personane i forskinga sitt perspektiv, og forstå kva betydning ulike fenomen har for dei involverte. Røynda vi ynskjer å sjå nærare på, er allereie tolka av dei involverte (Järvinen & Mik-Meyer, 2017, s.10).

I den kvalitativ metoden blir det lagt vekt på observasjonar og nærleik til eit fåtal studieobjekt i deira naturlege omgjevnadar (Ringdal, 2018, s.110). Forskaren søker ei forståing av sosiale fenomen, anten ved å analysere visuelle uttrykk og tekstar eller ved å ha nær kontakt med deltakarane i felten ved observasjonar eller intervju (Thagaard, 2018, s.15). Ein utviklar forståing, teori og omgrep på bakgrunn av empirisk data. Den kvalitative metoden er altså induktiv (Järvinen & Mik-Meyer, 2017, s.11).

### 3.2.1 Val av metode

Ein kan skildre metode som det å følgje ein spesifikk veg mot eit mål. Forskaren blir utfordra til å skildre vegen og forklare kva val som blir tatt på vegen mot målet. Nokre gonger fangar ikkje metoden opp det vi ynskjer å undersøke, og nokre gonger blir ikkje undersøkinga gjennomført av forskaren på ein ideell måte. Forskaren må difor gjere greie for korleis metoden har påverka resultatet (Dalland, 2017, s.54).

Valet av metode kan få konsekvensar for arbeidet med prosjektet og kan verta avgjerande for moglegheita for å lukkast (Dalland, 2017, s.186). Kva metode ein vel, heng saman med teoretiske perspektiv og kunnskapsutvikling. Kva metode ein bør nytte, heng saman med kva samfunnsforhold ein ynskjer meir kunnskap kring og kva teori ein vil bruke (Grønmo, 2016, s.15). Valet er gjort av ein strategisk grunn, då eg føler denne metoden passar best til mi problemstilling (Grønmo, 2016, s.24).

Kvalitativ og kvantitativ metode er forskingsstrategiane ein skil mellom. Kvantitativ metode er basert på taldata, mens kvalitativ metode er basert på tekstdata (Ringdal, 2018, s.24). Problemstillinga og fenomenet ein ynskjer å studere skal vere utgangspunktet for valet av metoden. I denne masteroppgåva ynskja eg å sjå på kunnskapsbasen til dei tilsette i norske barnehagar, og då følte eg at eg måtte ha eit stort utval, kvar spørjeskjema passa best for å få flest mogleg til å svare. For å svare på problemstillinga nytta eg ein kvantitativ metode, kombinert med kvalitativ tekstanalyse for å analysere dei opne spørsmåla som kjem fram i spørjeundersøkinga.

Ved å nytte triangulering innanfor eit integrert design, kombinert med tverrsnittstudie innanfor variabelsentrert design, håpar eg at problemstillinga kan bli belyst best mogleg. Det blir skilt mellom ulike former for triangulering: forskartriangulering, datatriangulering, metodetriangulering og teoritriangulering. Metodetriangulering og datatriangulering heng saman, då det blir mogleg å kombinere ulike metodar på grunn av datatriangulering. Datatriangulering handlar om å samle inn data frå så mange kjelder som mogleg om eit teoretisk omgrep, og då har ein som mål å auke ekstern validitet. Ved å nytte datatriangulering kan ein samle inn data frå casesentrert eller variabelsentrert design, og ein kan kombinere kvalitativ og kvantitativ data for å skildre ein samanheng eller eit fenomen

Metodetriangulering handlar om å kombinere variabelsentrert og caseorienterte design i den same studien, då kan ein studere den same tematikken ved å samle data inn på ulikt vis og til slutt analysere ved å nytte ulike metodar. Data- og metodetriangulering vil vere hensiktsmessig å nytte i dette prosjektet, då ulike analysemetodar og datatypar kan hjelpe oss til å sjå ulike sider ved eit fenomen. Då kan ein undersøke relasjonen mellom det observerte fenomenet og det teoretiske omgrepet på eit enda meir forsvarleg vis (Bukve, 2021, s.154-155).

For å best mogleg svare på problemstillinga i denne studien, ynskjer eg å sjå nærare på kva respondentane har svara i det kvantitative spørjeskjemaet, kombinert med å analysere dei opne spørsmåla som kjem fram i undersøkinga. Nokre av respondentane har nytta dei opne spørsmåla til å seie meiningane sine om omgrepet, og dette kan vere med på å styrke slutningane som skal vere med på å svare på problemstillinga.

I denne delen av oppgåva blir det gjort greie for kva metodiske val som er blitt gjort i høve til undersøkinga. Kvantitativ metode, kvar SurveyXact er brukt som datainnsamlingsmetode vil vidare bli tatt med på i denne oppgåva, og den kvalitative metoden i høve til opne spørsmål. Grunnlaget for valet av metoden er at problemstillinga «Kva kunnskap har personalet i norske barnehagar om

særleg sensitive barn?» omhandlar ei stor gruppe, og at ein ikkje vil kunne finne nok data ved til dømes å intervju nokre få personar, men ved ein kombinasjon av opne og lukka spørsmål, kan ein få fram svar som kan svare godt på problemstillinga.

### 3.3 Kvantitativ del

#### 3.3.1 Den kvantitative spørjeundersøkinga

I mitt masterprosjekt har eg vald å nytte kvantitativ metode og spørjeundersøking med spørjeskjema som målemetode for innhenting av informasjon. Spørjeskjema er ein dominerande målemetode i helseforskning (Friborg, 2010, s.15). Typisk ved spørjeskjema er at det er ei strukturert utspørjing, med stort sett faste spørsmål og faste svaralternativ. Dette blir òg definert som surveyundersøkingar og kan anten gå føre seg elektronisk eller i papirform (Grønmo, 2016, s.141; Ringdal, 2018, s.196). Ei spørjeundersøking kan gå føre seg på tre måtar: telefonintervju, personleg intervju og spørjeskjema til sjølvutfylling (Ringdal, 2018, s.195). I dette prosjektet går undersøkinga føre seg elektronisk med bruk av SurveyXact og blir svara på via internett, kvar respondentane anten blir invitert til å svare via e-post eller ved å trykke på ein link i få utvalde facebookgrupper. Då kan ein òg kalle undersøkinga for nettsurvey (Grønmo, 2016, s.207)

Ei spørjeundersøking er ein metode som er systematisk og som gir moglegheit for å samle inn data frå eit utval personar, ei mykje større gruppe enn ved til dømes eit intervju. Då kan ein gje ei statistisk skildring av populasjonen ein har vald ut. Den mest overlegne datainnsamlingsmetoden innanfor samfunnsvitskapen er spørjeundersøkingar (Dalland, 2016, s.123; Ringdal, 2018, s.191).

Eit spørjeskjema gir oss moglegheit til å få informasjon frå ei større gruppe (Dalland, 2017, s.123). I ei spørjeundersøking er spørsmåla ferdig standardiserte og formulerte. Eit viktig mål med ei spørjeundersøking er at spørsmåla blir stilt i same rekkefølge, at spørsmåla blir stilt på same måte og at informantane svarar på same spørsmål. Det blir lagt vekt på at spørsmåla som stilles blir oppfatta på mest mogleg lik måte (Dalland, 2017, s.124). I det kvantitative spørjeskjemaet blir det lagt vekt på at det er ei strukturert utspørjing. Spørsmåla i undersøkinga er faste og svaralternativa er stort sett faste (Grønmo, 2016, s.141). Spørjeundersøkingar har ofte lukka spørsmål, kvar forskaren på førehand har bestemd kva svaralternativ respondenten kan nytte, men det finnes òg opne spørsmål, kvar respondenten fritt formulerer svaret (Ringdal, 2018, s.198). Spørsmål som er opne kan gi forskaren god informasjon og desse spørsmåla kan bli analysert på same måte som tekstdata i kvalitativ metode.

Denne forskinga er eit pragmatisk utval, som vil seie at forskaren ikkje siktar på å generalisere prosjektet. Undersøkinga er ikkje konstruert slik at det vil vere eit grunnlag for generalisering. Hensikta med undersøkinga vil vere å sjå på eit område som ikkje er forska noko særleg på tidlegare (Grønmo, 2016, s.100). Hovudmålet var i utgangspunktet å generalisere prosjektet, men på grunn av fråfall vil ikkje dette vere mogleg. Samtidig har spørsmålsstillinga gjort at ein ikkje vil kunne generaliser på grunn av at nokre av spørsmåla ikkje har gitt dei svara ein treng for å kunne generalisere prosjektet.

### 3.3.2 Utforming av spørjeskjema

I utforminga av spørjeskjemaet var det mange variablar som var nyttige å ha med. Elaine Aron sin Self-test hadde med mange av variablane som kunne vere nyttige, men på grunn av Copyright var det ikkje sikkert at det var mogleg å nytte spørsmåla der (Aron, 2015, s.88-89). Eg sende mail til Elaine Aron og spurte om det var mogleg å nytte spørjeundersøkinga hennar og fekk svar av assistenten hennar om at dette spørjeskjemaet var bunden av copyright som gjorde at det ikkje var mogleg å nytte det i dette prosjektet (sjå vedlegg 1). Då fekk eg tips om og heller bruke DOES som eit utgangspunkt for ei spørjeundersøking, og spørjeundersøkinga er laga ut i frå dette. DOES er skildring av dei fire personlegdomstrekk som finnes hjå det høgsensitive individet, og står for:

1. Djuptgåande omarbeiding av sanseintrykk
2. Overstimulering
3. Emosjonelle reaksjonar og empati
4. Subtil stimuli (Aron, 2017, s.13).

Spørsmålsstilling er sentralt i ei spørjeundersøking, og utforminga av spørsmåla har avgjerd for verdien av spørjeundersøkinga. Det er ikkje mogleg å be respondentane om å svare på ny eller forklare og utdjupe det dei har svara på (Dalland, 2017, s.127).

Spørsmålsstilling kvilar på tre basisopplysingar: 1) Betyding av uttrykk og ord i spørsmåla, 2) Opplysingane respondentane blir bede om å svare på i spørsmåla 3) målestokken som er gitt i spørsmåla som respondentane skal nytte for å svare på spørsmåla. Manglar eller eit eller fleire av desse elementa uklare, kan ein risikere at respondentane fyller ut skjemaet lik dei *tolkar* det eller at dei lar være å svare (Haraldsen, 1999, s.123).

Ei strukturert utspørjing har som kjerne at spørjeskjemaet er ferdigformulert (Grønmo, 2016, s.191). Kva rekkefølge spørsmåla har kan vere avgjerande for korleis respondentane svarar i undersøkinga. Ei spørjeundersøking bør opne med nøytrale, ufarlege og lette spørsmål. Ved elektronisk

spørjeundersøking vil det vere viktig at respondentane som skal svare på undersøkinga blir motivert til å fullføre undersøkinga, og då kan ikkje starten vere hard. Spørsmål kring det same temaet bør tas saman, før ein deretter fortsett på det neste temaet, og kvart tema bør takast i ein samanheng som gir mening og er naturleg for respondentane. Spørsmålsstillinga bør stillast etter ein traktteknikk: først generelle spørsmål, deretter spørsmål som er meir spesifikke (Ringdal, 2018, s.207; Thagaard, 2018, s.207).

Hovudskiljet på spørsmålsforma går på om spørsmåla er lukka eller opne. Forskaren som lagar spørjeskjemaet, bestemmer korleis svara i spørjeundersøkinga skal bli gitt. Spørjeskjemaet som er laga er delvis strukturert. Det vil seie at nokre av spørsmåla har lukka svaralternativ, kvar respondenten må vele mellom nokre få komponentar, kvar respondenten raskt kan svare ved å krysse av på det valde svaralternativet, mens nokre av spørsmåla er opne, og då har respondenten moglegheit til å sjølv formulere svaret sitt, då det ikkje er nokre faste svaralternativ. Formulering av spørsmål innebera å vele kva spørsmål som skal stillast, og å lage spørsmålets språklege utforming (Dalland, 2017, s.129; Grønmo, 2016, s.193).

I utforming av spørsmål kring bakgrunnsvariablar vart det nytta ein kombinasjon av lukka og opne spørsmål i eitt og same spørsmål, mens nokre av spørsmåla var berre lukka med faste svaralternativ. I dei kombinerte spørsmåla var det til dømes ramsa opp ulike stillingar/utdanningar respondentane hadde, og dette var med utgangspunkt i dei som arbeidar i barnehage. Likevel kan det vere at nokon arbeidar i barnehage med ei anna utdanning, og då var det enklare å ha ein open boks, ein restkategori, kvar respondenten sjølv fekk spesifisere deira utdanning med eigne ord. Dette vart utforma med orda «annet» (Grønmo, 2016, s.195).

### 3.3.3 Val av populasjon og utval

Kvantitativ forskning innebera at vi må samle inn data frå «noko» for å belyse eit spørsmål. Det har ikkje noko å seie kva eller kven ein målar, det avgjerande er at dataen som kjem frå høvelege objekt, som blant anna i skule, barnehage og idrett, vil gjelde menneske. Populasjon og utval er difor sentrale omgrep innanfor kvantitativ forskning. Populasjon er ei målgruppe som ein rettar spørsmål til (Medbø & Søbstad, 2018, s.34). Populasjonen er «alle av noko», som i denne forskinga vil vere alle tilsette i norske barnehagar (Thrane, 2018, s.108). Dette vil gjerne vere ei stor gruppe, og det blir difor hensiktsmessig å finne ein mindre del av gruppa. Denne gruppa vart kalla utval. Eit utval er ei stikkprøve, eller eit utsnitt, og utvalet er berre den delen av populasjonen som blir målt (Medbø & Søbstad, 2018, s.34; Thrane, 2018, s.108).



Å vele utvalet som skal svare på spørjeundersøkinga var ein vanskeleg prosess. Eg ynskja sjølv sagt at alle tilsette i norske barnehagar skulle svare på spørjeundersøkinga, men fann ikkje noko måte å få dette til. Det finnes ulike måtar å finne utvalet på, og til denne oppgåva er det brukt ulike måtar å få respondentar på. Den første måten heiter *utval ved sjølvseleksjon*, og går ut på at ulike aktørar blir invitert til å delta i studien

Kritikk til denne metoden å finne utval på, er at forskaren har liten eller ingen kontroll over kven som blir med i utvalet, og heller ikkje oversikt over kven som ikkje vel å delta i studien. I dette masterprosjektet vart ein av spørjeundersøkingane lagt ut i ei facebookgruppe, og dermed kunne dei som sjølv ynskja å delta i undersøkinga vere med. Truleg vil respondentane i spørjeundersøkinga vere overrepresentert av motiverte og interesserte menneske, noko som igjen kan føre til ei skeivheit i utvalet (Grønmo, 2016, s.116-117). Eg såg ikkje på det som noko alternativ å gjer det på ein anna måte, på grunn av at eg ikkje ynskja at det *berre* skulle vere respondentar til dømes frå min heimkommune eller nabokommunen, og heller at det skulle vere menneske frå heile landet som svara på undersøkinga.

Den andre spørjeundersøkinga vart sendt på mail til styrarar i 542 ulike barnehagar i Noreg. Då fekk styraren sjølv ansvar for å sende vidare spørjeundersøkinga til dei andre tilsette i sin barnehage. Dette kan ein òg kalle for *snøballutveljing*. Snøballutveljing går ut på at utveljinga skjer i samråd med aktørane, kvar den første aktøren som blir vald ut blir bede om å foreslå andre aktørar som kan vere aktuelle for den spesifikke spørjeundersøkinga. Denne utveljingsmetoden krev at aktørane er aktive. Aktørane får informasjon om kven som er relevante til å svare på spørjeundersøkinga (Grønmo, 2016, s. 117).

#### 3.3.4 Pilotstudie

Eit pilotstudie er ei forundersøking og denne forundersøkinga skal hjelpe forskaren til å få innsikt i kva som er dårlege eller gode spørsmål og ein kan sjå om spørsmåla er formulert relevant i høve til det ein lurar på og om spørsmåla er forståelege for respondentane (Befring, 2014, s.36; Larsen, 2007, s.46).

For å finne ut kva metode som passa best til det eg ynskja å finne ut av i studien, prøvde eg både ut kvantitativ spørjeundersøking og kvalitativt intervju i pilotstudiet.

#### 3.3.4.1 Kvantitativ spørjeundersøking

Den kvantitative spørjeundersøkinga fekk eg legge ut i facebookgruppa til ein barnehage. Då skulle dei denne barnehagen svare på undersøkinga og fekk kome med tilbakemeldingar på spørsmåla. Ut i frå deira tilbakemeldingar såg det ut til at spørsmåla eg hadde laga var forståelege, og at eg kunne bruke dei i den ordinære spørjeundersøkinga knytt til masterprosjektet.

Kritikk til dette pilotstudie var at spørjeundersøkinga vart send ut til ein spesifikk barnehage som eg kjente godt til. I denne barnehagen arbeidar det mange menneske som er oppteken av omgrepet særleg sensitiv, og eg veit at mange av dei tilsette har mykje kunnskap kring omgrepet. Dette såg eg først og fremst på som ein styrke, slik at dei kunne vere med på å bedømme spørsmåla, men i etterkant blei det ein svakheit. Dei klarte ikkje å vere kritiske nok. Det faktum av at eg kjende godt til barnehagen og dei tilsette i barnehagen var og ein svakheit, for eg føler gjerne ikkje at dei tilsette klarte å vere kritiske i forhold til at det var *eg* som hadde laga undersøkinga, og at dei gjerne ikkje turte å kome med tilbakemeldingar knytt til spørsmåla i undersøkinga.

#### 3.3.4.2 Kvalitativt intervju

I det kvalitative intervjuet fekk eg stilt nokre spørsmål kring dei særleg sensitive barna, og om intervjupersonen òg hadde kunnskap kring desse barna. Eg opplevde å få mykje svar når eg stilte spørsmåla til intervjuet, men då fekk eg òg mykje meir informasjon enn nødvendig, og mykje av informasjonen vil ikkje vere nyttig i mi oppgåve.

Eg konkludert med at eg ikkje ville få nok informasjon ved å intervjuet nokre personar, men at spørjeskjema vill fungere betre, slik at eg kunne få tilstrekkeleg med informasjon. Samtidig som eg kunne stille spørsmål til fleire av dei tilsette i barnehagen, og då ville eg få med ulik utdanning og ulike bakgrunn. I etterkant har eg nok sett at det hadde ikkje vore umogleg å nytte kvantitativt intervju for å få svar på om det er kunnskap ute i barnehagane om særleg sensitive barn.

#### 3.3.5 Svarprosent og fråfall

Ein av dei største utfordringane ved datainnsamling er å få flest mogleg av personane i utvalet til å svare på spørjeskjemaet (Grønmo, 2016, s.208). Ved spørjeskjema kvar respondentane sjølv fyller ut spørjeskjemaet, er det ikkje uvanleg at berre 50-60% av dei inviterte respondentane svarar på undersøkinga. Kvar person som vel og ikkje svare på nokre spørsmål i undersøkinga, er med på å lage eit hol i datamatrissa. Hovudgrunnane for at respondentane ikkje svarar på ei undersøking kan skuldast at respondenten ikkje ynskjer å svare, er i mot den spesielle studien, blir provosert av forskaren eller at respondenten generelt er i mot spørjeundersøkingar, forskning eller emnet spørjeundersøkinga dreier seg om (Grønmo, 2016, s.209; Ringdal, 2018, s.280). Då er det avhengig av

om emnet er relevant eller om respondentane har eit nært og konkret forhold til emne. Emne som respondentane ikkje har eit nært eller konkret forhold til, vil ofte respondentane vere dårlege informasjonskjelder til. Då kan ein risikere at svara ikkje er pålitelege eller at ein ikkje får svar (Grønmo, ,2016, s.196).

Eit anna problem kan vere at respondenten ikkje forstår spørsmåla, anten ved at dei er vanskelege å forstå eller at dei blir misforstått. Dette kan til dømes handle om at respondenten ikkje har kjennskap til temaet (Grønmo, 2016, s.210).

Til dette prosjektet blei det laga to heilt like spørjeundersøkingar, men som blei delt på to forskjellige måtar. Begge spørjeundersøkingane vart laga i SurveyXact og var heilt identiske i spørsmåla. Eit kvalitetsmål ein ser på i spørjeundersøkingar er at respondentane svarar på dei same spørsmåla, at dei blir stilt på same måte og at dei er i same rekkefølge. At spørsmåla som blir stilt blir oppfatta mest likt mogleg blir lagt vekt på (Dalland, 2017, s.123). Dette er grunnen for at spørjeundersøkingane i dette prosjektet er identiske, slik at alle får det likt, og at det er samanliknbart. Dette er ifølgje Dalland (2017, s.123) grunnleggjande for at svara skal kunne visast i talkodar som blir definert i faste svarkategoriar.

Det eine spørjeskjemaet vart sendt ut til 102 barnehagar i Espira-kjeda, 188 barnehagar i FUS-kjeda, 167 barnehagar i læringsverkstedet-kjeda og 85 tilfeldige barnehagar, som i alt er 542 ulike barnehagar. Spørjeskjemaet vart sendt ut på e-post til styrarane i barnehagen, og i e-posten eg sende ut vart det presisert at undersøkinga passa for alle dei tilsette i barnehagen. På denne spørjeundersøkinga var det 85 respondentar som svara og gjennomførte undersøkinga, 5 respondentar har nokre svar og 1 respondent har berre opna undersøkinga. Diverre veit eg ikkje kvar mange personar frå kvar barnehage som svara. Nokre av barnehagane sende det vidare til spesialpedagogane som arbeida i barnehagen, nokre delte med pedagogane i barnehagen, mens andre delte det med heile personalgruppa si.

Det andre spørjeskjemaet vart lagt ut på facebookgruppa «Barnehage.no» med om lag 58 000 medlemmar, «Idebroen debatt» med om lag 10 000 medlemmar og på min personlege facebookprofil. På denne spørjeundersøkinga var det 201 respondentar som svara og gjennomførte undersøkinga, mens 15 respondentar svara på nokre av spørsmåla.

Spørjeundersøking kvar respondentane svarar ved sjølvutfylling er den metoden som gir mest fråfall (Ringdal, 2018, s.197). Dette kan ein sjå igjen her. Facebookgruppene gir ein moglegheit for svar frå

om lag 68000 respondentar samanlagt, men her er det 216 som svarar, noko som ikkje er meir enn 0,317%. Den andre undersøkinga som vart sendt ut til barnehagane er vanskeleg å rekne prosent ut i frå, då ein ikkje veit kvar mange tilsette kvar barnehage har, samt kvar mange av respondentane som svara som arbeidar i den same barnehagen.

### 3.3.6 Generalisering

Studiar av eit utval vart kalla utvalsundersøkingar. I utvalsundersøkingar blir det samla inn ein del av populasjonen, men informasjonen dannar eit kunnskapsgrunnlag som ein kan anta å gjelde for heile populasjonen. Å trekke slutningar frå utvalet til populasjonen blir kalla generalisering (Grønmo, 2016, s.98). Generalisering er det ein ynskjer for ei undersøking, og ein ynskjer at flest mogleg skal kunne nytte seg av undersøkinga. Dette krev generalisering (Dalland, 2017, s.147). Det blir skilt mellom to hovudtypar for statistisk generalisering. Den første hovudtypen er estimering. Eit bestemt funn ved ein eigenskap for utvalet er utgangspunktet for estimering. Estimering dreier seg om å rekne ein sannsynsverdi for både maksimumsverdi og minimumsverdi for den same eigenskapen ved universet. Den andre hovudtypen blir kalla hypotesetesting og handlar om å sjå på om det er ein samanheng mellom eigenskap for utvalet og den same eigenskapen ved universet og om ein kan anta at det er tilsvarande likt for både utvalet og universet (Grønmo, 2016, s.345). På grunn av liten svarprosent ved begge spørjeundersøkingane i dette prosjektet kan ein ikkje generalisere og seie at svara er tilsvarande for universet som for utvalet i spørjeundersøkinga.

### 3.3.7 Statistisk analyse

Analysemetode avhenger av problemstilling, og problemstillinga er avgjerande for kva samanhengar ein skal sjå nærare på, og dermed kva variablar som skal analyserast. Valet av analysemodell avhenger av talet på variablar. Analyse med fleire variablar blir kalla multivariate analysar og skal avklare samanheng mellom tre eller fleire variablar, mens bivariate analysar ser på samanhengen mellom to variablar (Grønmo, 2016, s.311-312). Etter at innsamling av data er gjort, startar sjølve dataanalysen. Det er vanleg å presentere utvalet og variablane i empiriske undersøkingar ved hjelp av tabellar, kvar det er statistikk som er skildrande (Ringdal, 2018, s.281). Hovudmålet i denne studien er å undersøke om kunnskapsnivået kring særleg sensitive barn varierer avhengig av alder, kjønn, utdanning og om dei i det heile teke har fått informasjon om omgrepet.

I denne studien var målet å sjå på kunnskapsnivået dei tilsette i norske barnehagar har kring omgrepet særleg sensitiv. Spørsmåla i undersøkinga ynskja måle den same teoretiske variabelen, noko som gjer at det blir fornuftig å lage eitt samansett mål på kunnskapsnivået basert på spørsmåla

som blei stilt i undersøkinga. Faktoranalyse og reliabilitetsanalyse er blant anna to statistiske teknikkar ein kan nytte for å kvalitetssikre indeksen (Ringdal, 2018, s.281).

Korrelasjon er den statistiske samanhengen mellom to variablar, og kan nyttast for å sjå samanhengen mellom variablane i eit utval, til reliabilitetsmål, til å måle effektstørrelse og til å estimere korrelasjonar i populasjonen (Ringdal, 2018, s.313). Skal X vere årsak til Y, er dei naud for å vere korrelerte.

For å sortere data som kom fram i undersøkinga, vart det blant anna brukt frekvensfordeling og dette er ei ordna liste over talet på einingar som har kvar variabelverdi og variabelens verdier. Denne fordelinga kan bli meir oversiktleg ved at ein alltid summerer opp til 100 (Ringdal, 2018, s.291). Då eg skulle frekvensfordele, nytta eg verktøya i SurveyXact for å få dette til. Der inne var det verktøy som gjorde at eg kunne vele kva variablar eg ville ha saman, korleis dette skulle visast fram også kom det fram slik eg ynskja. Då respondentane skulle svare på nokre av variablane, måtte dei sjølv skrive inn. Dette gjaldt både alder og fylke, og då eg skulle presentere desse variablane var det enklare å anten nytte word og gjere alt manuelt i ein tabell eller å nytte Excel.

Vidare i oppgåva vart det nytta krysstabell. Tabellanalyse er ofte avgrensa til analysar med to eller tre variablar (Grønmo, 2016, s.315). Ein krysstabell er ein prosentfordeling eller ein frekvens av to eller fleire kategorivariablar. Kan ein eller få tabellar svare på problemstillinga, fungerer krysstabellar best. Formålet med ein krysstabell er å sjå samheng mellom variabel Y og ein eller fleire variablar som er uavhengige (Ringdal, 2018, s.333). Eg ynskja å sjå på om det var skilnadar mellom kjønn og kunnskapsnivå kring særleg sensitive barn. Til dette formålet var krysstabell svært gunstig. Ein tabell kan bli prosentuert på ulike måtar, avhengig av formålet (Ringdal, 2018, s.338). Krysstabellane som blir nytta i denne forskinga blir prosentuert med basis i kjønn, som er den uavhengige variabelen i tabellen, altså talet på menn og kvinner som har svara på spørjeundersøkinga. Prosenten i kvar kolonne blir summert opp til 100 (Ringdal, 2018, s.336). Denne analysemetoden fungerte godt, då den tar sikte på to til tre variablar, det er få verdier på kvar variabel og variablane sitt målenivå er nominal eller ordinalnivå (Grønmo, 2016, s.312).

Kunnskapsnivået til respondentane blir i tabellen som blir presentert i oppgåva, den avhengige variabelen, mens kjønn blir den uavhengige. Det blir prosentuert i kvar kolonne, noko som gir grunnlag for å samanlikne prosent hjå menn og kvinner (Ringdal, 2018, s.338).

For å sjå på den statistiske samanhengen mellom dei to variablane i krysstabellen vart det nytta

prosentdifferanse. Då får ein sett på samanhengens styrke. Fordeling på om respondentane tenkjer dei har kunnskapsnivå kring dei særleg sensitiv eller ikkje, kjem fram i siste kolonne.

Frekvensfordelinga på kjønn kjem og fram, og den ser ein i siste kolonne, kvar det står: (n). Avvik frå statistisk uavhengigheit kan korrelasjon eller statistisk samanheng bli sett på som: som er ein situasjon kvar det ikkje er ein samanheng mellom variablane. Er prosentfordelinga mellom dei to variablane ulik, er det korrelasjon eller statistisk samanheng mellom variablane (Grønmo, 2016, s. 318; Ringdal, 2018, s.338-339).

For å vise fram data i oppgåva vart det nytta ulike verktøy, og desse verktøya tek utgangspunkt i kva for analysemetode som er nytta for å omarbeida data som kom fram av spørjeundersøkinga. Det vil bli brukt frekvensfordeling, kakediagram og stolpediagram. Stolpediagram, òg kalla søylediagram har stolpar som presenterer kvar verdi, og lengda på søylene visar kvar stor kvar verdi er (Grønmo, 2016, s.300).

Kakediagram er eit enkelt verktøy å nytte. Heile arealet til kaka er 100%, og det blir delt inn i stykkar, eller segmenter etter prosentfordeling, ut ifrå kva respondentane har svara. Eitt segment har ein verdi frå variabelen, og storleiken til eit segment visar kvar stor, altså: kvar mange prosent dei ulike verdiane har. Alle segmenta lagar ein sirkel, og denne sirkelen symbolisera alle einingane, og er 100%. Ein føresetnad for kake- og stolpediagram er at det byggjer på ein kategorivariabel (Grønmo, 2016, s.301; Ringdal, 2018, s.292).

### 3.4 Kvalitativ del

Det kom inn mange ulike kommentarar via spørjeundersøkinga, då nokre av spørsmåla er opne spørsmål. Alle desse kommentarane handlar ikkje direkte om det som blir spurt om i spørjeundersøkinga, og nokre av respondentane har nytta dette til å skildre meiningane sine om særleg sensitive menneske. Dette ser eg på som veldig interessant å ha med.

#### 3.4.1 Vitskapleg grunnlag for kvalitativ metode

I det siste stadiet av forskingsprosessen er refleksjon kring data og meningsinnhaldet sentralt Paradigme som legg vekt på betydning og meining er det fortolkande teoretiske retningar handlar om (Thagaard, 2018, s.33).

I denne kvalitative delen av oppgåva har fenomenologi og hermeneutikk vært sentrale teoriar. Fenomenologi har subjektet si oppleving i fokus og prøvar å oppnå ei forståing av den enkelte

personen sine erfaringar og dei djupare meiningane ved dei. Refleksjonane forskaren har over egne erfaringar kan vere med på å danne eit utgangspunkt for forskinga, men det er likevel viktig at forskaren legg sine egne meiningar bort, då ein må lytte og spørje dei personane ein ynskjer å studere om deira oppleving og syn på saken. Dette vitskapsynet innebera at ein sentrera interessa rundt personane vi studera og korleis dei opplev fenomenet, og då må den ytre verda bli stilt i bakgrunnen. Forskaren må vere open for personane som blir studert sine erfaringar og meiningar. Fenomen blir tolka og forstått frå perspektivet til personane som blir studert og omverda blir skildra etter deira erfaringar (Järvinen & Mik-Meyer, 2017, s.82; Thagaard, 2018, s.36). Det dreier seg kort sagt om å forstå sosiale fenomen ut i frå dei aktuelle kandidatane sine skildringar av verda og egne perspektiv (Järvinen & Mik-Meyer, 2017, s.87).

Den fenomenologiske tilnærminga har blitt nytta for å kunne utforske kva respondentane har tenkt om omgrepet særleg sensitiv, og om kunnskapsnivået i norske barnehagar er tilstrekkeleg ut i frå at truleg 20% av alle barna, men òg dei som arbeidar i barnehagen er særleg sensitive. At alle barn i barnehagen blir forstått og møtt ut i frå deira føresetnadar er avgjerande for trivsel dei har i barnehagen, men òg utvikling, og korleis denne vil bli for deira seinare møter i livet.

Hermeneutisk analyse er sentralt innanfor kvalitativ forskning, og handlar om korleis ein skal tolke menneske sine handlingar gjennom fokus på det djupare meningsinnhaldet enn det ein direkte ser. Denne tilnærminga legg vekt på at fenomen kan tolkast på fleire nivå og at det ikkje finnes ei eigentleg sanning. Delane blir forstått i lys av ein heilskap. Fortolking har ein sentral plass innanfor denne tilnærminga (Thagaard, 2018, s.37). Hermeneutikk er altså læra om korleis vi skal tolke ulike samfunnsmessige fenomen og kulturuttrykk, som til dømes ritual, kunst, handlingar eller tekstar. Denne tilnærminga har ein sentral plass innanfor all samfunnsvitskapleg og humanistisk forskning, og ein støttar på hermeneutiske spørsmål i alle fasar i forskingsprosessen (Järvinen & Mik-Meyer, 2017, s.127).

Fortolkingsarbeidet i denne forskinga har skjedd kontinuerleg og eg har på førehand fortalt kva meiningar eg har hatt om omgrepet særleg sensitive, og kva eg har trudd om kunnskapsnivået i norske barnehagar. Målet i forskinga var å finne ut om det eg trudde om fenomenet stemte eller ikkje, og at eg som forskar kan hjelpe med å belyse dette om det er hol som må fyllast inn.

#### 3.4.2 Tekstdata frå spørjeundersøkingane

Tekstdata er kvalitativ data som kjem frå delvis strukturerte spørjeundersøkinga, medieinnhald, dokumenter og intervju. I denne studien kjem det frå opne spørsmål i delvis strukturerte spørsmål i

to like spørjeundersøkingar (Ringdal, 2018, s.251). Tekst, bilete og lyd blir formidla på internett, og internettet blir difor sett på som eit multimedium (Thagaard, 2018, s.145).

### 3.4.2 Analytisk tilnærming

Temaanalyse handlar om at vi rettar merksemda mot det gjennomgåande temaet for prosjektet. Data frå alle deltakarane skal analyserast og formålet med denne analysen er å gå i djupn på kvart enkelt tema. Då må ein samanlikne data frå alle deltakarane for at ein skal ei djupare forståing og at ein kan uttale seg om til dømes ei felles meining. (Thagaard, 2018, s.171). Innanfor den kvantitative metoden finnes den induktive og den deduktive tilnærminga. Den induktive tilnærminga går ut på at vi tar utgangspunkt i data vi har fått inn for å utvikle analytiske perspektiv og omgrep. Då kan ein nytte omgrep som deltakarane i prosjektet sjølv nyttar eller sjølv utvikle omgrep med utgangspunkt i vår tolking av mønster i data. Omgrepa skal hjelpe til med å framheve meiningsinnhaldet i data og skal styrke forbinding mellom data og teori.

Når omgrepa vi knyter til data kjem frå ein anna teori, nyttar vi ein deduktiv tilnærming. Desse omgrepa gjer at vi kan knyte perspektiv frå analysen frå data vi har samla inn til anna relevant teori og ved at vi kan kjenne igjen mønstre ved datamaterialet (Thagaard, 2018, s.172).

Ein av dei analytiske tilnærmingane her var tekstanalyse. Å tolke kva ein tekst betyr og korleis meininga til respondentane kjem fram i teksten er det tekstanalyse innebera. Tekstdata kan både vere munnleg og skriftleg data. Målet med tekstanalyse er å tolke meiningsinnhaldet til teksten (Thagaard, 2018, s.117). Spørjeundersøkingar kan innehalde spørsmål som er opne, og desse spørsmåla kan analyserast på same måte som tekstdata innanfor den kvalitative metoden, og kan kodast innanfor eit mindre tal kategoriar (Ringdal, 2018, s.200).

Spørjeundersøkingar med opne spørsmål, skal bli registrert mest mogleg fullstendig av forskaren. Døme på kva respondentane har svara kan siterast i forskinga. Å gruppere svara i få kategoriar er viktig i bruk til resultatpresentasjon (Ringdal, 2018, s.255).

Svara i denne spørjeundersøkinga på dei opne spørsmåla var enkel å kategorisere, då det omhandla 1. kva fylke respondentane var frå, 2. alder, 3. kva utdanning dei hadde om dei ikkje var til dømes barnehagelærar, fagarbeidar eller spesialpedagog, 4. kvar respondentane hadde fått informasjon om omgrepet og 5. kvar mange barn i barnehagen respondentane såg på som særleg sensitive. På det siste spørsmålet, om kvar mange barn som var særleg sensitive, var det nokre av informantane som nytta sjansen til å seie noko om deira meining om omgrepet. Det var 4-5 stk frå kvar undersøking som svara noko anna enn det som blei spurt om, og då var det enkelt å setje dette under kategoriar.



Desse respondentane sa noko om at dei ikkje trudde på omgrepet eller at alle har eit snev av sensitivitet, noko som gjorde at det ikkje kom fram eit tal, som var det som vart ynskja i dette opne spørsmålet. Det er likevel bra å få inn nokre andre svar, då dette kan belyse problemstillinga saman med dei andre svara som er kome inn, og saman kan dei forhåpentlegvis lage ein heilskap.

#### *3.4.2.1 Kritikk mot valt analysetilnærming*

Kritikk mot tekstanalyse er at når ein tar eit bestemd tema ut av konteksten data først var presentert i, som i denne samanhengen er spørjeskjemaet, at ein då tar det ut i frå samanhengen. Då er det viktig å ta utsegn i frå dei opne spørsmåla i spørjeundersøkinga og setje dei saman med dei lukka spørsmåla, slik at det blir ein heilskap (Thagaard, 2018, s.171). I kapittel 5 i denne masteroppgåva som omhandlar drøfting, har eg stort fokus på at alle komponentane skal drøftast saman, både dei statistiske og data som har kome fram i tekstanalysen. Funna frå begge analysane, vil vere med på å gi eit betre bilete på kva respondentane meiner, og eg ser på det som ei styrking av problemstillinga.

### 3.5 Generell del

#### 3.5.1 Forskingsetisk omsyn

Etiske vurderingar er spesielt viktige når resultata vi skal presentere kjem fram (Thagaard, 2018, s.167). Etikkk handlar om kva som er rett og galt, og blir sett på som læra om moral. For vitenskapleg praksis er forskningsetikk grunnleggjande moralnormene (Ringdal, 2018, s.57). Etikken gir oss det systematiske grunnlaget vi treng for å vurdere moralske og normative spørsmål (Befring, 2007, s.54). Det er to hovudproblem etikken gir oss eit vurderingsgrunnlag for. Det første hovudproblemet handlar om korleis enkeltmenneska skal fungere i ulike situasjonar, korleis dei bør handle, og dette skal vere sett i lys av utfordringar og påkjenningar ein måtar på i livet. Det andre hovudproblemet handlar om samfunnet og korleis det bør innrettast. Dette dreier seg om korleis grunnleggjande refleksjonar kan skape rom for samfunnsending (Befring, 2002, s.30).

Forskaren innanfor vitenskapleg verksemd er naud til å forholde seg til dei etiske prinsippa som gjeld både internt innanfor forskingsmiljøet, men òg i relasjon til omgjevnadane (Thagaard, 2018, s.20). Forskaren har ei plikt til å følgje anerkjente forskningsetiske normer. Refleksjon over og å kunne gjere reie for korleis eigne haldningar og verdiar kan påverke val av kjelder, tolkingar og tema er blant anna ein del av dei forskningsetiske normene (Ringdal, 2018, s.59).

Fleire av dei forskningsetiske normene er nedfelt offentlege lovverk og i formelle regelverk. Ein av dei viktigaste lovane i Noreg er loven om personopplysningar som blir forvalta av Datatilsynet, og seier at alle som skal nytte data om personar i si forskning må sende ei melding om dette (Grønmo, 2016,

s.34). Eit utgangspunkt er at når ein skal arbeide med andre personar, er at forskaren skal arbeide ut i frå grunnleggjande respekt for menneskeverdet (Ringdal, 2018, s.60). hovudregelen for eit forskingsprosjekt er at respondentane som er involvert i prosjektet skal vere informerte og ha frie samtykke. Eit fritt samtykke vil seie at ingen kan leggje press på respondentane, og at om ein ikkje ynskjer å delta, skal dette ikkje føre til negative kommentarar eller liknande (Ringdal, 2018, s.61). Samtidig må vi streva etter den etisk forsvarlege forskingspraksisen, slik at ingen av deltakarane skal få uheldige konsekvensar av å delta i prosjektet (Thagaard, 2018, s.210).

Då eg skulle i gang med denne masteroppgåva vart eg usikker på om eg måtte melde inn prosjektet, difor tok eg vidare kontakt med ein instans som visste noko om dette. I denne masteroppgåva har eg vald å forhalda meg til NSD (Norsk Senter for forskningsdata), kvar ein får hjelp frå Personvernombodet for forskning (Ringdal, 2018, s.63). Etter førespurnad til NSD 06.09.20 om i kva grad prosjektet trong førehandsgodkjenning, fekk eg avklara at det ikkje var nødvendig om eg 1) brukar ein leverandør som HVL har avtale med og at den anonyme løysinga blir brukt. Eg har nytta SurveyXact som leverandør til å lage spørjeundersøkinga, og dette er ein leverandør HVL har avtale med. Ein av funksjonane SurveyXact har er at ein kan vele å ha heile undersøkinga anonym, og denne funksjonen har eg nytta. Eg veit difor ikkje kven som svarar på undersøkinga, og 2) at eg sikra at alle bakgrunnsvariablane ikkje var indirekte identifiserbare, ved at ein ikkje treng å oppbevare personopplysingar, som er opplysingar som anten direkte eller indirekte kan identifisere ein person (Ringdal, 2018, s.63). Skjema som respondentane sjølv fyller ut gir best moglegheit for å beskytte respondentane og svarsituasjonen. Då kan vedkommande fylle ut skjemaet utan at nokon andre kan påverke dei, noko som gjer at respondentane kan bli garantert full anonymitet (Ringdal, 2018, s.196)

I mitt prosjekt har eg hatt eit ynskje om å sende ut til så mange barnehagar som mogleg, samt via Facebookgrupper, noko som gjer at eg ikkje veit kven som svarar. Anonymiteten til alle som svarar, både via Facebook og i spørjeskjemaa som er send ut til barnehagane, blir bevart. Ingen av dei som svarar treng å legge igjen variablar som gjer at dei er til å kjenne igjen. Dette gjeld òg personane som har skriva i kommentarar i spørjeundersøkingane sine. Dei vil bli anonymisert, og kommentarane som er skriva vil ikkje bli skriva i oppgåva på ein slik måte at respondentane kan bli gjenkjent, og òg gjer at det er vanskeleg å spore opp kommentarane. Det er viktig at personane ikkje er til å kjenne igjen, og det er ikkje relevant for nokon utanforståande å finne ut av dette.

Eit anna viktig punkt innan forskningsetikk er at respondentane som er med i undersøkinga skal vere beskytta mot psykiske eller fysiske skadar. Det er vanlegvis eit lite sannsyn for at respondentane i

samfunnsvitskapane blir skada. Sensitive tema kan i nokre tilfelle gi skadeverknadar, gjennom å til dømes spørje respondentane om sjølv-mordstankar. Forskaren kan òg ha fått informasjon om grupper eller personar som har ulike problem, og ynskjer å fremje resultatet sitt kvar personopplysingane er med, for å fremje denne gruppa eller for å stå fram i media (Ringdal, 2018, s.64-65). Dette kan forskaren forhalda seg til ved å nyansere den teoretiske forståinga. Presentasjonen av eit nyansert teoretisk perspektiv, bør bli presentert ved eit perspektiv som er fagleg relevant i samanhengen og ved å uttrykke at vi har ei forståing for korleis deltakaren ser på situasjonen (Thagaard, 2018, s.198). Spørjeundersøkinga i mitt masterprosjekt inneheld ikkje spørsmål som gjer at respondentane på nokon måte kan bli verken fysisk eller psykisk skada. Spørsmåla i undersøkinga er først svært generelle, kvar det blir spurt om ulike bakgrunnsvariablar som kjønn, utdanning, kva fylke dei bur i og alder. Vidare dreier spørsmåla seg kring høgsensitive barn i barnehagen og ulike kjenneteikn desse barna har.

Personane som har skrive kommentarar i spørjeundersøkingane vil ikkje kunne bli skada på noko måte av at kommentarane deira blir tatt med i prosjektet. Dette blir tatt med på grunn av at det vil være med på å belyse problemstillinga på ein litt anna måte, og eg ser på desse kommentarane som viktige for å få fram om dei tilsette i barnehagane *faktisk* har kunnskap kring dei særleg sensitive barna, samtidig som det kjem fram meiningar om diagnostisering, som eg tenkjer er interessant til å ta med til vegen vidare. Personane er med på å belyse ein viktig del av omgrepet særleg sensitiv, som eg tenkjer kan vere relevant for ei eventuell vidare forskning.

Elles er det sentralt innan forskningsetikken med ein god henvisingsetikk, og seier noko om at studentar og forskarar må følgje god henvisingsskikk, noko som er ein føresetnad om ein skal kunne etterprøve funna som er gjort i forskinga og det vil gi eit grunnlag for vidare forskning. Å vise til noko på riktig måte, vil seie at ein er nøyaktig når ein skriv kjelder, både sekundær- og primærkjelder. Kjeldene må vere nøyaktige og vises til på den måten at ein anna person kan finne tilbake til kjelda (Ringdal, 2018, s.67). I denne masteroppgåva har eg hatt stort fokus på å vise til kjeldene på riktig måte, og eg har brukt forfattaren sitt namn, årstal og sidetal i alle kjeldene eg har vist til. Det finnes nokre direkte sitat i denne oppgåva, og då har eg vist at det er det med å sette det i kursiv i hermeteikn, og eg har fokusert på og ikkje nytte lange direktesitat.

### 3.5.2 Reliabilitet og validitet

Tre eigenskapar som blir nytta for å vurdere kvaliteten er reliabilitet, validitet og dimensjonalitet.

Dimensjonalitet handlar om indikatoren som operasjonaliserer det teoretiske omgrepet, målar fleire

eller berre ein dimensjon. Indeksen har som fordel om han er eindimensjonal, som betyr at indikatorar skal vere homogene. Homogenitet går ut på at det er ein statistisk korrelasjon eller samanheng mellom indikatorane (Ringdal, 2018, s.102-103). Reliabilitet og validitet er to omgrep vi skal gå djupare inn i under her.

Å samle inn data til eit studie er ein prosess. Denne prosessen kan sjåast på som ein produksjonsprosess, der data vi treng for å belyse problemstillinga blir produsert. Datamaterialet blir sett på som eit produkt, og eit produkt kan ha varierende kvalitet. I studien ynskjer vi å ha god kvalitet for å få analyseresultat som er fruktbare og haldbare.

Kvaliteten på data som vi samlar inn må sjåast i samanheng med kva datamaterialet skal brukast til. Den ynskja hensikta er at datamaterialet skal nyttast til å belyse ei bestemt problemstilling. Kvaliteten på datamaterialet er høg om materialet er velegna til å belyse problemstillinga (Grønmo, 2016, s.237). Datamaterialet skal i størst mogleg grad reflektere sann informasjon og representere faktiske forhold knytt til den aktuelle problemstillinga (Grønmo, 2016, s.238).

Skal det variabلسentrerte designet bidra til kunnskapsutvikling er dei naud for å tilfredsstille krav til reliabilitet og validitet (Bukve, 2021, s.110). Av dei to omgrepa er validitet det mest generelle. Reint empirisk er reliabilitet spørsmål, mens validitet krev ei teoretisk vurdering i tillegg. Den teoretiske samanhengen validitet blir brukt i, er det vi må stille spørsmål til.

Validitet blir påverka direkte av målefeil, mens reliabilitet blir påverka av tilfeldige målefeil. Stillar vi til dømes spørsmål til nokon, og dei svarar ut i frå det samfunnet *vil* høyre, vil det oppstå systematiske målefeil. Dette kan påverke målinga si validitet. Målefeil vil alltid oppstå. Respondentane kan hugse feil og dei som noterer, kan skrive feil. Det kan òg oppstå feil ved elektronisk datasignering (Ringdal, 2018, s.103).

#### *3.5.2.1 Reliabilitet*

Reliabilitet og validitet står i eit tilknytingsforhold, men dette er ikkje gjensidig. For at det skal verta høg validitet, er høg reliabilitet ein føresetnad, men dette gjeld ikkje motsett (Friborg, 2010, s.21). Reliabilitet handlar om kvar påliteleg datamaterialet er og er eit kriterium i forskning (Dalland, 2017, s.53; Grønmo, 2016, s.242). Reliabilitet er eit omgrep som er innarbeida i kvantitativ forskning, og handlar i stor grad om ein anna forskar som nyttar same metode, vil få det same resultatet. Omgrepet blir knyta til om ei kritisk vurdering av prosjektet vil gi eit inntrykk av at forskinga er utført på ein tillitsvekkande og påliteleg måte (Thagaard, 2018, s.187). Det er høg reliabilitet om

datainnsamlinga og undersøkingsopplegget gir påliteleg data. Det vil sei at ein får identisk data dersom det same undersøkingsopplegget hadde vært nytta ved ein anna anledning. Reliabiliteten er avhengig av utforminga til undersøkingsopplegget og til korleis datainnsamlinga gjennomførast (Grønmo, 2016, s.241; Ringdal, 2018, s.103).

Det blir skilt mellom ulike typar reliabilitet, kvar det vanlegvis blir lagt vekt på stabilitet og ekvivalens. Ekvivalens er den hovudtypen som er relevant i dette prosjektet, og handlar om samsvaret mellom uavhengige datainnsamlingar på same tidspunkt. I kvantitative studiar kan denne typen reliabilitet bygge på å samanlikne ulike indikatorar som inngår i same skala eller indeks (Grønmo, 2016, s.243). Dette kan òg bli kalla test-retest-teknikken.

Teknikken går ut på at ein ser på samsvar mellom to gjentakande målingar. Ein kan sei at kjernen i reliabilitetsomgrepet er samsvaret mellom to gjentakande målingar (Ringdal, 2018, s.104). I dette prosjektet har eg vald å sende ut spørjeundersøkinga i to ulike Facebookgrupper og på min egen profil, samt å sende e-post med førespurnad om deltaking i forskingsprosjektet til 295 barnehagar. Dette har eg gjort for at eg skal kunne samanlikne svara eg har fått inn frå Facebook og svara som kjem direkte frå barnehagane. Vi veit ikkje kven som svarar på Facebook, men har eit større bilete av at det *berre* er folk som arbeidar i barnehage som svarar på undersøkinga når det blir sendt direkte ut til barnehagane.

Det finnes forskjellige måtar å vurdere reliabilitet til data på. Ein måte er allmenn kjeldekritikk. Reliabiliteten blir påverka av den kvalitetsmessige kontrollen av data: kvar nøyaktig dataregistreringa er, søking etter feil og retting av feila (Ringdal, 2018, s.104).

### *3.5.2.2 Validitet*

Det andre omgrepet er validitet, og det er knytt til korleis vi tolkar data og til resultatane av forskinga (Thagaard, 2018, s.189). Validitet handlar om datamaterialet er gyldig ovanfor problemstillingane som blir belyst og for tolkingane forskaren har kome fram til. Ein har høg validitet om undersøkinga og datainnsamlinga gir et resultat som er relevant for problemstillinga. Jo betre datamaterialet svarar på forskaren sine intensjonar, jo høgare er validiteten. I kva grad undersøkingsopplegget eignar seg til å samle inn data kan ein sjå gjennom validiteten (Grønmo, 2016, s.241; Thagaard, 2018, s.189). I første omgang er validiteten avhengig av korleis undersøkingsopplegget er utforma. (Grønmo, 2016, s.242). Validitet refererer til forholdet mellom operasjonelle og teoretiske definisjonar av omgrep. Den operasjonelle definisjonen blir avgjort av kva som faktisk blir studert, mens den teoretiske definisjonen ser på kva forskaren har til hensikt å studere (Grønmo, 2016, s.252). Validiteten er høg

om gjentakande målingar gir same resultat, mens ved låg validitet målar ein noko anna ein det ein ville måle. Då kan ein gjerne trekke feil slutningar (Ringdal, 2018, s.103; Ringdal, 2018, s.107).

Validiteten kan bli styrka om vi legg vekt på teoretisk gjennomslutning, altså: transparens. Dette handlar om å skildre den teoretiske ståstaden som viser korleis analysen gir grunnlag for dei tolkingane og konklusjonane forskaren har kome fram til. Omgrepet kan bli presisert ved å stille spørsmål til tolkingane vi har kome fram til og om dei er gyldige i forhold til den røynda vi har studert (Thagaard, 2018, s.189).

#### 3.5.2.2.1 Omgrepsvaliditet

Omgrepsvaliditet, òg kalla konstruksjonsvaliditet handlar om relasjonen mellom datamodellen og den teoretiske modellen som inngår i prosjektet. Høg validitet innebera at ein målar det teoretiske omgrepet ein faktisk skal måle. Validitet av denne typen blir òg kalla omgrepsvaliditet. Validiteten går på relasjonen mellom det teoretiske omgrepet og indikatorane Ringdal, 2018, s.103). Omgrepet omgrepsvaliditet blir nytta for å skilje ytre og indre validitet som blir nytta i samanheng med eksperiment og i måleprosessen (Bukve, 2021, s.110; Ringdal, 2018, s.107).

#### 3.5.2.2.2 Spørjeskjemavaliditet

Forskaren si oppgåve innanfor kvalitetsperspektivet er å minimalisere kjelder til feil. Det blir skilt mellom representasjonsfeil og feil i måleprosessen, og begge desse feilkjeldene har verknad på statistisk analyse og skildring av data. Både feil i måleprosessen og representasjonsfeil har innverknad på analyse av data og statistiske skildringar. Feil i måleprosessen kan ein måle i validitet og reliabilitet. Målar ein det spørsmåla faktisk spør etter, handlar det om validitet.

Alle feilkjelder som påverkar representativitet er det representasjonsfeil handlar om. Populasjonen i ei undersøking blir definert på førehand, og i denne undersøkinga er dette dei tilsette i norske barnehagar. Omfattar ikkje utvalsramma heile populasjonen, vil det oppstå ein dekningsfeil, og dette kan vere med på å påverke resultatet. Vidare har vi utvalsfeil, og det oppstår om ein berre målar i utvalet og ikkje heile populasjonen (Ringdal, 2018, s.218-219).

#### 3.5.3 Kjeldekritikk

Det finnes eit stort mangfald av moglege kjelder for samfunnsvitskaplege studiar, men ein må vere grundig i valet av kjelder, og bruken av kjeldene må skje på ein forsvarleg fagleg måte (Grønmo, 2016, s.135). Kvalitetskontrollen av kjeldene føl (Scott, 1990, s.19) fire punkt: tilgjengelegheit, relevans, autentisitet og truverdigheit.

Tilgjengelegheit handlar blant anna om kjelder som ein ynskjer å nytte, men som ikkje er tilgjengelege. Det kan vere personar eller organisasjonar som ikkje er opent for innsyn. Forskaren bør vurdere kva konsekvensen dette vil ha for studien. Det kan til dømes bli vanskeleg å svare på problemstillinga, då datamaterialet kan bli for grensa, og berre delar av problemstillinga blir svarta på. Analyseresultata kan bli feilaktige eller uhaldbare, noko som førar til at datagrunnlaget blir skeivt. Då kan det vere nødvendig å formulere om problemstillinga, slik at forholda som er belyst kan nyttast på ein hensiktsmessig måte (Grønmo, 2016, s.136).

Det andre punktet er relevans. Alle kjelder vil ikkje vere relevante for problemstillinga. Blant kjeldene som er tilgjengelege vel ein dei som best kan bidra og som er mest relevante for problemstillinga i studien (Grønmo, 2016, s.136).

Autentisitet er eit fundamental kriterium og handlar om at vi må sikre at kjelda vi nyttar er ekte, eller autentisk. Vurdering av respondentane til spørjeundersøkinga er viktig, og vi må vurdere kvarvidt respondentane er personen ho eller han gir seg ut for å vere. Det kan til dømes hende at nokon fyller ut spørjeskjemaet for respondenten, og då har ikkje respondenten sjølv svarta på spørsmåla. Informasjonen i spørjeskjemaet er ei forfalsking (Grønmo, 2016, s.136; Scott, 1990, s.6).

Det siste punktet handlar om truverdigheit. Kjelda kan vere autentisk, men vi må likevel vurdere om vi kan ha tillit til informasjonen vi har fått gjennom spørjeskjemaet. Feilaktige svar kan bli gitt av respondentane. Det kan vere vanskeleg å vurdere om kjelda er truverdig, men det er nødvendig for studien (Grønmo, 2016, s.137).

Ein bør kunne seie noko om det var lett eller vanskeleg å finne litteratur og om det er mykje eller lite litteratur om temaet (Dalland, 2017, s.158). Teori kring særleg sensitive barn har vore noko vanskeleg å finne. Det er avgrensa kvar mange ulike teoretikarar som har skriva om temaet, og mange av artiklane og bøkene som finnes går tilbake til den same personen, som er Elaine Aron. Ho er ein av dei fremste forskarane på feltet.

I mitt masterprosjekt har eg vald å laga ei spørjeundersøking med eit spørjeskjema som dei utvalde deltakarane skal svare på via internett. Eit av problema med denne typen undersøking er at respondentane *kan* vri på svarta om det er følsame spørsmål i ei retning dei oppfattar som sosialt akseptabelt (Ringdal, 2018, s.198). Sjølv om personane som svarar har eigne facebookprofilar og forhåpentlegvis er den dei gir seg ut for å vere, kan ein likevel ikkje med sikkerheit vite kvar

informasjonen kjem frå, då det er mange moglegheiter for forfalsking (Thagaard, 2018, s.146)

## 4.0 Presentasjon av data

Drøfting, vurdering, måling, kategorisering og å setje datamaterialet inn i samanheng må til før ein kan bruke datamaterialet frå undersøkinga. Måling er eit viktig reiskap, og det handlar om å vurdere, teste, kartlegge, registrere og observere. Det handlar om å vurdere verdiar på variablar som ein ikkje direkte kan observere (Befring, 2007, s.108). Det er viktig å finne riktig målenivå på grunn av at dei ulike variablane har ulikt krav til målenivå. Måleskalaen har ei avgjerande rolle for kva statistiske metodar ein kan og bør bruke, men òg for kva metodar ein ikkje kan bruke (Medbø & Søbstad, 2018, s. 46).

Det finnes fire ulike kategoriar for måling: nominalvariabel, ordinalvariabel, intervallvariabel og proporsjons- eller forholdstalsvariabel. Nominalvariabel vart òg kalla nominalskala og går ut på at ein berre snakkar om likskap og ulikskap. Variablane innanfor nominalskala vart kalla kategoriske variablar. Grunnen til dette er at variablane blir delt inn i kategoriar og deretter klassifisert i ei av fleire grupper. Innanfor nominalskala finn ein blant anna kjønn, fylke, nasjonalitet, auge farge og nasjonalitet (Befring, 2007, s.104; Medbø & Søbstad, 2018, s.43). Grunnen til at desse variablane høyrer til nominalskala er at dei berre høyrer til ei gruppe. Ein kan til dømes ikkje vere både vaksen og barn eller både mann og kvinne (Medbø & Søbstad, 2018, s.43).

Ordinalskala er den andre skalaen. Variablane blir her kalla rangordningsvariablar, og det innebera at vi refererer både til likskap og ulikskap, men òg at vi trekk slutningar om det er mindre enn og større enn (Befring, 2007, s.105). Funna blir satt opp i rekker og rangert etter størrelse. Ulike dømer innan ordinalskala er at ein kan rangere funna ut i frå om dei er eldre, vaksne, barn eller ungdom. Alfabetet kan òg høyre til denne skalaen, og går innunder her på grunn av at det er ei eintydig rekkefølge for korleis bokstavane først blir sett opp, og at ein etterpå har moglegheit for å rangere bokstavane ut i frå kva plass dei har i alfabetet. Desse døma visar korleis dei ulike variablane kan bli rangert i rekke, og høyrer difor til under ordinalskalaen (Medbø & Søbstad, 2018, s.44).

Intervallskala er det tredje målenivået, og her finn vi intervallvariablane. Denne skalaen gir oss moglegheit for å uttale oss om storleiken til måleiningane, og det fører med seg ulike intervall på skalaen. Eit av kjenneteikna ved intervallvariabelen som er vesentleg, er at uavhengig av kvar ein er på skalaen, kan intervallvariabelen bli vist ved den målte eigenskapen på same måte. Eit døme på ein slik skala er termometeret vi nyttar for å sjå temperaturen ute. Vi målar ved celsius i Noreg, og



uavhengig kvar ein er på skalaen, om det er minus eller pluss, blir variabelen målt ved den same eininga (Befring, 2007, s.106).

Forholdsskala, som ein òg kallar ratioskala, er det siste målenivået. Proporsjonsvariablar er det vi ser på denne skalaen. Skalaen har homogene einingar over heile skalaen og eit absolutt nullpunkt (Befring, 2007, s.107). Å tale om forhold mellom to størrelser gir meining på forholdsskalaen. Målebandet er eit døme på ein variabel som finnes på forholdsskalaen, og det har eit startpunkt, som er eit nullpunkt. Stykket på 100 cm langt vil alltid vere ti gonger lenger enn stykke på 10 cm (Medbø & Sjøbstad, 2018, s.45).

#### 4.1 Presentasjon

For å skilje mellom dei to spørjeundersøkingane som har blitt gjennomført, vel eg å kalle den eine for «Spørjeundersøking 1» og den andre for «Spørjeundersøking 2». Spørjeundersøking 1 er undersøkinga som hadde 88 respondentar. Denne undersøkinga vart sendt ut direkte til 542 ulike barnehagar, mens Spørjeundersøking 2 er undersøkinga som hadde respondentar frå ulike facebookgrupper og her var det 216 respondentar som svarta på undersøkinga.

I presentasjonen av grafane og tabellane, er det alltid spørjeundersøking som kjem først. Presentasjon av funn vil gå føre seg ved bruk av nokre ulike framstillingar. Fallgruver ved grafisk framstilling er store, då eit bilete kan gi eit manipulerande eller fordreia bilete av røynda og det faktum at eit bilete kan seie meir enn tusen ord. Fokuset på å skildre kva tabellen seier og å greie ut om funna vil difor vere viktig (Ringdal, 2018, s.292).

Respondentane som har skriva kommentarar, får namn ut i frå alfabetet. Respondent A, Respondent B, osv. Då blir det enklare for lesaren å sjå at det er ulike personar som har skriva dette, og enklare for meg som skal presentere det. Det vil gjere det meir oversiktleg.

På grunn av at omfanget til oppgåva er 60 +/- 10% sider blir tabellane og figurane som høyrer til presentasjonen lagt til som vedlegg slik at dei ikkje tar opp plassen til teksten.

#### 4.2 Bakgrunnsvariablar

Kvinner er ofte underrepresentert i norske intervjuundersøkingar (Ringdal, 2018, s.279). I spørjeundersøkingane som er gjort i denne forskinga er det kvinnene som dominerer i svarta. Dette handlar truleg om talet på menn og kvinner som arbeidar i norske barnehagar.

Datagrunnlaget i denne studien kjem frå to like spørjeundersøkingar, som er sendt ut på to forskjellige måtar. Her var det 88 respondentar på den eine undersøkinga og 216 respondentar på den andre undersøkinga. I undersøkingane hadde eg med bakgrunnsvariablar for å starte litt lett. Bakgrunnsvariablar gir forskaren moglegheit til å sjå svara i lys av kva grupper svara høyrer til. Det er viktig å tenkje nøye gjennom kva bakgrunnsvariablar ein ynskjer å ha med slik at ein får svar i høve til problemstillinga (Dalland, 2017, s.130). Bakgrunnsvariablane som vart inkludert i spørjeundersøkinga var kjønn, utdanning, alder og fylke. I presentasjon av funn og for å svare på problemstillinga, ser eg på kjønn og utdanning som dei viktigaste bakgrunnsvariablane, og ynskja å sjå nærare på desse to.

Figur 4.2.1 (sjå vedlegg 2) visar spørjeundersøking 1. Her kan ein sjå at det er 91% kvinner som har svara på undersøkinga, mens 9% av dei som svara er menn. Spørjeundersøking 2, som blir vist i figur 4.2.2 (sjå vedlegg 2) har 98% kvinnelege respondentar, og berre 1% mannlige respondentar. Det er noko ulikskap i spørjeundersøkingane, men hovudtrekka er at det er flest kvinner som svarar på spørjeundersøkinga.

På ein skala frå 1 til 10, der 10 er best og 1 er dårlegast, fekk respondentane i oppgåve å rangere seg sjølv. Dette spørsmålet var eit oppfølgingsspørsmål til det førige spørsmålet, som omhandla om dei hadde kunnskap om dei særleg sensitive barna eller ikkje. Figur 4.2.3 (sjå vedlegg 2) visar korleis respondentane i spørjeundersøking 1 svara på dette spørsmålet. I ytterkantane finn ein færrest av respondentane. 1 respondent, som utgjer om lag 1% har svara at hen har 10 i kunnskapsnivå kring dei særleg sensitive, mens 3% som utgjer 2 respondentar har svara at dei har 1 i kunnskapsnivå. Ingen har svara at dei er 9, men 6%, altså 4 respondentar har svara at dei har 2 i kunnskapsnivå.

Mange av respondentane har rangert seg sjølv frå fire til og med åtte, og her er det jamne svar. Flest har rangert seg sjølv på 7, og dette utgjer 18 av respondentane. 4 og 6 på rangeringa stillar nokså likt med 12 = 17% på 4 og 13 = 18% på 6, mens heilt i midten finn ein 8 respondentar, som utgjer 11%.

Spørsmål om respondentane som svara JA på om dei har kunnskap kring omgrepet kunne rangere kvar dei var på ein skala frå 1 til 10 var svært varierende. Rangeringa var at 1 var dårlegast, mens 10 var best. På figur 4.2.4 (sjå vedlegg 2) ser ein korleis respondentane i spørjeundersøking 2 har plassert seg sjølv. Det er nokre få respondentar i ytterkantane, som har plassert seg på 1 og 2 og 9 og 10. 4% av respondentane vil seie at dei har lite kunnskap kring omgrepet, men svarar ja, og at dei vil plassere seg på 1. Dette utgjer 7 av respondentane, og like framføre er det 11 respondentar, som utgjer 6% som har svara at dei er på ein 2er.

I andre enden av skalaen har vi 2% som har svara at dei har kunnskap som tilsvara 10, og dette utgjer 4 respondentar. 6 av respondentane har svara at dei har kunnskapsnivå som tilsvara 9, og dette utgjer 3% av alle respondentane som har svara. Elles er det nokså like prosentandelar frå 4 til og med 7, og det er her ein ser at dei aller fleste respondentane vil rangera seg sjølv. Flest respondentar finn ein på 5, som er midtpunktet, og der har 36 av respondentane, som utgjer 19%, svara at dei vil rangera seg sjølv.

Utdanning er ein av bakgrunnsvariablane som er tatt med, og grunnen for dette er at eg ynskja å sjå om det var skilnadar på utdanningsnivå i forhold til om respondentane visste noko om temaet eller ikkje. I tabell 4.2.5 (spørjeundersøking 2), 4.2.6 (spørjeundersøking 2), 4.2.7 (spørjeundersøking 1) og 4.2.8 (spørjeundersøking 1)(sjå vedlegg 2) ser vi korleis kjønn fordelar seg utover utdanning.

For å finne prosent ut av heile gruppa av respondentar, har eg òg rekna prosenten, slik at det blir eit meir heilskapleg bilete på kva utdanning kvinnene og mennene som har svara ja har, og kvinnene og mennene som har svara nei på kunnskapsnivå.

I spørjeundersøking 2 er 57,7% av kvinnene som svara arbeidar som førskulelærer eller barnehagelærer, 8,4%, 3,3% assistentar, 4,2% spesialpedagogar og 6,5% har ei anna utdanning. Dette er respondentane som har svara at dei har kunnskapsnivå om særleg sensitive barn, mens av respondentane som har svara nei på om dei har kunnskapsnivå om særleg sensitive barn, er 11,6% førskulelærarar eller barnehagelærarar, 2,3% er fagarbeidarar og 2,8% har anna utdanning. Blant menn i spørjeundersøking 2 er det 1,4% førskulelærarar som har svara ja og 0,9 % fagarbeidarar, mens 1,9% førskulelærarar har svara nei. Siste er vedkommande som har vald «anna» som kjønn, og har svara nei på kunnskapsnivå, og denne personen utgjer 0,5% av svarprosenten.

Førskulelærarane blant kvinnene i spørjeundersøkinga består av 55,7% som har svara ja på kunnskapsnivå og 14,8% som har svara at dei ikkje har kunnskapsnivå, 4,5% fagarbeidarar som har svara ja, 1,1% som har svara nei, 2,3% som er assistentar som har svara ja, 4,5% som har svara nei, 2,3% som arbeidar som spesialpedagog har svara ja, 3,4% har svara ja og har ei anna utdanning og 2,3% har svara nei og har ei anna utdanning. Mannen som har svara i undersøkinga utgjer 1,1% og har svar ja på kunnskapsnivå kring dei særleg sensitive barna.

#### 4.2.1 Kjønnsskilnadar

For å sjå på samanhengar mellom variabelnivå, vart det nytta tabellanalyse, og ved å nytte det, vil eg

sjå på om det er samanheng mellom kjønn og kunnskapsnivå. (Grønmo, 2016, s.315). Radene i tabellen 4.2.1.1 visar oss dei særskilde fordelingane av kjønn for kvar av verdiane på kunnskapsnivå. Betingede fordelingar blir desse særskilde fordelingane kalla, på grunn av at det visar korleis ulike verdiar av kjønn, altså mann, kvinne og anna, er med på å betinge fordelinga av kunnskapsnivå. I kolonnen til høgre har vi marginalfordelingar, og den er identisk med den univariate fordelinga til variabelen. Desse verdiane er ikkje betinga.

Den vertikale og den horisontale prosentueringa gir grunnlag for å vurdere om det er ein samanheng mellom variablane og for å samanlikne dei betinga fordelingane. Marginalfordelinga her visar blant anna i tabell 4.2.1.3 (sjå vedlegg 3) at 76% av alle som svara har kunnskap kring dei særleg sensitive i spørjeundersøking 1, uavhengig av om det er mann eller kvinne. Ser ein på tabell 4.2.1.4 (sjå vedlegg 3) kan ein sjå at 81,4% av alle som svara har kunnskap kring dei særleg sensitive barna. Dette er uavhengig av kjønn (Grønmo, 2016, s.316).

Det er skilnadar mellom dei betingede fordelingane og marginalfordeling og dei betinga fordelingane innbyrdes. På grunn av desse skilnadane er det ein samanheng mellom variablane. Tabell 4.2.1.3 (sjå vedlegg 3) som høyrer til spørjeundersøking 1, visar blant anna at ei marginalfordeling på 76% av einingane har kunnskap kring dei særleg sensitive barna, mens dei betinga fordelingane visar at 87,5% av mennene og 75% av kvinnene hevdar at dei har kunnskap kring dei særleg sensitive barna. Tabell 4.2.1.4 (sjå vedlegg 3) som høyrer til spørjeundersøking 2 visar ei marginalfordeling på 81,4%, og dette seier noko om både kvinner og menn samanlagt som meiner dei har kunnskap kring dei særleg sensitive barna. Dei betinga fordelingane visar at 100% av mennene og 81,5% av kvinnene hevdar at dei har kunnskap kring dei særleg sensitive barna.

Prosentdifferansen i tabell 4.2.1.3 (sjå vedlegg 3) er  $87,5 - 75 - 0 = 12,5$  på at respondentane meiner dei har kunnskap kring dei særleg sensitive barna. På dei som ikkje har kunnskap kring dei særleg sensitive barna er prosentdifferansen  $12,5 - 25 - 0 = -12,5$ . Her kan ein sjå at talverdiane er identiske, med unntak av forteiknet, og dette er alltid tilfelle i firefeltstabellar, kvar ein finn variablar med to verdiar.

I tabell 4.2.1.4 (sjå vedlegg 3) i denne undersøkinga er prosentdifferansen  $100 - 81,5 = 18,5$  der respondentane svara at dei har kunnskap kring dei særleg sensitive barna, mens der som respondentane meiner dei ikkje har kunnskap kring desse barna blir prosentdifferansen  $18,5 - 100 = -181,5$ . Med variasjon frå -100 til +100, vil prosentdifferansen bli 0 om det ikkje er statistisk samanheng mellom variablane. Det er difor ein statistisk samanheng mellom menn og kvinner i desse

to undersøkingane. Prosentdifferansens talverdi visar samanhengen og kvar sterk han er. Prosentdifferansen er stor i begge desse undersøkingane, og det er difor ein sterk samanheng mellom variablane. Vi kan tolke dette som årsakssamanheng, og i denne samanhengen kan kjønn sjåast på som ein årsak til kunnskapsnivå, og kunnskapsnivået vil stå fram som ein effekt av kjønn (Grønmo, 2016, s. 318-319; Ringdal, 2018, s.339).

Utdanning, kjønn og kunnskapsnivå kring særleg sensitive var ein samansetning eg synes var interessant å sjå nærare på. Den visar oss blant anna at 98,3% dei som svara JA i spørjeundersøking 2 på at dei har kunnskapsnivå kring dei særleg sensitive er kvinner, og 97,6% av desse kvinnene er barnehagelærarar.

### 4.3 Sensitive gutar og jenter

Figurane 4.3.1 og 4.3.2 (sjå vedlegg 4), visar korleis respondentane fordelar dei særleg sensitive barna i deira barnehage. Fordelinga i denne delen går ut i frå kjønn og her var det fem ulike svaralternativ som respondentane kunne krysse av på. Med desse svaralternativa følte eg at det var mogleg å få fram ulikskap på kjønn, og om respondentane har likt inntrykk som forskning seier at del av gutar og jenter seier at det truleg er.

Figuren 4.3.1 (sjå vedlegg 4) ovanfor viser korleis respondentane vil fordele dei særleg sensitive individa. 44% av respondentane seier at både gutar og jenter er særleg sensitive og at det er likt fordelt mellom kjønna. Elles har respondentane fordelt seg nokså jamt utover på dei andre svaralternativa, med nokre få prosent i skilnadar på dei ulike komponentane. 15% av respondentane trekk fram at det berre er gutar som er særleg sensitive, og 11% trekk fram at det berre er jenter som er særleg sensitive.

Nokre av respondentane svarar at begge kjønn er særleg sensitive, men at dei fleste av dei er jenter. Her har 18% gitt dette svaralternativet, mens 13% svarar at begge kjønn er representert kring dei særleg sensitive, men trekk fram at det er flest gutar. Samla kan ein sjå at dei fleste respondentane trekk fram at kjønn er likt representert hjå dei særleg sensitive.

Det er ikkje store skilnadar på kva respondentane i dei to spørjeundersøkingane meiner. Figur 4.3.2 (sjå vedlegg 4) viser at 48% prosent av respondentane tenkjer at begge kjønn er særleg sensitive, og ser på dei som likestilte i denne samanhengen. For svaralternativet begge deler, men flest gutar, har 24% svara dette alternativet i motsetnad til 13% i tabell 4.3.1. 8% av respondentane ser på begge kjønn som særleg sensitive, men trekk fram at det er fleire jenter enn gutar i denne samanhengen.

Respondentane har fordelt seg svært ulikt på svaralternativa *jenter og gutar*. 15% har svara at det er gutane i deira barnehage som er særleg sensitive, mens 5% har svara at i deira barnehage er det jentene som er særleg sensitive. Samla kan ein sjå at rett under halvparten av respondentane ser på begge kjønn som likt fordelt på kjønn av dei særleg sensitive i barnehagane dei arbeidar i.

#### 4.4 Høgsensitiv eller *berre* meir sensitiv enn andre?

For å forstå om respondentane har kunnskap kring dei særleg sensitive barna slik som Elaine Aron skriv om dei, såg eg på det som viktig å få med om respondentane tenkjer dei har barn i barnehagen dei arbeidar i som er særleg sensitive eller ikkje.

Figur 4.4.1 (sjå vedlegg 5) er i frå spørjeundersøking 1 og visar at 86,2% av respondentane meiner dei har barn i barnehagen som er særleg sensitive, mens 13,8% meiner at dei ikkje har barn i barnehagen som er særleg sensitive.

Til spørjeundersøking 2 høyrer 4.4.2 (sjå vedlegg 5) til, og her kan ein sjå at 87,9% av respondentane tenkjer dei har særleg sensitive barn i barnehagen, mens 12,1% tenkjer at dei ikkje har det. Det er berre 1,7% som skil dei to undersøkingane, så vi kan seie at dei er nokså like i svarprosent, og det kan sjå ut som at respondentane i begge undersøkingane er einige i høve til om dei har særleg sensitive barn i deira barnehage eller ikkje.

Talet på særleg sensitive barn respondentane meiner dei har i barnehagen er av varierende grad. Figur 4.4.3 (sjå vedlegg 5) visar kva respondentane frå spørjeundersøking 1 svara. 7%, som altså er 5 av respondentane meiner at det ikkje er nokon i barnehagen som er særleg sensitive, mens så mange som 31% av respondentane svara at det er 2 barn som er særleg sensitive. Flest respondentar held seg frå 1 til 4 barn, og det er 16% som svara at dei har 4 barn i barnehagen som er særleg sensitive, 13% svar at dei har 3 barn, mens 12% svara at det er 1 barn hjå dei som er særleg sensitive. 4% av respondentane har 10 barn i barnehagen deira som er særleg sensitive, 3% svara at dei har 8 barn i barnehagen, mens 6% svara at det er 6 barn i deira barnehage.

På figur 4.4.4 (sjå vedlegg 5) kan vi sjå kva respondentane i spørjeundersøking 2 svara. Her svara 6% at dei ikkje har nokre barn i barnehagen som er særleg sensitive, og dette utgjer 11 av respondentane. Det er flest respondentar som svara at det er 2 barn i deira barnehage, og desse utgjer 25%. Respondentane svarar jamt frå 1 til 5, og det er her ein finn dei fleste svara. 11% seier at

dei har 1 barn i barnehagen som er særleg sensitiv, mens 14% seier at dei har 3 barn. 12% av respondentane svara at det er 4 barn i deira barnehage, mens 21% tenkjer at det er 5 barn. Elles fordel prosentfordelinga seg jamt utover, og 1% svar at dei har 30, 20 og 15 barn i sin barnehage, mens 2% svara at dei har 12 barn. Så mange som 10 barn er det 4% som svara at det er i deira barnehage, og dette utgjer 8 respondentar. Sist finn ein 6 og 7 særleg sensitive barn i barnehagen, og det er det 5% og 3% som svara.

#### 4.5 Særleg sensitive trekk

For det særleg sensitive mennesket, finnes det mange trekk som kjenneteiknar dei, og som dei del av spørjeskjemaet var det ramsa opp mange ulike trekk, som respondentane kunne krysse av på. For å samanlikne svara, er det delt inn i kvar mange prosent av svara som er svara på av dei som har kunnskap kring dei særleg sensitive barna, og dei som ikkje har det. Grunnen for at dette er interessant, er for å sjå om *andre* barn òg kan ha same trekk, for då kan ein få ein interessant diskusjon og refleksjon i drøftingsdelen. Det har kome fram ulike meiningar, og respondent E svara at fleire enn vi trur er særleg sensitive, og kunne ikkje svare med eit eksakt tal kvar mange sensitive barn som gjekk i barnehagen hen arbeida i, mens respondent F tenkjer at om lag halvparten av alle barna på ein avdeling på ein eller anna måte har sensitive trekk.

Figur 4.5.1 (sjå vedlegg 6) er frå spørjesøking 1 og figuren visar kva respondentane som hadde kunnskap kring dei særleg sensitive barna svara på spørsmål om trekk som kjenneteiknar det særleg sensitive barnet. Det er likevel ikkje slik at eitt barn har alle desse trekka. I presentasjonen vil dei som har kunnskap kring dei særleg sensitive barna først bli presentert med prosent, deretter dei som ikkje har kunnskap kring dei særleg sensitive barna. Dette vil bli gjort ved kvart trekk. Det er rekna prosent av kvart tal ut i frå talet på respondentar som svara på undersøkinga. På dette spørsmålet var det 88 respondentar.

*Spesielt empatiske* var det første trekket, og her svara 26,1% av respondentane med kunnskap om dei særleg sensitive at dei har barn i barnehagen med dette trekket, mens 2,3% av dei som ikkje tenkjer dei har kunnskap kring desse barna svara at dei har barn i barnehagen med dette trekket. Dette utgjer 25 respondentar. Neste trekk er *Blir lett overstimulert* og her svara 46,6% og 5,7% at dei har barn i barnehagen med dette trekket, og her svara samanlagt 46 respondentar. Mens så mange som 77 av respondentane svara at dei har barn i barnehagen med *Sterke emosjonelle reaksjonar* og dette utgjer. Dette utgjer 68,2% og 19,3%.

*Sensitiv for subtil stimuli* er eit anna trekk, og her svara 40,9% og 6,8% at det er barn i deira barnehage med dette trekket, mens neste trekk som er *Klage over kulde, varme, våte klede, klede som klør* var det 52,3% og 12,5% som svara. Her var det 57 av respondentane som trykka på.

Eit anna trekk er *Behov for å trekke seg tilbake (døme: leike åleine)* og 65 av respondentane svara her, noko som utgjør 61,4% og 12,5%. Ikkje mange færre respondentar svara på *Vurderer/observerer situasjonen før dei eventuelt delteke* med 60 respondentar, og 56,8% og 11,4%.

*Apati, raserianfall eller tilbaketrekking om det blir for mykje inntrykk* utgjorde 51,1% og 12,5% av respondentane. Dette er 56 stk, mens neste trekk har fått mange respondentar. *Barnet treng førebuing før overgangar* er det andre trekket som har mange respondentar. Her har 73 av respondentane svara, kvar fordelinga er 64,8% og 18,2%.

Neste trekk er *Sutrete, irritert, vil ikkje ete, gnir seg i auga eller protesterer når det blir for mykje* og her svara 42% og 11,4% at dei kjenner igjen frå barnehagen. Enda færre svara på neste trekk, som er *Barnet bruker vanskelege ord for alderen etter at barnet har høyrte det eit par gonger*. Her var det 22 respondentar, med 19,3% og 5,7%.

*Barnet har problem med å ta avgjerd på grunn av at det finnes så mange moglegheiter* fekk 36,4% og 4,5% svarande respondentar, mens trekket *Barnet stillar djupe spørsmål* hadde 31,8% og 4,5% av respondentane som svara. Litt fleire respondentar var det på trekket *Barnet fangar opp små detaljar*, då det var 50% og 13,6% svarande her. Neste trekk var *Barnet kan oppleve høge lydar som smertefulle*, med sine 48,9% og 9,1%.

*Likar ikkje overraskingsselskap* er eit anna trekk dei særleg sensitive bar, med ein svarprosent på 20,5% og 3,4%. Neste trekk hadde nokså lik svarprosent med 18,2% og 1,1%. Dette trekket var *Held seg nokre gonger borte frå lagsport og selskap*. Mens *Tar ikkje ordet i store forsamlingar* hadde ein svarprosent på 40,9% og 9,1%.

At dei har barn i barnehagen som blir *Blir lett trett og sliten* var det 44,3% og 8% som svara på. Mens trekket *Har gjerne ekstreme reaksjonar på smerte eller forandring* svara 33% og 3,4% av respondentane at dei kunne kjenne igjen i barnehagen. Nokre barn *Visar ei stor innlevingsevne – føler kva den andre personen følar* og her var det 26,1% og 1,1% som svara.

Med ein litt større svarprosent, fekk trekket *Barnet gret lett* 47,7% og 13,6% svarande respondentar.



Mens eit anna trekk var *Barnet les tankane dine* var eitt av trekkane, og her svara 5,7 som utgjer 5 av respondentane. Vidare med ein svarprosent på 50% og 9,5, hadde trekket *Barnet kan reagere sterkt om han/ho gjer den minste feil eller er perfeksjonist* halvparten av respondentane som hadde kunnskapsnivå kring dei særleg sensitive barna som responderande på trekket.

*Barnet registrera tonefall og blikk* fekk 42% og 8% svar frå respondentane, og trekket *Barnet registrera oppmuntring eller irettesetting* hadde 42,0% og 5,7% svarande respondentar.

Siste trekket var *Følsemd ovanfor hårfine detaljar, og dette kan hjelpe dei til å sanse kva vaksne ynskjer frå dei i barnehage/skule* og her var det 30,7% og 1,1% av respondentane som svara.

Figur 4.5.2 (sjå vedlegg 6) visar korleis fordelinga av respondentar var i spørjeundersøking 2. Dette spørsmålet hadde 214 svarande respondentar, og det er rekna prosent ut i frå dette for å vise kvar mange respondentar av 214 som har svara på dei ulike spørsmåla. Svara blir oppgitt i prosent, og ved nokre av trekkane blir òg talet på respondentar presentert. Respondentane som hadde kunnskap kring dei særleg sensitive barna blir presentert først i prosent, deretter blir dei som ikkje har kunnskap kring desse barna presentert. Difor kjem det to prosenttal etter kvarandre.

Det første trekket var *Spesielt empatiske* og her var det 32,2% og 4,7% som svara. Neste trekk er *Blir lett overstimulert* 52,3% og 8,4% denne svarprosenten utgjorde 112 av respondentane på spørsmålet, mens Trekket *Sterke emosjonelle reaksjonar* hadde høg svarprosent med 143 respondentar, og dette utgjorde 66,8% og 14% av alle respondentane i spørjeundersøking 2.

Å vere *Sensitiv for subtil stimuli* var eit trekk som fekk 45,8% og 6,5%. Mens *Klage over kulde, varme, våte klede, klede som klør* fekk ein svarprosent på 50,9% og 8,9%, med 128 respondentar. Eit anna trekk med høg svarprosent var *Behov for å trekke seg tilbake (døme: leike åleine)*. Her svara 67,8% og 13,1% at dei kunne kjenne igjen frå barnehagen, og denne svarprosenten utgjorde 173 av respondentane. Neste trekk hadde òg nokså høg svarprosent. Dette trekket var *Vurderer/observerer situasjonen før dei eventuelt delteke* og fekk ein svarprosent på 56,1% og 12,6%.

*Apati, raserianfall eller tilbaketrekking om det blir for mykje inntrykk* kan fleire kjenne igjen, og her svara 55,1% og 9,3%, noko som utgjord ein stor del av respondentane. *Barnet treng førebuing før overgangar* er det andre trekket som har mange respondentar. Her har 174 av respondentane svara, kvar fordelinga er 65,9% og 15,4%. Mens trekket *Sutrete, irritert, vil ikkje ete, gnir seg i auga eller protesterer når det blir for mykje* har svarprosent om lag på midten av talet på respondentar, med sine 42,1% og 9,3%.

*Barnet bruker vanskelege ord for alderen etter at barnet har høyrte det eit par gonger hadde litt lågare svarprosent med 27,1% og 3,3%. Mens trekket *Barnet har problem med å ta avgjerd på grunn av at det finnes så mange moglegheiter* klatrar litt opp og får ein svarprosent på 32,7% og 5,6%.*

Nokre av trekkene fekk lågare svarprosent enn andre, og trekket *Barnet stillar djupe spørsmål* var eitt av desse med 26,6% og 5,1%. Til samanlikning, var dette eit trekk som klatra høgt opp på stigen og trekket var *Barnet fangar opp små detaljar*. Her var det ein svarprosent på 48,1% og 8,9%. Liknande svarprosent fann ein hjå trekket *Barnet kan oppleve høge lydar som smertefulle*, kvar det var 44,9% og 5,1% som svara at dette var eit trekk dei fann igjen hjå barn i deira barnehage.

Nokon *Likar ikkje overraskingsselskap* og ifølgje respondentane kunne 22,9% og 3,3% kjenne dette igjen frå barnehagekvardagen. Svarprosenten utgjorde 49 av respondentane, mens trekket *Held seg nokre gonger borte frå lagsport og selskap* hadde nokså lik del respondentar, med 46 stk, og dette svarar til 21,5% og 1,9%.

Nokre barn *Tar ikkje ordet i store forsamlingar* og dette trekket fekk god svarprosent, med 37,9% og 7,5% svarande respondentar. Neste trekk klatrar litt opp, og dette trekket er *Blir lett trett og sliten* og hadde 47,2% og 7% respondentar som svara, og samanlagt utgjør dette litt over halvparten av respondentane.

Klatrar vi litt lenger ned, finn vi trekket *Har gjerne ekstreme reaksjonar på smerte eller forandring* som fekk ei svarprosent på 33,6% og 6,1%. Enda lenger ned på skalaen finn ein trekket *Visar ei stor innlevingsevne – føler kva den andre personen følar*, og her var det 24,3% og 2,3% som kunne kjenne trekket igjen frå barnehagen. Mens trekket *Barnet gret lett ser det ut til at mange respondentar kjenner igjen*, og her var det 125 respondentar som svara, og då klatrar ein over halvparten av respondentane, med ein svarprosent på 48,6% og 9,8%.

Færrast svar frå respondentane har trekket *Barnet les tankane dine*. Her svara 17 respondentar, noko som vil seie 7,5% og 0,5%. Mens trekket *Barnet kan reagere sterkt om han/ho gjer den minste feil eller er perfeksjonist* klatrar ein heil del opp med sine 40,2% og 7,9%. Dei neste trekkene har nokså lik svarprosent. Det første trekket er *Barnet registrera tonefall og blick og har ein svarprosent* på 41,6% og 5,1%, mens det neste trekket har ein svarprosent på 41,1% og 8,4% og er *Barnet registrera oppmuntring eller irettesetting*. Mens siste trekket var *Følsemd ovanfor hårfine detaljar, og dette kan hjelpe dei til å sanse kva vaksne ynskjer frå dei i barnehage/skule* og her var det 27,1% og 1,9% som

svara.

#### 4.6 Kritikk av omgrepet

Tilbakemeldingar på spørjeundersøkinga var det mange av, og fleire av respondentane nytta det eine spørsmålet i spørjeundersøkinga til å ytre sine meiningar om dei særleg sensitive personane. Det var fleire respondentar som var interesserte i å diskutere kvar omgrepet kom i frå og om dette var nødvendig å kalle nokon for særleg sensitiv. Respondent A lurte på kvar omgrepet var i frå, for hen hadde berre funnet tilbake til den same psykologen på feltet, og nemnde i denne samanhengen Elaine Aron. Respondenten synes at å definere nokon som høgsensitive med bakgrunn i denne psykologen og hennar forskning er tynt. Samtidig skriv respondenten at ein i første omgang skal tenkje at alle barn er ulike, og at dei har forskjellige behov. Barnehagelæraren sin jobb vil vere å tilpasse barnehagekvardagen til det enkelte barnet, men vil likevel ikkje utelukka at høgsensitiv kan vere eit nytt omgrep. Omgrepet er ifølgje respondenten for stort, noko som gjer at det ikkje er til noko særleg nytte og at det blir upresist innanfor forskingsbiten.

Respondent B synes ikkje at ein skal stemple eller diagnostisere barn som høgsensitive, men heller tenkje at dei som arbeidar i barnehagen skal vere høgt sensitive og anerkjenne signala barna viser dei vaksne.

Ein av dei andre respondentane, respondent C svara at det ikkje var nokon barn i barnehagen som var særleg sensitive, då alle barn i større eller mindre grad har trekka som blir skildra for det høgsensitive mennesket, mens respondent D svara at hen ikkje trur nokon er meir sensitive enn normalt.

Fleire av respondentane kommenterte at dei følte det mangla svaralternativ, og at dette gjorde at det var vanskeleg å svare fullstendig på spørjeundersøkinga.

Eit av spørsmåla handla om kvar mange av barna i barnehagen dei tenkte var høgsensitive, og her sakna respondentane at dei kunne skrive meir fritt. Ein av respondentane ynskja blant anna å ha med kvar mange barn dei hadde i sin barnehage på grunn av at då kunne ein seie noko om prosent i den enkelte barnehagen. Då kom det etterpå kommentarar frå folk som lurte på korleis ein eigentleg kunne rekne gjennomsnitt eller seie noko om datamaterialet ein har samla inn, om ein ikkje veit til dømes 5 av kvar mange. Er det 5 av 20 eller er det 5 av 100 er det ein vesentleg forskjell på det.

#### 5.0 Analyse og drøfting av data

## 5.1 Bakgrunnsvariablar

Gjennomgang av bakgrunnsvariablane gav ei god innsikt i korleis skilnadane på kjønn og utdanning gjekk føre seg i kunnskapsnivå kring det særleg sensitive mennesket. Ein av bakgrunnsvariablane eg ynskja å ta med i prosjektet var kva kjønn respondentane hadde. Her fekk dei som svara alternativa «menn», «kvinner» eller «anna». Det er ikkje ein hemmelegheit at dei fleste som arbeidar i norske barnehagar er kvinner. Ifølgje Utdanningsdirektoratet var 9,7% av dei tilsette i barnehagane i 2019 menn, mens i Temahefte om Menn i barnehagen frå 2006 stod det 9%. Dette tyder på at talet på menn i barnehagen ikkje har endra seg særleg mykje dei siste åra (Friis, 2006, s.6; Utdanningsdirektoratet, 2020).

Det kom fram av svara at det både var menn og kvinner som svara på spørjeundersøkinga. I spørjeundersøking 2 var det eit fåtal av menn som svara, med berre 3 respondentar. Spørjeundersøking 1 hadde 8 respondentar, som utgjorde om lag 9% av spørjeundersøkinga. Dette samsvarar med kvar mange menn som arbeidar i barnehagen i dag, og vil kanskje vere eit representativt tal, utan at ein skal trekke ein konklusjon om det. Talet på kvinner i spørjeundersøkingane var nokså like, med 91% kvinner representert i spørjeundersøking 1 og 98% representert i spørjeundersøking 2. I denne undersøkinga er det berre 1% mannlege respondentar. Ringdal (2018) trekk fram at det ofte er fråfall av kvinner i spørjeundersøkingar, difor er dette eit godt resultat, då nesten alle som har svara er kvinnelege representantar.

Det kom fram av undersøkingane at det er skilnadar, og resultatet viser oss at 76% av alle som svara i spørjeundersøking 1 har kunnskap kring dei særleg sensitive, uavhengig om dei er mann eller kvinne. Dette er eit godt tal, og det er positivt å sjå at såpass mange tenkjer at dei har kunnskap kring desse barna. I spørjeundersøking 2 er det òg godt representert, med 81,4% av alle som har svara. Her blir kvinner i spørjeundersøking i representert med 75% på kunnskapsnivå og 81,5% i spørjeundersøking 2. Menn blir representert med 87,5% i den første undersøkinga, mens i undersøking 2 blir dei representert med 100%.

I undersøkingane som har blitt gjort er det ein statistisk samanheng mellom variablane menn og kvinner. Kjønn *kan* sjåast på som ein årsak til kunnskapsnivå, og kunnskapsnivå *kan* vere ein effekt av kjønn.

Respondentane som svara at dei har kunnskapsnivå kring dei særleg sensitive barna, fekk i oppgåve i plassere seg sjølv på ein skala frå 1 til 10, der 1 er dårlegast og 10 er best. Rangeringa frå 4 til 8 var jamn, og i spørjeundersøking. I spørjeundersøking 1 hadde flest av respondentane rangert seg sjølv på 7, og dette er litt over midten, og då vil eg tru at desse respondentane har litt meir enn gjennomsnittleg kunnskapsnivå, samtidig som det er moglegheit for å få enda meir kunnskap. Denne plasseringa utgjer 25% av respondentane.

I spørjeundersøking 2 hadde flest respondentar plassert seg på 5, som er midtpunktet. Her har 19% svara, noko som utgjer 36 respondentar. Ein finn nokre respondentar i ytterkantane, både på 1 og 10 i begge undersøkingane, men gjennomsnittleg vil begge undersøkingane hamne i midten på 5.

Utdanning var vidare ein bakgrunnsvariabel som eg såg på som interessant å ta med. Ein ser at det er førskulelærarane eller barnehagelærarane som er best representert i denne undersøkinga, og det er truleg dei som kan mest om omgrepet. Både 57,7% av dei som har svara i undersøkinga er kvinner i spørjeundersøking 2, og 55,7% av dei som har svara i spørjeundersøking 1 er kvinner, og alle desse kvinnene seier at dei har kunnskap kring dei særleg sensitive barna. Litt over halvparten i begge undersøkingane er kvinner som har kunnskap kring dei særleg sensitive barna, og desse kvinnene arbeidar som førskulelærarar/barnehagelærarar.

1,4% av dei som har svara i undersøkinga er menn, og denne prosentent presentera både at desse menn har kunnskap kring dei særleg sensitive, men òg at desse menn er førskulelærarar/barnehagelærarar. Dette er data frå spørjeundersøking 2, mens spørjeundersøking 1 har blant anna ein svarprosent på 1,1% som presentera menn som har svara ja på kunnskapsnivå, og som er utdanna førskulelærarar/barnehagelærarar.

Grunnen for at det kan vere så store skilnadar på menn og kvinner, er talet på menn som har svara i undersøkingane. Det er mogleg det hadde vore annleis tal, hadde ein eit jamnare tal på menn og kvinner. Difor er ikkje dette eit representativt tal på kunnskapsnivået til menn og kvinner som arbeidar i norske barnehagar, men det *kan* vere ein peikepinne på korleis det kan vere.

## 5.2 Sensitive gutar og jenter

Tidlegare forskning seier at kvar femte person, altså 20% av alle personar, blir rekna som særleg sensitive. Både blant gutar og jenter er kvar femte person særleg sensitiv (Aron, 2015; Zeff 2010). I min studie er det ulike meiningar kring omgrepet, og det er ulike meiningar rundt *kven* som er særleg

sensitive. 44% i undersøking 1 og 48% i undersøking 2 seier at både gutar og jenter er særleg sensitive, og at det ikkje er skilnadar mellom kjønn i denne samanhengen. Dette gir oss eit bilete av at det er under halvparten som meiner det er likt mellom kjønn.

Forskinga til Aron tyder på at det er likt mellom gutar og jenter, men ut i frå det respondentane har svara, undrar eg på kvifor det er så ulike tankar om kva kjønn som er særleg sensitive. Det er variasjon i svara. Viktig å peike på er at dette er korleis respondentane opplev at kjønnsfordelinga er i deira barnehage, og slik dei opplev barnegruppene dei har i barnehagen ved datainnsamlingstidspunktet. Dette gjeld ikkje generelt om særleg sensitive menneske, sjølv om det er mogleg at tala ville vore det same om dei hadde svara på eit meir generelt grunnlag.

Det kom fram i presentasjonen av funna at 15% i både spørjeundersøking 1 og 2 svarar at det er flest gutar som er særleg sensitive. Dette passar med det Zeff (2010) skriv om at det er skilnadar på babyar som er jenter og gutar, då gutane er meir emosjonelle enn jentene når dei er babyar, men at innan gutane er fem år gamle har dei undertrykt kjenslene sine på grunn av forventningane samfunnet har til det å vere gut. Kjensla som gutane ikkje har undertrykt er sinne. Det kan godt hende at mange av gutane ikkje undertrykker kjenslene sine før dei er nærare 5 år, og mange av gutane i barnehagen er under 5 år, noko som kan verta avgjerande for svara til respondentane. Det er godt mogleg dei opplev gutane som meir sensitive, og at gutane som desse respondentane har svara om, visar at dei er meir sensitive enn jentene i barnehagen.

Dei gutane som har kome til alderen kvar kjenslene blir undertrykt og ofte visar mykje sinne, vil ein oppleve som annleis. Kan dette vere med på å påverke korleis gutar blir oppfatta, og kan dette ha noko å seie for svara som er kome fram i spørjeundersøkinga? Eg vil tru at det vil seie at nokre gutar har undertrykt kjenslene sine før dei blir fem år, og på denne måten kan dei undertrykke kjenslene sine, som gjer at dei ikkje kan bli kjent igjen som eit høgsensitivt individ (Zeff, 2010). Miljøet kan vere ein stor påverknad på korleis ein skal oppføre seg, og Drugli (2013) trekk fram transaksjonsmodellen og fortel korleis denne modellen er med på å sjå korleis individuelle faktorar og miljøfaktorar over tid påverkar barnet si utvikling. Vi som arbeidar i barnehagen kan vere med på å hjelpe gutane til at det er greitt å vise kjensler, slik at dei ikkje undertrykka det dei føler og tenkjer. Då vil ein kanskje kjenne igjen dei sensitive gutane seinare, og at kjenslene ikkje er undertrykka på grunn av at omgjevnadane og miljøet seier at «gutar ikkje skal vise kjensler». Flaten (2018) trekk fram at gjennomsnittsnormene ikkje nødvendigvis hjelp alle barn i utviklinga deira, og at ein må ikkje sjå på barnas individuelle sider som avvik.

Zeff (2010) trekk fram at i nokre kulturar er det å vere ein sensitiv gut rart eller unormalt, og det kan vere mogleg at dette stemmer i denne samanhengen. Frå gammalt av var det slik i Noreg òg, men truleg er dette på veg til å snu, sjølv om det likevel er ein lang veg å gå. Det er nok ikkje 100% akseptert enda at gutar skal vise kjensler. Aron & Kraft (2013) er einige og skriv at det finnes kulturelle forventningar om korleis menn og kvinner skal oppføre seg. Gutane som trekk seg tilbake eller er sjenerte vil få negative reaksjonar, men ikkje jentene. Dei vaksne i barnehagen må ifølgje Flaten (2018) klare å sjå barna sine individuelle trekk, samtidig som dei støttar barna i utviklinga og visar barna respekt.

Eit fåtal av respondentane seier at berre det eine kjønnnet er særleg sensitivt, men det er nokre. 11% i spørjeundersøking 1 svarar at det berre er jentene som er særleg sensitive, og dette gjeld 5% av respondentane i spørjeundersøking 2. Ifølgje Zeff (2010) er det meir akseptert at jenter er særleg sensitive.

### 5.3 Høgsensitiv eller *berre* meir sensitiv enn andre?

Det er ulike meiningar kring omgrepet særleg sensitiv, og August & August (2016) skriv noko om at kunnskapsnivå, verdien og nytten omgrepet får, er avhengig av kva horisont og evne fagpersonane rundt barnet har til å forvalte omgrepet på ein konstruktiv måte. Dei tilsette i barnehagen har eit ansvar for å følgje med på forskning som skjer kring barn, slik at dei på best mogleg måte kan møte alle barn. Ifølgje kunnskapsdepartementet (2019) skal alle barnehagar gi eit tilbod til alle barn som er inkluderande og tilpassa det enkelte barnet. Det er barnehagen sitt ansvar at det enkelte barnet sitt behov og barnets utbytte av barnehageplassen blir best mogleg.

Spørsmålet om det fantes barn i barnehagen til respondentane som blei sett på som særleg sensitive var interessant. Nokre av respondentane i prosjektet svara at dei ikkje har nokre barn i barnehagen som er særleg sensitive. Det er ikkje enkelt å vite kva dei tenkjer om omgrepet. Tenkjer dei at dette er eit omgrep som ikkje finnes, og at det ikkje finnes barn som er meir sensitive enn andre? Det er ikkje eit riktig svar på dette, og det er fleire forskarar som har diskutert dette. Det er ulike meiningar, og Aron (2015) skriv at nokre forskarar tenkjer det finnes ulik skallering av høgsensitive, mens andre forskarar meiner at ein anten er høgsensitiv eller ikkje. At respondentane er usikre og stillar spørsmål er naturleg, og det er viktig at nokon tør å gjere det.

Det er ulike meiningar om omgrepet generelt i verda, og dette blei synleg då svara til respondentane blei gjennomgått. Respondent E skriv at det er fleire enn vi trur som er særleg sensitive, mens

Respondent D trur ikkje at det er nokon som er meir sensitive enn normalt. Ulikskap kan skape gode diskusjonar og refleksjonar, samtidig som det kanskje kan få ein til å opne seg opp for andre moglegheiter og andre måtar å tenkje på. Det er i alle fall mogleg å vere einige om at det finnes forskning som seier at det finnes ulike typar sensitivitet, og at det likevel kan finnes likskap mellom desse formane for sensitivitet.

Aron (2015) hevdar at om lag 15-20% av alle menneske er særleg sensitive, og at denne prosenten gjeld både gutar og jenter. Det er interessant å sjå at nokre av respondentane ikkje tenkjer at det verken er barn i deira barnehage som er særleg sensitive, men nokre meiner òg at omgrepet ikkje eksisterer. Kvifor er det så ulike meiningar, og kva er det som gjer at dei er skeptiske til omgrepet? Tidlegare forskning har identifisert at det finnes ulike grupper for følsemd, og Lionetti et al (2018) sin studie seier noko om dette. Her blir det antatt at det er tre ulike grupper for følsemd, og desse gruppene er orkidé, løvetann og tulipanar.

Orkidébarna er skjørare og kontekstsensitive, men kan vekse til ein vakker blom i det rette miljøet. Det er personane rundt barna som er avgjerande for korleis veksten blir. Det høgsensitive barnet vil vera ein orkidé, mens de mindre sensitive vil vere ein løvetann. Barna som truleg er i midten og klarar seg godt sjølv er tulipanar (Boyce & Ellis, 2005, s.284; Dobbs, 2009, s.50; Skre, 2020). Respondent A er inne på noko i denne samanhengen, og skriv at barnehagelæraren si oppgåve er å tilpasse barnehagekvardagen til det enkelte barnet, ut i frå deira føresetnadar. Drugli (2013), Flaten (2018) & Haugen (2015) skriv at måten omgjevnadane reagera på barnet, vil påverke barnet sin åtferd, og skule og barnehage er blant miljømessige faktorar som vil påverke barnet. Dette samsvarar med det Departementet (2019) skriv som handlar om at barn er avhengige av å bli møtt om omsorgsfulle vaksne og at å ha gode relasjonar til dei. Samtidig er det viktig med vaksne som kan tolke og fange opp signala barna gir og som er til støtte for barna når dei skal takle utfordringar. Dette er òg August & August (2016) einige i, og meiner at fagpersonane rundt barna må møte dei der dei er, samtidig som dei har forståing for korleis personlegdomstrekket særleg sensitiv kan utfordre.

Ifølgje kunnskapsdepartementet (2019) skal alle barnehagar gi eit tilbod til alle barn som er inkluderande og tilpassa det enkelte barnet. Det er barnehagen sitt ansvar at det enkelte barnet sitt behov og barnets utbytte av barnehageplassen blir best mogleg. Respondent B svara at ein bør sjå på og anerkjenne signala barna visar dei vaksne og at dei vaksne i barnehagen skal vera høgt sensitive når dei møter barna. Grunnlaget for å møte barna ligg uansett hjå dei vaksne, og det er dei vaksne i barnehagen som har eit ansvar for å byggje relasjonar til barna som går der. Dei første åra i livet til barna er hjernen deira på sitt mest formbare, og det kan verta avgjerande for korleis læring og



utvikling skjer vidare i livet. Omsorgspersonane er viktige i denne perioden, og kommunikasjonen, samspelet og relasjonen ein har til den eller desse personane er viktig for vidare utvikling (Departementet, 2019). Dette støttar det Haugen (2015) seier, og han trekk særleg fram at utvikling kan vere både positiv og negativ, og seier noko om at alle barn er i utvikling. Utviklinga er med på å påverke barnet sin veremåte og tenking, og dette skjer over tid. Miljøet og genetiske forhold påverka utviklinga til barnet.

Respondent A sa at omgrepet er for vidt, og dette er respondent C einig i, og skriv at det ikkje var nokon i barnehagen til respondenten som var særleg sensitiv, då alle i større eller mindre grad har trekka som kjenneteiknar det særleg sensitiv individet. Moltesen (2016) er einig i dette, og seier at dei aller fleste menneske kan svare ja på trekka som er gitt i spørjeskjemaet til barn, og at dette ikkje dekker omgrepet særleg sensitiv.

Respondent A sine tankar om å tilpasse barnehagekvardagen til det enkelte barnet får i denne forskinga mykje støtte, og for å møte barna, er det viktig at dei har vaksne som forstår dei og *kan* møte dei. Dette er ikkje alltid sjølvsgagt. Å lese teori om barn kan hjelpe dei tilsette i barnehagen til å forstå barna dei arbeidar med. Då kan ein blant anna nytte transaksjonsmodellen, og den kan ifølgje Haugen (2015) hjelpe til med å ta vare på gjensidig påverknad over tid. Dette handlar om korleis barnet og omgjevnadane påverkar kvarandre. Barnet vil påverke omgjevnadane, då barnet er eit aktivt individ, og omgjevnadane vil som ein reaksjon på barnet sin veremåte endre seg. Drugli (2013) trekk fram at transaksjonsmodellen kan hjelpe personane rundt barnet med å sjå kvar barnet er i utviklinga over tid, og på denne måten kan dei hjelpe barna når barnet treng det. Dette passar med der Respondent A seier. August & August (2016) trekk fram at ein kan hjelpe med å utvikle potensialet sitt i riktig retning om fagpersonane rundt er interesserte og ser nytten og verdien av omgrepet særleg sensitiv i møtet med barnet.

Omgjevnadane i barna sitt tilfelle er barnehagen, og dei vaksne må tilpasse seg barna. Dette støttar Drugli (2013), og skriv at ved hjelp av transaksjonsmodellen kan ein hjelpe dei særleg sensitive barna. Då kan ein støtte dei når dei treng det, og sårbarheita dei har, kan ein overkomma.

Transaksjonsmodellen kan hjelpe fagpersonane i barnehagen til å forstå dei særleg sensitive barna, då den gir eit heilskapleg bilete av barna og barna sine behov. Den tidlege intervensjonen og innsatsen til dei vaksne kan vere avgjerande.

#### 5.4 Særleg sensitive trekk

Aron (2017) har utvikla DOES, som omhandlar sterke emosjonelle reaksjonar og veldig empatiske,

subtil stimuli, djuptgåande omarbeiding av sanseintrykk og overstimulering. Dette blei brukt då spørsmål om ulike trekk blei laga i spørjeundersøkinga. Desse fire eigenskapane er til stades hjå det særleg sensitive individet, og er dei ikkje det, er barnet truleg ikkje særleg sensitiv.

Interessant i denne datainnsamlinga er at respondentane som svara at dei *ikkje* har kunnskap kring dei særleg sensitive barna, har òg svara på trekk ved barn dei har i barnehagen sin. Ifølgje respondent F er om lag halvparten av alle barn på ein avdeling sensitive. Ei magekjensle ein kan få av dette, er at mange opplev barn som sensitive, men at dei ikkje ynskjer å nytte omgrepet særleg sensitive, for dei tenkjer det blir å «diagnostisere» barna. Likevel vel fleire enn antatt å svare på desse ulike trekka ved dei særleg sensitive.

Eit av trekka det særleg sensitive individet har, er ifølgje Aron (2017) å ha sterke emosjonelle reaksjonar når det skjer uventa ting. Flaten (2018) skriv at emosjonelle reaksjonar blir skapt gjennom endringar. Dette kjem av at det særleg sensitive mennesket omarbeider i djupn, og kjenslene til personen fordel korleis han eller ho skal reagere (Aron, 2017). Dei sterke emosjonelle reaksjonane kan respondentane i spørjeundersøkingane bekrefte, og der får ein svarprosent frå spørjeundersøking 2 på 32,2% og 4,7%. Dette er om lag 2/5 av respondentane. Ein kan sjå det same igjen frå spørjeundersøking 1, kvar 26,1% av dei med kunnskap har svara, og 2,3% av resten av respondentane har svara.

Førebuing var ein gjengangar, og her var det mange av respondentane som svara at dei kjenner igjen barn. 174 respondentar svara på dette, og det var 65,9% av dei som kryssa av på at dei har kunnskap kring dei særleg sensitive barna, men òg 15,4% av dei andre. Dette var data frå spørjeundersøking 2, og data frå spørjeundersøking 1 visar at 64,8% av respondentane med kunnskap svara at dei har barn i sin barnehage som treng førebuing, og 18,2% av dei utan kunnskap har svara at dei kjenner dette igjen. Dette gir ein samla svarprosent i spørjeundersøking 1 på 83 og 81,3 i spørjeundersøking 2. Det er i alle fall stor einigheit i at det finnes barn som treng førebuing når det skjer nye ting. Brandtsæg et al (2013), Flaten (2018) og Haugen (2015) skriv at det særleg sensitive individet kan bruke lang tid på å varme opp i nye situasjonar, og er at nye situasjonar og overgangar kan gjere at dei er ekstra forsiktige.

Ifølgje Aron (2017) et særleg sensitive barnet har ei innlevingsevne som gjer at dei føler det andre føler og forstår kva andre gjer. Empati gjer at dei har sterke kjensler som medkjensle og forståing for andre, og dette seier Aron & Kraft (2013) seg einig i, og skriv at det særleg sensitive mennesket blant anna får ein høgare aktivitet i hjernen om dei ser triste ansikt. Flaten (2018) seier at empati omhandlar

det å ta andre sine kjensler og synspunkt. Å vere spesielt empatisk er noko ein kan sjå igjen i respondentane sine svar. I spørjeundersøking 2 svara 26,1% av respondentane med kunnskapsnivå har svara at dei kan kjenne igjen barn i sin barnehage som er spesielt empatiske, mens 2,3% av dei som ikkje har kunnskap har òg svara dette.

Gråten sitt lett, ifølgje Aron (2017), og hjå fleire av respondentane i spørjeundersøkingane finn ein dette trekket igjen. I spørjeundersøking 2 har 47,7 av respondentane med kunnskap har svara at dette er barn dei har i barnehagen, og 13,6% av dei som ikkje har kunnskap har òg svara det. Då kan ein sjå at over halvparten av respondentane opplev dette i barnehagen dei arbeidar i, og måtar slike barn.

Det særleg sensitive barnet kan ifølgje Aron (2017) lese tankane dine. Eit fåtal av respondentane opplev dette i barnehagen, og dette er interessant at dei kan finne. Dette tydar på at dei kjenner barna dei arbeidar med, og dette er eit godt teikn. Då har ein fagpersonar som tar barna på alvor. 5,7% svara at dei opplev at nokre barn les tankane deira i spørjeundersøking 1 og i spørjeundersøking 2 ser vi at 7,5% og 0,5% opplev det same i deira barnehage. Dette kan stemme med det Aron & Kraft (2013) skriv, som handlar om at dei særleg sensitive menneska er meir intuitive, som handlar om at dei tar med seg informasjon og omarbeider denne informasjonen, både bevisst og ubevisst.

## 5.5 Kritikk av omgrepet

Tidlegare forskarar og andre fagpersonar har stilt spørsmål til det å vere særleg sensitiv, og grunnlaget for å kalle nokon særleg sensitiv. Grunnen til at det er skepsis kring omgrepet går tilbake til skjemaet som er med på å avgjere om ein er særleg sensitiv eller ikkje. Skepsisen kunne ein sjå igjen hjå respondent A, som undrar seg kvifor det heile tida var den same psykologen ein kom tilbake til, og at alt hen hadde lese om omgrepet berre gjekk tilbake til Elaine Aron.

For å kunne seie at nokon har personlegdomstrekket, må ein fylle ut eit skjema med 23 påstandar. Svatun et al (2017) skriv at om ein scorar riktig på 13 eller fleire påstandar, meiner Aron at ein truleg kan vere særleg sensitiv. Bjørkeng (2014) og August & August (2016) skriv at spørjeskjemaet for barn ikkje er vitenskapleg validert, slik spørjeskjemaet for vaksne er, og at vurderinga av barnet vil skape usikkerheit på grunn av at det ikkje er utvikla normer for korleis spørjeskjemaet skal tolkast. Aron (2017) skriv at kritikken byggjer òg på at spørjeskjemaet for barn byggjer på korleis foreldra tolkar og meiner at barnet deira er. I denne kan dette bli feil, då dei opplev barnet på ein måte, noko som òg kan vere dagsavhengig. Tolkar foreldra barnet ein dag der barnet har reagert på ein situasjon likt som

ein særleg sensitiv person vil gjere, kan dette påverke utfallet av spørjeskjemaet.

Tolking av skjemaet må skje på bakgrunn av korleis barnet er generelt i kvardagen, og ved å nytte særleg sensitiv som omgrep for å forstå barnet deira (August & August, 2016)

Moltsen (2016) er skeptisk til spørjeskjemaet som er utarbeida, og skriv at dette ikkje blir nytta på Gitte Moos Knudsens forskingssenter på grunn av at trekka som er oppgitt, kan svarast ja på av dei fleste menneske. Skal ein ha eit spørjeskjema som seier noko om eit barn er særleg sensitivt eller ikkje, må ein ha eit anna spørjeskjema.

Spørjeundersøkinga i denne forskinga var delvis strukturert, og her var det nokre opne spørsmål, kvar respondentane sjølv fekk formulere svara sine. Denne fridommen kan føre til at ein ikkje får svar på det ein lurar på (Dalland, 2017). Nokre av respondentane til spørjeundersøkinga valde å svare på noko anna enn det eg spurte om, men det betyr ikkje at ein ikkje kan bruke svara som kom. Under datainnsamlinga kom det inn ulike synspunkt på omgrepet særleg sensitiv, og det handla òg om det er truverdig at nokon er særleg sensitiv eller ikkje.

Kanskje skal ein ikkje kalle barna særleg sensitive, men heller prate om at alle barn har ulik personlegdom. Ifølgje Haugen (2015) handlar dette om måtane barna reagerer på, og den typiske veremåten til barna. Dette involverer òg reaksjonsmåtar barna har. Litteraturen seier at dette er eit personlegdomstrekk, men mange menneske tolkar dette som ein slags diagnose, og det er nettopp dette vi må endre på (Aron, 2015). Det kan vere både fordelar og ulemper med å diagnostisere nokon, men truleg blir det sett på som ei forenkling for menneska rundt personen om vi kan setje han eller ho innanfor ein kategori.

(Flaten, 2018; NAKU, 2021; Svatun et al, 2017,). Skarpenes & Nilsen (2014) skriv at det å setje ein person innanfor ein kategori er med på å skape nye veremåtar, og kategorien vedkommande er plassert innanfor er med på å skildre personen som menneske. Hacking (2004) er einig i dette, og skriv at å dele menneske inn i undergrupper, påverka dei som blir inndeling, og undrar seg over korleis inndelinga og forandringa av mennesket påverkar sjølve systema for klassifisering?

Respondent B skriv om diagnostisering. August & August (2016) trekk fram at diagnostisering ikkje er noko som skjer av dei høgssensitive individa, då dette ikkje er ein diagnose, men eit personlegdomstrekk. Konsekvensen av at ein ser på personlegdomstrekket som ein diagnose eller light-diagnose, kan vere at dei sensitive barna ikkje klarar seg, då styrkane til barna ikkje vil kome

fram på riktig måte. Det vil vere stigmatiserande å kalle det ein diagnose.

## 6.0 Avslutning

### 6.1 Studiens utgangspunkt

Studien var ei vidareføring av bacheloroppgåva mi, kvar eg var interessert i å finne ut korleis dei tilsette i ein barnehage legg til rette for dei særleg sensitive barna i den travle barnehagekvardagen. Eg såg meg ikkje heilt ferdig med temaet, og hadde lyst til å sjå enda nærare på dette i denne masteroppgåva. Dei tilsette eg valde å intervju i bacheloroppgåva gav meg ein peikepinne på at det gjerne ikkje var nok kunnskap om dei særleg sensitive barna rundt om i norske barnehagar, og eg fann ut at dette var interessant å ta med seg vidare (Vihovde, 2018, s.14).

### 6.2 Studiens viktigaste funn

Etter gjennomgang av teori og data saman, finn ein at 81,4% i spørjeundersøking 2 meiner at dei har kunnskap kring dei særleg sensitive individa, og at 76% av alle i spørjeundersøking 1 meiner at dei har kunnskap kring dei særleg sensitive individa. Svarprosenten er uavhengig av kjønn. På rangering slo dei gjennomsnittleg ut på 5 på skalaen, som er midt på tre. Dette ser eg på som positivt, då det finnes mange tilsette i barnehagar i Noreg som har noko kunnskap om dei særleg sensitive individa. Dette gjer at dei på ein betre måte kan møte dei når det oppstår ting i barnehagen, og barna kan bli forstått ut ifrå den måten dei bør bli forstått.

Vidare kan det sjå ut til at det er flest kvinner som har kunnskap kring dei særleg sensitive barna, og at desse kvinnene representerer 57,7% i spørjeundersøking 2 og 55,7% i spørjeundersøking 1. Fellestrekk for desse kvinnene er òg at alle er utdanna førskulelærarar eller barnehagelærarar. Vidare kan vi sjå at det er ulike synspunkt på omgrepet særleg sensitiv og at kunnskapsnivået kring omgrepet er av varierende grad. Dette prosjektet kan ikkje generaliserast, og difor kan eg ikkje kome med ein konklusjon som vil gjelde for alle tilsette som arbeidar i norske barnehagar. Eg tenkjer likevel at dette har gitt ein peikepinne på korleis det *kan* vere, og eg vel å ta utgangspunkt i dette for vegen vidare.

Fleire av respondentane klarar å kjenne igjen mange trekk ved dei særleg sensitive i barnehagen deira, og ein kunne sjå at å førebu eit barn i overgangssituasjonar var ein gjengangar, og det var over 80% i begge undersøkingane som svara at dette finn dei igjen i sin barnehage.

Eg har fått sett at ved ein anna gong, må spørsmåla i spørjeundersøkinga gjennom fleire ledd for å finne ut om spørsmåla er gode nok til å *faktisk* finne ut av det eg ynskjer. Det kom fleire tilbakemeldingar etter at eg hadde sendt ut den offisielle spørjeundersøkinga, og desse tilbakemeldingane hadde gode poeng. Det handla blant anna om at eg ikkje ville få gode nok svar i forhold til kvar mange barn det var i barnehagane til respondentane, for eg spurte ikkje om kvar mange barn dei hadde i sin barnehage, berre kvar mange barn som var særleg sensitive i deira barnehage. Då vil ein sjølv sagt ikkje finne prosent eller noko, for ein veit ikkje kva det vetle talet kjem frå. Er det 5 av 100 eller 5 av 20, får ein to vesentleg forskjellige svar å forhalda seg til.

Studien har gitt meg forskjellige syn på omgrepet særleg sensitiv. Eg personleg trur på at dette er eit reelt omgrep, samtidig som svara i undersøkinga har gitt meg nye måtar å sjå det på. Eg er open for nye vinklingar og synspunkt, som kanskje får meg til å endre tankegang. Kanskje skal vi ikkje nytte omgrepet særleg sensitiv eller høgsensitiv om desse individa, og heller prate om grad av sensitivitet? Dette skal eg ikkje konkludere med, men det er interessant å sjå at respondentane i studien var ueinige, og at det var fleire som turte å stille spørsmål til omgrepet og seie noko om at det er tynt å seie at nokon er særleg sensitiv med utgangspunkt i *ein* psykolog.

For at andre menneske skal tru på det ein sjølv trur på, må ein leggje fram gode vinklingar og synspunkt, samtidig trur eg at det er sunt at folk stillar spørsmål, slik at ein sjølv kan reflektere kring det ein trur på eller det ein ikkje trur på.

### 6.3 Veggen vidare

Dette har vore spennande å forske på, og eg har møtt mange menneske på veggen med mange ulike meiningar. Eg har sett poenget i at ein ikkje er naud til å setje alle menneske i bås, og at ein *kan* heller tenkje at det finnes ulik grad av sensitivitet. For meg er høgsensitiv eit omgrep som eg kan finne nyttig når eg arbeidar i barnehagen, samtidig er eg inneforstått med at ikkje alle har det same biletet på omgrepet som meg, og at det alltid vil vere nokon som meiner at det ikkje finnes. Det er òg viktig at folk er kritiske og stillar spørsmål til det, slik at ein vidare kan forske på ulike omgrep og tema, for å avkrefte eller bekrefte om det er ein reell ting eller ikkje.

For meg blir det likevel viktig å poengtere at det ikkje naudsynt for *meg* å «diagnostisere» nokon, men eg har sett at det kan hjelpe personane som til dømes er høgsensitive med å forstå seg sjølv på ein betre måte ved at ein kan ta ein test og få svaret på om ein er høgsensitiv eller ikkje. Det er ikkje berre dei som forstår seg sjølv betre, men tilsette i barnehage og skule, familie og vener kan og få ei betre forståing av korleis vedkommande opplev ein situasjon eller kvifor han eller ho handlar på ein

bestemt måte i ein situasjon.

Det hadde vore gøy å fått til ein kunnskapsdeling om høgsensitive barn, og eg har veldig lyst til å lage barnebøker om høgsensitive barn. Barnebøkene treng ikkje vere *direkte* om høgsensitive barn, men det kan gjerne handle om situasjonar i barnehagekvardagen som *kan* vere vanskeleg for eit høgsensitivt barn. Dette kan til dømes vere overgangssituasjonar, bruk av vikarar, mykje inntrykk, klede som klør eller nye situasjonar som kan oppstå i barnehagen som blant anna karneval, nissefest og liknande.

## Litteraturliste

Acevedo, B. P., Aron, E. N., Aron, A., Sangster, M. D., Collins, N., & Brown, L. L. (2014). *The highly sensitive brain: An fMRI study of sensory processing sensitivity and response to others' emotions*. *Brain and Behavior*, 4(4), 580–594. <https://doi.org/10.1002/brb3.242>

Aubert, V., & Alstad, B. (1985). *Det skjulte samfunn* (Ny utg. ed.). Oslo: Universitetsforlaget.

August, L., Faye-Schøll, B., & August, Martin. (2016). *Sensitive barn i pedagogisk arbeid: Fra sårbarhet til styrke*. Oslo: Kommuneforl.

Aron, E., & Kraft, N. (2013). *Særlig sensitiv : La sårbarheten bli din styrke*. Oslo: Cappelen Damm.

Aron, N., E. (2015). *The Highly sensitive Child: Helping our children thrive when the world overwhelms them*. London: Thorsons

Aron, N., E. (2017). *Særlig sensitive barn*. Oslo: Cappelen Damm

Aron, E. N., Aron, A., & Jagiellowicz, J. (2012). Sensory Processing Sensitivity: A Review in the Light of the Evolution of Biological Responsivity. *Personality and Social Psychology Review*, 16(3), 262–282. <https://doi.org/10.1177/1088868311434213>

Befring, E. (2002). *Forskingsmetode, etikk og statistikk* (Samlagetets bøker for høgare utdanning). Oslo: Samlaget.

Befring, E. (2007). *Forskningsmetode med etikk og statistikk*. Oslo: Samlaget.

Befring, E. (2014). *Forskningsmetode med etikk og statistikk*. Det Norske Samlaget

Bjørkeng, P. K. (2014, 29. juni). *Barna som ikke bare kan ta seg sammen*. Aftenposten.

Hentet frå <http://www.aftenposten.no/fakta/innsikt/Barna-som-ikke-bare-kan-ta-seg-sammen7618464.html>

Boyce, W., & Ellis, B. (2005). *Biological sensitivity to context: I. An evolutionary-developmental theory of the origins and functions of stress reactivity*. *Development and Psychopathology*, 17(2), 271-301.

doi:10.1017/S0954579405050145

Boyce, T. W (2019). *The Orchid and the Dandelion: why sensitive people struggle and how all can thrive*. London: Bluebird.

Brandtzæg, I., Torsteinson, S., & Øiestad, G. (2013). *Se barnet innenfra : Hvordan jobbe med tilknytning i barnehagen*. Oslo: Kommuneforl.

Bukve, O. (2021). *Forstå, forklare, forandre : Om design av samfunnsvitenskaplege forskingsprosjekt* (2. utgåve. ed.). Oslo: Universitetsforlaget.

Corr, P. (2020) *Transmarginal Inhibition* (TMI). In: Zeigler-Hill V., Shackelford T.K. (eds)

Encyclopedia of Personality and Individual Differences. Springer, Cham. Henta frå:

[https://doi-org.galanga.hvl.no/10.1007/978-3-319-24612-3\\_876](https://doi-org.galanga.hvl.no/10.1007/978-3-319-24612-3_876)

Corr, P. J. (2008). *Reinforcement Sensitivity Theory* (RST): introduction. I P. J. Corr (Ed.), *The*

*Reinforcement Sensitivity Theory of Personality* (s. 1–43) Cambridge: Cambridge University

Press. Henta frå: <http://doi.org.galanga.hvl.no/10.1017/CBO9780511819384.002>

Dalland, O. (2017). *Metode og oppgaveskriving* (6. utg. ed.). Oslo: Gyldendal akademisk.

Departement. (2019). *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*

(Meld. St. 6 (2019-2020)). Henta frå:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/3dacd48f7c94401ebefc91549a5d08cd/no/pdfs/stm201920200006000dddpdfs.pdf>



Dobbs, D. (2009). *Orchid children*. *The Atlantic Monthly* (1993), 304(5), 50-60. Henta frå: <https://web-s-ebsohost-com.galanga.hvl.no/ehost/pdfviewer/pdfviewer?vid=1&sid=ff96d5a1-2273-4463-b732-39437e0c03bd%40redis>

Drugli, M. (2013). *Atferdsvansker hos barn : Evidensbasert kunnskap og praksis* (Rev. utg.]. ed.). Oslo: Cappelen Damm akademisk.

Edenroth-Cato, F. (2020). *Motherhood and highly sensitive children in an online discussion forum*. *Health* (London, England : 1997), 24(4), 442-458.

Flaten, K. (2018). *Et helt vanlig barn*. Oslo: Cappelen Damm akademisk.

Friborg, O. (2010). *Klassisk testteori og utvikling av spørreinstrumenter*. I Martinussen, M. (Red.), *Kvantitativ forskningsmetodologi i samfunns- og helsefag* (s. 15-56). Bergen. Fagbokforlaget

Friis, P. (2006). *Temahefte om menn i barnehagen, om å rekruttere og beholde menn barnehagen*. Oslo: Kunnskapsdepartementet.

Gray, A., J. & Eysenck, J., H. (2017). *Pavlov's Typology; Recent Theoretical and Experimental Developements from the Laboratory of B.M.* United Kingdom: Pergamon.

Grønmo, S. (2016). *Samfunnsvitenskapelige metoder* (2. utg. ed.). Bergen: Fagbokforl.

Gundersen, D. (2020, 16. juli). *Subtil* I *Store norske leksikon*. Henta 08. august 2021 frå: <https://snl.no/subtil>

Skre, Ingunn B.(2020, 27. januar). *Resiliens* i *Store norske leksikon* på snl.no. Hentet 4. november 2021 frå <https://snl.no/resiliens>

Hacking, Ian (2004). *Making up people*. I Ian Hacking, *Historical Ontology*, s. 99–114. Cambridge & London: Harvard University Press. Haugen, R. (2015). *Barns utvikling i barnehagealder : En utviklingspsykologisk innføring*. Oslo: Cappelen Damm akademisk.

- Haraldsen, G. (1999). *Spørreskjemametodikk etter kokebokmetoden*. Oslo: Ad Notam
- Haukedal, T. (2014). *Boken om høysensitivitet : Veien fra sårbarhet til ressurs*. Hordvik: Trond Haukedal forl.
- Holck, P. (2020, 2. mars). I *Store norske leksikon*. Henta 20. januar 2021 frå: [https://sml.snl.no/insula\\_-\\_hjernen](https://sml.snl.no/insula_-_hjernen)
- Jagiellowicz, J., Xu, X., Aron, A., Aron, E., Cao, G., Feng, T., & Weng, X. (2011). *Egenskapen til sensorisk behandlingsfølsomhet og nevrale responser på endringer i visuelle scener*. *Sosial kognitiv og affektiv nevrotenskap*, 6 (1), 38–47. <https://doi.org/10.1093/scan/nsq001>
- Jonsson, K., Grim, K., & Kjellgren, A. (2014). *Do highly sensitive persons experience more nonordinary states of consciousness during sensory isolation? I Social Behavior and Personality*, 42(9), 1495-1506. Henta frå: <http://dx.doi.org.galanga.hvl.no/10.2224/sbp.2014.42.9.1495>
- Järvinen, M., & Mik-Meyer, N. (2017). *Kvalitativ analyse : Syv traditioner*. København: Hans Reitzel.
- Lionetti, F., Aron, A., Aron, E. N., Burns, G. L., Jagiellowicz, J., & Pluess, M. (2018). *Dandelions, tulips and orchids: evidence for the existence of low-sensitive, medium-sensitive and high-sensitive individuals*. *Translational psychiatry*, 8(1), 24. <https://doi.org/10.1038/s41398-017-0090-6>
- Kunnskapsdepartementet. (2019). *Tett på: tidlig innsats og inkluderende felleskap i barnehage, skole og SFO*. (Meld. St. 6 (2019-2020)). Henta frå: [Meld. St. 6 \(2019–2020\) \(regjeringen.no\)](https://www.regjeringen.no/meldst6)
- Larsen, A. (2007). *En enklere metode : Veiledning i samfunnsvitenskapelig forskningsmetode*. Bergen: Fagbokforl.
- Lionetti, F., Pastore, M., Moscardino, U., Nocentini, A., Pluess, K., Pluess, M., (2019). *Sensory Processing Sensitivity and its association with personality traits and affect: A meta analysis*, *Journal of Research in Personality*, Volume 81, 138-152. <https://doi.org/10.1016/j.jrp.2019.05.013>
- Medbø, J., & Søbstad, R. (2018). *Innføring i statistikk og dataanalyse for studenter i idretts-*

og helsefag. Oslo: Cappelen Damm akademisk.

Moltsen, M. (2016, 29. august). *Spør en forsker: Forskere kritiske til teori om de spesielt sensitive*.

Henta 09.09.21 frå: <https://forskning.no/stress-depresjon-menneskekroppen/spor-en-forsker-forskere-kritiske-til-teori-om-de-spesielt-sensitive/400663>

NAKU (2021, 10. august). Diagnose: Hvorfor kategorisere?. Henta 11.04.22 frå:

<https://naku.no/kunnskapsbanken/diagnose-hvorfor-kategorisere>

Nordahl, T. (2018). *Inkluderende fellesskap for barn og unge*. Bergen: Fagbokforl.

Pavlov, I. P. (1941). *Lectures on conditioned reflexes*. Vol. 2. Conditioned reflexes and psychiatry. International Publishers.

Ringdal, K. (2018). *Enhet og mangfold : Samfunnsvitenskapelig forskning og kvantitativ metode* (4. utg. ed.). Bergen: Fagbokforl.

Scarr, S. (1992). *Developmental Theories for the 1990s: Development and Individual Differences*. Child Development, 63(1), 1-19.

Scott, J. (1990). *A matter of record : Documentary sources in social research*. Cambridge: Press.

Skarpenes, O., & Nilsen, A. C. E. (2014). "Making up pupils". Norsk pedagogisk tidsskrift, 98(6), 424-439.

Svatun, B., & Pacheco, M. (2017). *Høysensitive barn : I barnehagen og hjemme*. Oslo: Kommuneforl.

Thagaard, T. (2018). *Systematikk og innlevelse : En innføring i kvalitative metoder* (5. utg. ed.). Bergen: Fagbokforl.

Thrane, C. (2018). *Kvantitativ metode : En praktisk tilnærming*. Oslo: Cappelen Damm akademisk.

Thurén, T. (2021). *Vitenskapsteori for nybegynnere* (2. utg. ed). Oslo: Gyldendal akademiske

Utdanningsdirektoratet. (2017) *Rammeplanen for barnehagens innhold og oppgaver*. Oslo:  
Utdanningsdirektoratet.

Utdanningsdirektoratet. (2020, 04. november). *Andel menn i barnehager*. Henta frå:  
<https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-barnehage/andel-menn-i-barnehager/>

Vihovde (2018). Bacheloroppgåve: La orkidébarna vekse. Henta 11.04.22 frå:  
[https://hvlopen.brage.unit.no/hvlopen-xmlui/bitstream/handle/11250/2485799/Vihovde\\_Rebecca.pdf?sequence=1&isAllowed=y](https://hvlopen.brage.unit.no/hvlopen-xmlui/bitstream/handle/11250/2485799/Vihovde_Rebecca.pdf?sequence=1&isAllowed=y)

Zeff, T. (2010). *The Strong sensitive boy: help your son become a happy, confident man*.  
USA: Prana Publish

# Vedlegg

## Vedlegg 1

Re: Master theses



HSPerson Support <support@hsperson.com>

08.09.2020 18:19



Til: Rebecca Vihovde

Dear Rebecca,

Dr. **Elaine Aron** is bound by strict copyright contracts with her publisher. However, you're welcome to discuss and refer to Dr. **Aron's** research and link to any of her articles, books or info on the HSPerson website as long as you credit her. You may use quotes directly from books that are no more than 40 words in length. Also the test/scale can be used in workshops and client use under the "Self-Tests" tab on her website at: <http://hsperson.com/test/highly-sensitive-test/>.

Please do not use the test verbatim or quotes over 40 words in length in personal blogs, publications or websites. Note, you are not allowed to reproduce the test or even use parts. You could use up to 6 of the questions. However, you might consider using **DOES**, as an even better way to determine if a person is indeed highly sensitive. DOES is an acronym for: Depth of processing, easily overstimulated, Emotional responsiveness or Empathy, and Sensitive to subtle stimuli. The self-test actually misses some of these important traits. Learn more about DOES [here](#).

Thank you for the good work you are doing in empowering HSPs!


Best,

Alie Rich


Assistant to Dr. **Elaine N. Aron**

## Vedlegg 2: Bakgrunnsvariabler

Figur 4.2.1. Kjønn



Figur 4.2.2. Kjønn




Figur 4.2.3 Rangering av kunnskapsnivå 1

Hvis ja på forrige spørsmål, hvor vil du plassere kunnskapen din på en skala?



Figur 4.2.4 Rangering av kunnskapsnivå 2

Hvis ja på forrige spørsmål, hvor vil du plassere kunnskapen din på en skala?



Tabell 4.2.5 Kunnskapsnivå kring dei særleg sensitive JA 1

| JA     | Kolonne1      | Kolonne2    | Kolonne3  | Kolonne4     | Kolonne5 | Kolonne6 |
|--------|---------------|-------------|-----------|--------------|----------|----------|
|        | Barnehagelære | Fagarbeidar | Assistent | Spesialpedag | Anna     | Totalt   |
| Mann   | 2,4 %         | 0 %         | 0 %       | 0 %          | 0 %      | 1,7 %    |
| Kvinne | 97,6 %        | 100 %       | 100 %     | 100 %        | 100 %    | 98,3 %   |
| Anna   | 0 %           | 0 %         | 0 %       | 0 %          | 0 %      | 0 %      |
| Sum    | 100           | 100         | 100       | 100          | 100      | 100      |
| (n)    | 127           | 18          | 7         | 9            | 14       | 175      |

Tabell 4.2.6 Kunnskapsnivå kring dei særleg sensitive NEI 1

| NEI    | Kolonne1      | Kolonne2    | Kolonne3  | Kolonne4     | Kolonne5 | Kolonne6 |
|--------|---------------|-------------|-----------|--------------|----------|----------|
|        | Barnehagelære | Fagarbeidar | Assistent | Spesialpedag | Anna     | Totalt   |
| Mann   | 0,0 %         | 0 %         | 0 %       | 0 %          | 0 %      | 0,0 %    |
| Kvinne | 96,2 %        | 100 %       | 100 %     | 0 %          | 100 %    | 97,5 %   |
| Anna   | 4 %           | 0 %         | 0 %       | 0 %          | 0 %      | 2,5 %    |
| Sum    | 100           | 100         | 100       | 100          | 100      | 100      |
| (n)    | 26            | 5           | 3         | 0            | 6        | 40       |

Tabell 4.2.7 Kunnskapsnivå kring dei særleg sensitive JA 2

| JA     | Kolonne1      | Kolonne2    | Kolonne3  | Kolonne4     | Kolonne5 | Kolonne6 |
|--------|---------------|-------------|-----------|--------------|----------|----------|
|        | Barnehagelære | Fagarbeidar | Assistent | Spesialpedag | Anna     | Totalt   |
| Mann   | 7,5 %         | 20 %        |           | 0 %          | 40 %     | 10,4 %   |
| Kvinne | 92,5 %        | 80 %        | 100 %     | 100 %        | 60 %     | 89,6 %   |
| Anna   | 0 %           | 0 %         | 0 %       | 0 %          | 0 %      | 0 %      |
| Sum    | 100           | 100         | 100       | 100          | 100      | 100      |
| (n)    | 53            | 5           | 2         | 2            | 5        | 67       |

Tabell 4.2.8 Kunnskapsnivå kring dei særleg sensitive NEI 2

| NEI    | Kolonne1      | Kolonne2    | Kolonne3  | Kolonne4     | Kolonne5 | Kolonne6 |
|--------|---------------|-------------|-----------|--------------|----------|----------|
|        | Barnehagelære | Fagarbeidar | Assistent | Spesialpedag | Anna     | Totalt   |
| Mann   | 7,1 %         | 0 %         | 0 %       | 0 %          | 0 %      | 4,8 %    |
| Kvinne | 92,9 %        | 100 %       | 100 %     | 0 %          | 100 %    | 95,2 %   |
| Anna   | 0 %           | 0 %         | 0 %       | 0 %          | 0 %      | 0,0 %    |
| Sum    | 100           | 100         | 100       | 100          | 100      | 100      |
| (n)    | 14            | 1           | 4         | 0            | 2        | 21       |



### Vedlegg 3: Kjønnskilnadar

Tabell 4.2.1.1 Bivariat samanheng mellom kjønn og kunnskapsnivå

| Kunnskap | Mann | Kvinne | Annet | Totalt |
|----------|------|--------|-------|--------|
| Ja       | 7    | 60     | 0     | 67     |
| Nei      | 1    | 20     | 0     | 21     |
| Sum      | 8    | 80     | 0     | 88     |

Tabell 4.2.1.2 Bivariat samanheng mellom kjønn og kunnskapsnivå

| Kunnskap | Mann | Kvinne | Annet | Totalt |
|----------|------|--------|-------|--------|
| Ja       | 3    | 172    | 0     | 175    |
| Nei      | 0    | 39     | 1     | 40     |
| Sum      | 3    | 211    | 0     | 215    |

Tabell 4.2.1.3 Vertikal prosentuering

| Kunnskap | Mann   | Kvinne | Annet | Totalt |
|----------|--------|--------|-------|--------|
| Ja       | 87,5 % | 75 %   | 0     | 76 %   |
| Nei      | 12,5 % | 25 %   | 0     | 24 %   |
| Sum      | 100    | 100    | 100   | 100    |
| (n)      | 8      | 80     | 0     | 88     |

Tabell 4.2.1.4 Vertikal prosentuering

| Kunnskap | Mann    | Kvinne | Annet   | Totalt |
|----------|---------|--------|---------|--------|
| Ja       | 100,0 % | 81,5 % | 0 %     | 81,4 % |
| Nei      | 0 %     | 18,5 % | 100,0 % | 18,6 % |
| Sum      | 100     | 100    | 100     | 100    |
| (n)      | 3       | 211    | 1       | 215    |

4.2.1.5 Horizontal prosentuering

| Kunnskap | Mann | Kvinne | Annet | Sum   | Totalt |
|----------|------|--------|-------|-------|--------|
| Ja       | 10 % | 90 %   | 0 %   | 100 % | 67     |
| Nei      | 5 %  | 95 %   | 0 %   | 100 % | 21     |
| Totalt   | 9 %  | 91 %   | 0 %   | 100 % | 88     |

4.2.1.6 Horizontal prosentuering

| Kunnskap | Mann  | Kvinne | Annet | Sum   | Totalt |
|----------|-------|--------|-------|-------|--------|
| Ja       | 2 %   | 98 %   | 0 %   | 100 % | 175    |
| Nei      | 0 %   | 98 %   | 3 %   | 100 % | 40     |
| Totalt   | 1,4 % | 98,1 % | 0,5 % | 100 % | 215    |

4.2.1.7 Prosentuering med basis i totalsummen

| Kunnskap | Mann | Kvinne | Annet | Sum         |
|----------|------|--------|-------|-------------|
| Ja       | 8 %  | 68 %   | 0 %   | 76 %        |
| Nei      | 1 %  | 23 %   | 0 %   | 24 %        |
| Totalt   | 9 %  | 91 %   | 0 %   | 100% (N=88) |


4.2.1.8 Prosentuering med basis i totalsummen

| Kunnskap | Mann  | Kvinne | Annet | Sum          |
|----------|-------|--------|-------|--------------|
| Ja       | 1,4 % | 80,0 % | 0 %   | 81,4 %       |
| Nei      | 0 %   | 18,1 % | 0,5 % | 18,6 %       |
| Totalt   | 9 %   | 91 %   | 0 %   | 100% (N=215) |

## Vedlegg 4: Sensitive guttar og jenter


Figur 4.3.1 Sensitive guttar og jenter i barnehagen 1

Er disse barna:



Figur 4.3.2 Sensitive guttar og jenter i barnehagen 2

Er disse barna:



## Vedlegg 5: Høgsensitiv eller berre meir sensitiv enn andre?

Figur 4.4.1 Sensitive barn i barnehagen 1

Har du barn i barnehagen som du tenker er høysensitive? (barnehagen som helhet)


|     | Prosent | Antall svar |
|-----|---------|-------------|
| Ja  | 86,2%   | 75          |
| Nei | 13,8%   | 12          |

Figur 4.4.2 Sensitive barn i barnehagen 2

Har du barn i barnehagen som du tenker er høysensitive? (barnehagen som helhet)


|     | Prosent | Antall svar |
|-----|---------|-------------|
| Ja  | 87,9%   | 188         |
| Nei | 12,1%   | 26          |

Figur 4.4.3 Tal på sensitive barn i barnehagen 1




Figur 4.4.4 Tal på sensitive barn i barnehagen 2

## Tal på særleg sensitive barn 2



## Vedlegg 6: Sensitive trekk

Figur 4.5.1 Trekk ved det særleg sensitive barnet 1



Figur 4.5.2 Trekk ved det særleg sensitive barnet 2

